S	<i>Hygrocybe canescens</i>	tinnvokssopp	EN	EN	035	Norrdal	Valldal: Heimsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414441	6914180	291		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT	037	Norrdal	Valldal: Myklebustsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414719	6915601		2	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT	037	Norrdal	Valldal: Myklebustsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414720	6915576	455	10	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT	037	Norrdal	Valldal: Myklebustsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414729	6915628	466	19, 0,6 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT	037	Norrdal	Valldal: Myklebustsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414742	6915421	424	8	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397407	6910584	284	4	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397411	6910655	312	2	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397415	6910577	281	ca. 40, 3 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397416	6910625	299		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397555	6910691			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397561	6910690	310		JBJ	JBJ

Gr	Latin	Norsk	Kat 06	Kat 10	Loknr.	Kommune	Lok	Habitat	Dato	UTM Ø	UTM N	Hoh	Pop	Leg	Det
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Klevberg	slåttemark	02.09.2009	0396774	6910704			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Klevberg	slåttemark	02.09.2009	0396780	6910688			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Klevberg	slåttemark	02.09.2009	0396822	6910672		10, 1 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe flavipes</i>	gulfovokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Klevberg	slåttemark	02.09.2009	0396848	6910671		9, 0,6 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	NT	VU	036	Norrdal	Valldal: Valldalssetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414498	6915217	418	6	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	NT	VU		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397271	6910646		20, 1,2 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	NT	VU		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397278	6910653		4, 0,3 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	NT	VU		Stranda	Liabygda: Klevberg	slåttemark	02.09.2009	0396896	6910654			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe ingrata</i>	raudnande lutvokssopp	NT	VU		Stranda	Liabygda: Klevberg	slåttemark	02.09.2009	0396909	6910673		22, 1,5 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp		NT	040	Norrdal	Valldal: Bøplassen nord	naturbeitemark	04.09.2009	0421353	6912174	318		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp		NT	037	Norrdal	Valldal: Myklebustsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414719	6915601			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp		NT	044	Norrdal	Valldal: Øvstestølen	naturbeitemark	04.09.2009	0426508	6917841	540		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp		NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397559	6910686	310		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe nitrata</i>	lutvokssopp		NT	066	Stranda	Liabygda: Klevbergsetra	naturbeitemark	02.09.2009	0395791	6911713	590		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe phaecoccinea</i>	svartdogga vokssopp	NT	NT		Stranda	Liabygda: Ansok	slåttemark	02.09.2009	0397349	6910600			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	042	Norrdal	Valldal: Alstadsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0421311	6910927	387	12, 3,5 m	JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	040	Norrdal	Valldal: Bøplassen nord	naturbeitemark	04.09.2009	0421326	6912142	312		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	040	Norrdal	Valldal: Bøplassen nord	naturbeitemark	04.09.2009	0421339	6912157	310		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	040	Norrdal	Valldal: Bøplassen nord	naturbeitemark	04.09.2009	0421353	6912174	318		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	035	Norrdal	Valldal: Heimsetra	naturbeitemark	03.09.2009	0414459	6914263	290		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	034	Norrdal	Valldal: Myklebust	naturbeitemark	04.09.2009	0413061	6911618			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	044	Norrdal	Valldal: Øvstestølen	naturbeitemark	04.09.2009	0426508	6917843	540		JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	115	Stranda	Geiranger: Gjørva: Hjellhola	naturbeitemark	08.09.2010	0405702	6886639			JBJ	JBJ
S	<i>Hygrocybe turunda</i>	mørkskjela vokssopp	NT	VU	066	Stranda	Liabygda: Klevbergsetra	naturbeitemark	02.09.2009	0395791	6911713	590		JBJ	JBJ

# LOKALITETS-SKILDRINGAR

Lokalitetane er ordna alfabetisk først etter kommune, deretter lokalitetsnamn. Skildringa av kvar lokalitet er standardisert etter ein fast mal.

Følgjande forkortingar for raudlistekategoriar er nytta:

RE	regionalt utdøydd	VU	sårbar
CR	kritisk truga	NT	nær truga
EN	sterkt truga	DD	kunnskapsmangel

Elles er forkortingar for t.d. vegetasjonstypar i Fremstad (1997) forklart i teksten.

For lokalitetar som er registrerte frå før, er det vist til tidlegare lokalitetsnummer. "BN"+talsiffer viser til nummer i Naturbase på Internett (IID).

Posisjonar er oppgjevne som omtrentleg midtpunkt, eller som omskrivne rektangel (intervall).

Sjå også kapitlet om raudlisteartar, biletkapittelet, kjeldelista og artslistar (plante- og kryptogamlister).

## Norddal

### *001 Indreidsdalen: Hesjedalen*

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008456
<b>Posisjon:</b>	MP 054 932
<b>Høgde:</b>	520 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07. og 09.09.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 21.07. og 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir lyng- eller bregnedominerte snørasmarker, men grasdominerte areal er i ein viss grad mulege å skilja ut på ortofoto. Den tidlegare naturbaselokaliteten BN00008456 Indreidsdalen omfatta eit stort, beita landskapsrom med innslag av boreal hei, snøraspåverka bregneenger, blåbærbjørkeskog, myr, steinur og vierkratt. Denne vert no erstatta av 6 mindre lokalitetar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Indreide lengst sør i Eidsdal, og består av dei nedste, mest beita og grasrike delene av Hesjedalen. Namnet kan tyda på at ein slo og hesja her. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane er ei blanding av rasmateriale og morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer for det meste naturtypen naturbeitemark, men det finst og snøraspåverka boreal lynghei, og litt kratt av vier og einer. Vegetasjonen var ca. 60% frisk fattigeng/finnskjeggeng (G4/G5), ca. 20% sølvbunkeeng (G3), og blåbærdominert hei ca. 20%. Viktige artar var einer, finnskjegg, engkvein, sølvbunke, blåbær og krekling. Av tre og buskar vart det sett bjørk, sølvvier og einer. Det var ein del småbjørk nær vegen.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. fjellaugnetrøst, harerug, hårsvæve, kattefot, kvitmaure, lækjeveronika, skoggråurt, smørtelg, tviskjeggveronika og tyrihjel. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe, kanskje og andre husdyrslag. Området verka ikkje gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dårlegare beitetrykk kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Indreidsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

## **002 Indreidsdalen: Indresætra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008456
<b>Posisjon:</b>	MP 051 932
<b>Høgde:</b>	500 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.09.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, buskmark og boreal lynghei. Den tidlegare naturbaselokaliteten BN00008456 Indreidsdalen omfatta eit stort, beita landskapsrom med innslag av boreal hei, snøraspåverka bregneenger, blåbærbjørkeskog, myr, steinur og vierkratt. Denne vert no erstatta av 6 mindre lokalitetar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Indreeide lengst sør i Eidsdal, på flatene i dalbotnen vest for Hesjedalen der Indresætra låg før. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer for det meste naturtypen naturbeitemark, men det finst og snøraspåverka boreal lynghei, og litt kratt av vier og einer.

Vegetasjonen var ca. 20% frisk fattigeng/finnskjeggeng (G4/G5), ca. 40% sølvbunkeeng (G3), og blåbærdominert hei med einer og sølvvier ca. 40%. Av tre og buskar var det m.a. bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, fjellaugnetrøst, hestespreng, lækjeveronika, nikkevintergrøn, skoggråurt, tviskjeggveronika, tyrihjel og tågebær. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, og ein reknar potensialet for beitemarkssopp som relativt dårleg.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe, kanskje også andre husdyrslag. Området verka ikkje gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Indreidsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria til B som naturbeitemark, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

### **003 Indreidsdalen: Indresætra nordvest**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008456
<b>Posisjon:</b>	MP 049 934
<b>Høgde:</b>	520-550 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 21.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir lyng- eller bregnedominerte snørasmarker. Den tidlegare naturbaselokaliteten BN00008456 Indreidsdalen omfatta eit stort, beita landskapsrom med innslag av boreal hei, snøraspåverka bregneenger, blåbærbyrkeskog, myr, steinur og vierkratt. Denne vert no erstatta av 6 mindre lokalitetar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Indreeide lengst sør i Eidsdal, oppe i snøraspåverka opne hellingar med innslag av grasrike rasmarker. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane er for det meste rasmateriale, det er spreidd stein av ulik storleik. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer kanskje delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og snøraspåverka boreal lynghei, steinur og buskmark. Vegetasjonen var ein mindre del frisk fattigeng/finnskjeggeng (G4/G5), men det er ein god del blåbærdominert hei og låg buskmark (med einer og sølvvier).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. hestespreng, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kvitmaure, skogrøyrkvein og strutsving. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, ein reknar med at han har dårleg potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av sau, kanskje og andre husdyrslag. Området er truleg ikkje gjødsla, men snørasa sørgjer innimellom for tilførsel av næringsrik mold og sand.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Indreidsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er litt usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B som naturbeitemark, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

### **004 Indreidsdalen: Hellemyrane vest**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008456
<b>Posisjon:</b>	MP 049 936
<b>Høgde:</b>	500-540 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.09.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og andre naturtypar, men ein har velt å ta med dei mest grasdominerte områda der ytterkantane er målt med GPS med unntak av øvre del. Den tidlegare naturbaselokaliteten BN00008456 Indreidsdalen omfatta eit stort, beita landskapsrom med innslag av boreal hei, snøraspåverka bregneenger, blåbærbjørkeskog, myr, steinur og vierkratt. Denne vert no erstatta av 6 mindre lokalitetar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Indreeide lengst sør i Eidsdal og er ei grasdominert snørasang i lifoten på vestsida av dalen. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale med innslag av steinur. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer for det meste naturtypen naturbeitemark, men det finst og snøraspåverka boreal lynghei. Vegetasjonen var ca. 40% frisk fattigeng (G4), ca. 30% sølvbunkeeng (G3), og blåbærdominert hei (med lite buskar) ca. 30%. Av tre og buskar var det m.a. bjørk, sølvvier og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. enghumleblom, fjellaugnetrøst, harerug, hestespreng, kvitmaure, lækjeveronika, skogrøykrvein, smørtelg, strutsveg, tviskjeggveronika og tyrihjel. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, og ein reknar med at lokaliteten har dårleg potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av sau og storfe. Området er truleg ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Indreidsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

## **005 Indreidsdalen: Hegrehamrane nord**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008456
<b>Posisjon:</b>	MP 050 938
<b>Høgde:</b>	480 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.09.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal lynghei og busk- og skogsmark, men ein har teke val i felt og målt ein del ytterpunkt med GPS. Den tidlegare naturbaselokaliteten BN00008456 Indreidsdalen omfatta eit stort, beita landskapsrom med innslag av boreal hei, snøraspåverka bregneenger, blåbærbjørkeskog, myr, steinur og vierkratt. Denne vert no erstatta av 6 mindre lokalitetar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Indreeide lengst sør i Eidsdal, nord for Hegrehamrane på austsida av riksvegen, på rasvifter som er påverka av snøras og beiting. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer dels naturtypen naturbeitemark, men det finst og hagemark med bjørk, litt snøraspåverka boreal lynghei, og litt kratt av vier og einer. Vegetasjonen var ca. 30% frisk fattigeng/finnskjegegeng (G4/G5), ca. 40% sølvbunkeeng (G3), og blåbærdominert hei med einer og sølvvier ca. 30%. Det finst og innslag av rikare engvegetasjon med dunhavre (G7, truga vegetasjonstype). Av tre og buskar var det m.a. bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergrøyrkvein, blåknapp, dunhavre, enghumleblom, fjellaugnetrøst, harerug, kattedot, kvitmaure, lækjeveronika, setermjelt, skoggråurt, småengkall, strutsvegg, tviskjegegveronika, tyrihjelms og tågebær. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar (dårleg soppesong), men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe. Området verka jamt over ikkje gjødsling i høgda, men kan ha vore gjødsling nærast vegen. Det er ei traktorslepe i nedkant.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Indreidsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snørå og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

## **006 Indreidsdalen: Ljåsteinberga**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13080
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008456
<b>Posisjon:</b>	MP 049 945
<b>Høgde:</b>	480 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.09.1994 og 05.09.1995, Geir Gaarder & John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1995, 1997), 24.07.2001, Silke Hansen, 12.09.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 09.09.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid saman med Geir Gaarder 15.09.1994 og 05.09.1995 (Jordal & Gaarder 1995, 1997), besøk av Silke Hansen 24.07.2001 og John Bjarne Jordal 12.09.2002 (Norderhaug et al. 2004), og eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Den tidlegare naturbaselokaliteten BN00008456 Indreidsdalen omfatta eit stort, beita landskapsrom med innslag av boreal hei, snøraspåverka bregneenger, blåbærbjørkeskog, myr, steinur og vierkratt. Denne vert no erstatta av 6 mindre lokalitetar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Indreeide lengst sør i Eidsdal, på austsida av vegen like sør for ferista og dyrkamarka på Indreeide, rundt 1 km søraust for Indreidsvatnet. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer for det meste naturtypen naturbeitemark, men det finst og snøraspåverka boreal lynghei, og litt kratt av vier og einer. Vegetasjonen var ca. 50% frisk fattigeng (G4), ca. 20% sølvbunkeeng (G3), blåbærdominert hei med einer og sølvvier ca. 10%, og dessutan rundt 20% hagemark med bjørk og grasdominans i feltskiktet. Av tre og buskar var det m.a. bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, bråtestorr, enghumleblom, fjellaugnetrøst, geitsvingel, harerug, jonsokkoll, kattedot, kvitmaure, lundrapp, lækjeveronika, markjordbær, perlevintergrøn, skogfiol, skoggråurt, skogrøyrkvein, tviskjegegveronika og tyrihjelms. I 1994-95 vart det dessutan notert blåklokke, blåkoll, dvergjamne, gulmaure, hårsvæve,

kjertelaugnetrøst, musøyre, myrmaure, setermjelt og tiriltunge. Det er funne over 20 beitemarkssoppantar, dei fleste i 1994, 1995 og 2002. Av desse var det fire som står på den norske raudlista 2010: semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (2006 og 2010: NT), raudnande lutvokssopp *Hygrocybe ingrata* (2006: NT, 2010: VU), mørkskjela vokssopp *H. turunda* (2006: NT, 2010: VU) og første funnet i Norge av grå småfingersopp *Clavulinopsis cinereoides* (2006 og 2010: NT) (Jordal & Gaarder 1997). Elles er det påvist m.a. *Entoloma infula*, *E. papillatum*, *E. sericellum*, *E. serrulatum*, *Hygrocybe ceracea*, *H. chlorophana*, *H. coccinea*, *H. conica*, *H. helobia*, *H. laeta*, *H. pratensis*, *H. psittacina*, og *H. reidii*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe, kanskje også andre dyreslag. Området verka stort sett lite gjødsla, men kan ha vore noko gjødsla nærast vegen på opne flater. Somme stader er det grus og stein som er tilført med ras og flaumar, noko av dette er fjerna.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Det er ingen ting i vegen for hogging av bjørk og forsiktig rydding av einer.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, oppe landskap i Indreidsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt, stadvis velutvikla og middels artsrik naturbeitemark med fire raudlisteartar.

## 007 Eidsdal: Ovanfor Solvang camping

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13600
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 029 974
<b>Høgde:</b>	430-470 m
<b>Naturtype:</b>	D05 hagemark
<b>Utforming:</b>	D0502 einerhage
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.07.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 09.09.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 24.07.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg vest for Solvang camping nord for Eidsvatnet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer kanskje naturtypen hagemark, av utforminga einerhage. Det er eit forholdsvis stort attgroande område med eit stort tal søyleeiner og bjørk som pregar landskapsbiletet. Området er delvis dominert av tuvet sølvbunkeeng (G3, ca. 50%), men det er og frisk fattigeng (G4, ca. 10%) og lyngdominerte parti (boreal hei, ca. 40%). Det grensar i sør til store, opne boreale heiar som har vore mykje beita tidlegare, m.a. av geit.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. lækjeveronika og tyrihjel. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 beita av storfe, og har ein del trakkskader. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Ein bør vurdera å fjerna dyra i særleg våte periodar pga trakkskadar.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller kriteria til B, m.a. er han artsfattig og med ein god del trakkskader, og dominerande vegetasjonstypar høyrer ikkje heime i hagemark.

### **008 Eidsdal: Veiberg**

**Nr i Storfjordprosjektet:** kanskje del av 13610  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 039-040 014-016  
**Høgde:** 150-200 m  
**Naturtype:** D05 hagemark  
**Utforming:** D0502 einerhage  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 24.07.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 09.09.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 24.07.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom hagemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for Veiberg i Eidsdal, på austsida av elva. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Karakteristisk for området er einerhagar, som tidlegare var utbreidd i heile lia opp til setrane. Lokaliteten tilhøyrer naturtypen hagemark med ein del einer (dels søyleeiner, som er eit særmerke i store deler av Eidsdalen) og bjørk, men det er og delvis opne naturbeitemarkar. Vegetasjonen var ei blanding av frisk fattigeng og sølvbunkeeng (G4/G3), viktige planteartar var sølvbunke, engkvein, gulaks, finnskjegg og krattlodnegras. Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. beitesvæve, bråtestorr, bustnype, hårsvæve, hassel, hegg, krattlodnegras, lækjeveronika, raudknapp, skogfiol, smalkjempe og tviskjeggveronika. Av sopp vart det m.a. funne *Hygrocybe laeta* seig vokssopp og *Hygrocybe reidii* honningvokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det er fleire rydningsrøyser, bakkemurar, ein oppmurt veg og steingardar i området på sørsida av bekken. Lokaliteten er inngjerda. Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe og streifande sau, og det vart observert trakkskadar. Området verka relativt lite gjødsla i det siste. Det er spreing av smågran og oppslag av gråor og bjørkebusker.

*Framande artar:* Det er planta noko gran i området, og den sår seg, smågran observert i hagemarka.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Sjølvsådd gran og anna buskoppslag bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av relativt få attverande naturbeitemarkar/hagemarker nede i sjølve Eidsdalen.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei hagemark med einskilde beiteindikatorar.

### **009 Eidsdal: Kilsti, Elveteigen**

**Nr i Storfjordprosjektet:** (NY)  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 0370-0376, 0390-0395  
**Høgde:** 500 m  
**Naturtype:** D01 slåttemark  
**Utforming:** D0107 frisk/tørr, middels baserik eng  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 20.07.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark, men det er teke val i felt og ytterpunkt målt med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen. Lokaliteten ligg ved det sørvestre bruket (br.nr. 5, fritidsbruk), like nedanfor vegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark. Vegetasjonen var mest lik frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), og uvanleg artsrik.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aksfrytle, bergmynte, brudespore (hundrevis, 2006: NT), engsmelle, gjeldkarve, grov nattfiol, harerug, hårsvæve, jonsokkoll, kattedot, kjertelaugnetrøst, kvitbladtistel, lintorskemunn, lækjeveronika, marinøkkel (6 planter, 2006: NT), markjordbær, prestekrage, raudknapp, skogmarihand, smalkjempe, småbergknapp, småengkall, småsmelle, stemorsblom, stormaure og vårskrinneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, men ein reknar med at han har godt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Elveteigen vert slått seint (bukkefor, ofte slått i september, kjelde: Olav Kilsti). 2010 er siste året med geit på br. nr. 3. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert toppklokke og vårpengurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i slått og beiting, og det bør lagast ei skjøtelsplan for slåttemarkene på Kilsti. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Buskrydding kan vera naudsynt.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt og artsrik, truleg lite gjødsla slåttemark med ei rekkje engartar. Brudespore og marinøkkel (sjeldan i fjorden) sto på raudlista 2006. Det er truleg stort potensiale for raudlista beitemarkssopp.

## 010 Eidsdal: Kilsti, Elveteigen øvst

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0367-0369, 0395-0400
<b>Høgde:</b>	520 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.09.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 09.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark er relativt tydelege og målt med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg til Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal. Lokaliteten ligg ovanfor vegen ved det sørvestre bruket (br.nr. 5, fritidsbruk). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, og var nyleg slått ved besøket, men har ikkje vore slått på fleire år (kjelde: Olav Kilsti). Vegetasjonen kan

karakteriserast som frisk fattigeng (G4), med m.a. engkvein, fjellgulaks, hundegras, firkantperikum og prestekrage. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. beitesvæve, brudespore (2006: NT), grov nattfiol, harerug, jonsokkoll, kvitbladtistel, liljekonvall, lækjeveronika, prestekrage, skoggråurt, smalkjempe, småengkall, storblåfjør, tviskjeggveronika og tågebær. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart slått i 2010 etter nokre år med opphald, og har truleg vore beita av geit i deler av året gjennom lang tid. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått/beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle bruken, og slått vil vera særleg viktig. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit stort og verdifullt kulturlandskap på Kilsti.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei artrik og intakt slåttemark med fleire kravfulle artar, og dessutan del av eit større og velutvikla slåttemarkslandskap på Fremste Kilsti.

### **011 Eidsdal: Fremste Kilsti, Bakkane**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0381 0407
<b>Høgde:</b>	470 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.07.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særleg god, og truleg betre enn 5 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen, i nedre del av innmarka på br. nr. 3. Ein har skjønsmessig tatt med heile nedste stykket, men berre nordre kant av enga ovanfor, ut frå ei skjønsmessig vurdering av tidlegare påverknad av jordarbeiging og pløying. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer truleg naturtypen slåttemark, utforminga frisk fattigeng, men er noko påverka. Vegetasjonen kan stort sett klassifiserast som frisk fattigeng (G4) med dominans av gulaks, engkvein og prestekrage, men det er og hundegras og andre meir næringskrevande artar. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. brudespore (NT i 2006), harerug, jonsokkoll, kvitbladtistel, lækjeveronika, nyresoleie, prestekrage, skogmarihand, smalkjempe og småengkall. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppsesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fremste Kilsti hadde i 1655 2 hestar, 1 okse, 11 kyr, 1 svin, 10 geiter og 8 sauer. I 1875 hadde Fremste Kilsti hadde 1 hest, 1 føll, 5 kyr, 2 kalver, 13 sauer, 11 geiter og 1 svin. I seinare år har her vore geit. Området er i 2010 framleis delvis slått (tungvint, vart slått meir grundig før) og dessutan beita av geit. 2010 er siste året med geit på Fremste Kilsti.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slått og beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under litt tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med einskilde engartar, men som truleg har vore noko gjødsla.

### **012 Eidsdal: Fremste Kilsti, Bakkane nedst**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0388-0395, 0412-0419
<b>Høgde:</b>	430 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.07.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen. Lokaliteten ligg nedst på innmarka på br. nr. 3. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark. Vegetasjonen kan delvis klassifiserast som frisk fattigeng (G4) med gulaks, raudsvingel, engkvein og prestekrage, men og overgangar til hundegras m.fl. høge planter på meir gjødsla parti som gjerne har vore åker. Kantane er mest velutvikla og artsrike.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, engreverumpe, krattmjølke, kvitbladistel, lintorskemunn, nyresoleie, prestekrage, raudknapp, skoggråurt, smalkjempe, småengkall, stemorsblom, tviskjeggveronika og åkerminneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fremste Kilsti hadde i 1655 2 hestar, 1 okse, 11 kyr, 1 svin, 10 geiter og 8 sauer. I 1875 hadde Fremste Kilsti hadde 1 hest, 1 føll, 5 kyr, 2 kalver, 13 sauer, 11 geiter og 1 svin. Området er i 2010 framleis slått (tungvint, vart slått meir grundig før) og dessutan beita av geit vår og haust. 2010 er siste året med geit på Fremste Kilsti, men ein tek sikte på å fortsetta å slå. Området har delvis vore åker og også noko gjødsla, men dette er no lenge sidan (kjelde: Olav Kilsti).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle drifta. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med einskilde engartar, men som har vore utsett for pløying og gjødsling noko tilbake i tid. Sentrale deler av det avgrensa området har vore åker og gjødsla, men kantområda er artsrike og dessutan er og dei sentrale delene i ferd med å få inn einskilde artar som prestekrage.

### **013 Eidsdal: Fremste Kilsti, Rabbane**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13380
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0377-0389 0421-0432

<b>Høgde:</b>	500 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2002, Ann Norderhaug (Norderhaug et al. 2004), 20.07.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 04.08.2002 av Ann Norderhaug (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, og truleg betre enn 5 meter. Overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark er relativt tydelege og ytterpunkt målt med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen. Lokaliteten ligg ovanfor veggen, på udyrka knausar nord-nordøst for husa på Fremste Kilsti. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men inneheld og grunnlendte knausar. Vegetasjonen var artsrik og variert, delvis frisk fattigeng (G4), men mykje av lokaliteten kan truleg seiast å vera frisk/tørr middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), det er og noko knausvegetasjon (F3). Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn, kjøtttype, bustnype og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeveronika, bergmjølke, brudespore (hundrevis, 2006: NT), dunhavre, eittårsknave, geitsvingel, grov nattfiol, hårsvæve, jonsokkoll, kattedot, knegras, kvitbladtistel, lintorskemunn, lodnebrøgn, lækjeveronika, raudknapp, skjermesvæve, skoggråurt, smalkjempe, småbergknapp, småengkall, stemorsblom, sølvmyr, tviskjeggveronika, tågebær, vårskrinneblom og åkerminneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Garden var krongods under første halvdel av 1600-tallet, men gikk over til odelsods i 1740. Fremste Kilsti hadde i 1655: 2 hestar, 1 okse, 11 kyr, 1 svin, 10 geiter og 8 sauer. I 1875 hadde dei 1 hest, 1 føll, 5 kyr, 2 kalver, 13 sauer, 11 geiter, 1 svin. På Fremste Kilsti var det i 2010 geitehald under avvikling. Området var i 2010 framleis delvis slått og beita og verka lite gjødsla. Det var fleire mindre rydningsrøyser.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle drifta, og slått vil vera særleg viktig. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er intakte slåttemarkar med ei rekkje kravfulle engartar, inklusive hundrevis av brudespore. Det er truleg stort potensiale for raudlista beitemarkssopp.

### 014 Eidsdal: ovanfor Fremste Kilsti

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0381 0436
<b>Høgde:</b>	500-520 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0405 finnskjeggeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.07.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir lyngdominert beita utmark i sørvest, vest og nord, men grasdominerte område er relativt godt synlege på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen, vest for (ovanfor) Fremste Kilsti. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og lyngdominerte parti som ikkje tilhøyrer denne typen (boreal hei). Vegetasjonen kan stort sett klassifiserast som ei blanding av finnskjeggen og frisk fattigeng (G5-G4), der finnskjegg er viktigaste grasart, men det er og meir lyngdominerte parti. Av tre finst det spreidd bjørk.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. grønvier, harerug, hårsvæve, kattedot, kjertelaugnetrøst, klokkevintergrøn, truleg gaffelsvæve (*Pilosella*-gruppa), smalkjempe, sumpmaure og tviskjeggveronika. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Her har vore langvarig geitehald. Området var i 2010 framleis mykje beita av geit. På Fremste Kilsti var det i 2010 geitehald under avvikling. Området verka relativt lite gjødsla. Alle tre i beitet er pakka inn i netting mot borkgnag, slik at dei skal overleva.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt og velutvikla naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar. Gaffelsvæve er ein regionalt sjeldan art.

## 015 Eidsdal: nedanfor Kilsti

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 039 041
<b>Høgde:</b>	ca. 400 m
<b>Naturtype:</b>	D05 hagemark, D06 beiteskog, D04 naturbeitemark, D12 store gamle tre
<b>Utforming:</b>	D0501 bjørkehage, D1202 skjøtta/styva, D1203 innholt tre
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.07.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom hagemark og mindre beitepåverka beiteskog, særleg i nedre del av lokaliteten.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen. Lokaliteten ligg nedanfor vegen og nedom dyrkamarka og berører bruka 1-3. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen hagemark med diverse lauvtre der bjørk dominerer, men det finst og styva alm og dessutan rogn, selje, hengjebjørk, hassel, osp og einer. Skogen er lysopen og periodevis godt beita av geit. Vegetasjonen var variert, gras- og

urterik med mange beiteindikatorar i blanding med einskilde edellauvskogsplanter, bregner og høgstauder. Det var og tørre og grunnlendte parti med tørrbakkeplanter.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. alm (2006 og 2010: NT), brudespore (2006: NT), dunhavre, engsmelle, gjeldkarve, gulskolm, hengjeaks, kjøtttype, kransmynte, kratthumbleblom, kvitmaure, lintorskemunn, lodnebrege, lundrapp, markjordbær, myske, olavsskjegg, raudknapp, skogfiol, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom, tviskjeggveronika, tyrihjel, tågebær, vill-lauk og vårskrinneblom. Av lav vart det m.a. funne ein del *Sclerophora pallida* bleikdoggnål (2006 og 2010: NT) på styva alm. Av sopp vart det funne *Auricularia mesenterica* skrukkeøre (2010: NT) på daud ved av alm.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Skogen nedanfor innmarka har tidlegare vore slått, det var høyløer her og ein transporterte høyet opp. I seinare år har her beita geit. Lokaliteten var framleis ein del beita av geit. 2010 er siste året med geit på br. nr. 3. Lokaliteten er ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt, artsrik og og velutvikla hagemark med mange slåtte- og beiteindikatorar og fleire raudlisteartar i låg kategori knytt til styva alm.

## ***016 Eidsdal: Ytste Kilsti, kraftlina***

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0403 0432
<b>Høgde:</b>	420-460 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	20.07.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg til Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen. Lokaliteten ligg sørvest for Ytste Kilsti, nedanfor vegen og under kraftlina. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen kan stort sett klassifiserast som frisk fattigeng (G4). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Det er ikkje teke fullstendig planteliste. Av planter vart det i 2010 notert m.a. prestekrage, raudknapp, skogsvinerot og tyrihjel. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppsesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 truleg framleis ein del beita av geit. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einkilde beiteindikatorar.

### **017 Eidsdal: Kilsti ved br.nr.2**

**Nr i Storfjordprosjektet:** (NY)  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 038 043  
**Høgde:** 440 m  
**Naturtype:** D01 slåttemark  
**Utforming:** D0104 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 20.07.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er noko skjønsmessig kor ein set grensa mellom slåttemark og meir gjødsla innmark, men det er gjort subjektive val i felt og ein del ytterpunkt er målt med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen. Lokaliteten ligg ved eit fråflytt gammalt bruk nedanfor Ytste Kilsti (Kilsti br.nr. 72/2), vest for (ovanfor) husa. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men det er verkar som at enga ikkje lenger vert slått. Vegetasjonen kan delvis klassifiserast som frisk fattigeng (G4) med mykje gulaks, engkvein og prestekrage, men det finst og noko meir nitrogenkrevande artar som hundegras, engreverumpe og kvitbladtistel (gjødselepreg).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. harerug, hårsvæve, kvitbladtistel, lækjeveronika, prestekrage, skogmarihand, smalkjempe, småengcall, tviskjeggveronika og åkermineblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Garden var krongods under første halvdel av 1600-tallet, men gikk over til odelsods i 1740. Br.nr. 2 er fråflytt og husa i forfall, men jorda vert nytta av Ytste Kilsti. I seinare tid har sistnemnde vore eit geitebruk, og området var i 2010 truleg framleis beita av geit. Lokaliteten verka likevel litt attgroande. Området verka litt gjødsla, men har truleg motteke lite gjødsel i seinare tid.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i den tradisjonelle drifta. Mest ideelt for artsamangfaldet vil truleg vera slått kombinert med etterbeite om hausten. Alternativt bør det beitast, særleg sist i sesongen. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Det kan vera aktuelt med buskrydding.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark i attgroing, som har einkilde engartar, men som nok har vore litt gjødsla,.

### **018 Eidsdal: ovanfor Ytste Kilsti**

**Nr i Storfjordprosjektet:** del av 13380  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 038-040, 043-046  
**Høgde:** 460-520 m  
**Naturtype:** D05 hagemark, D04 naturbeitemark

**Utforming:** D0501 bjørkehage, D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 04.08.2002, AN (Norderhaug et al. 2004), 20.07.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 04.08.2002 av Ann Norderhaug (Norderhaug et al. (2004) og eige feltarbeid 20.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom hagemark med grasdominans og meir lyngdominert mark (m.a. i vest), og samstundes er avgrensinga litt uklår mot meir gjødsla beite (nordaust). Derfor er avgrensinga skjønsmessig fleire stader i vest, nord og nordaust.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Kilsti som ligg høgt med flott utsyn over Eidsdal, på vestsida av dalen, vest for (ovanfor) Ytste Kilsti. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har nok vore slått (i sørlege deler truleg fram mot nær fortid), men kan idag best seiast å tilhøyra hagemark og delvis naturbeitemark. Det er eit stort ope og halvope landskap som i vest går over i boreal lynghei og fattig bjørkeskog, i aust i dels gjødsla beite og dels fulldyrka mark. Vegetasjonen var artsrik og variert, delvis ei blanding av finnskjeggeng og frisk fattigeng (G5-G4), på mindre areal frisk/tørr middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), det er og noko knausvegetasjon (F3). Av tre og buskar var det mest spreidd bjørk.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. brudespore (over hundre, 2006: NT), bråtestorr, bustnype, dunhavre, engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, harerug, heiblåfjør, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, klokkevintergrøn, knegras, kornstorr, kvitbladtistel, lintorskemunn, lodnebregne, markjordbær, nattfiol, prestekrage, raudknapp, skjermsvæve, skogfiol, skoggråurt, skoggråurt, skogmarihand, smalkjempe, småbergknapp, småengkall, stemorsblom, storblåfjør, storfrytle, sumphaukeskjegg, sumpmaure og vårskrinneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Ystekilsti fødde i 1655 1 hest, 1 okse, 11 kyr, 1 svin, 6 geiter og 5 sauer, og i 1875 1 hest, 1 føll, 2 okser, 9 kyr, 2 kalver, 26 sauer, 13 geiter og 1 svin, i seinare tid har det vore geit. Området har tidlegare vore slått og var i 2010 framleis beita av geit. Det er truleg relativt lite gjødsla. Det er stadvis ein del oppslag av einstape (synleg på ortofoto). Det var fleire mindre rydningsrøyser.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Viss noko areal har vore slått fram til nyleg, kan det vera ønskjeleg å vidareføra dette. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare. Einstape kan bekjempast med ryddesag 1-2 gonger pr sesong.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit større kulturlandskap på Kilsti som er slått og beita av geit gjennom lang tid, men generelt er landskapet i Eidsdal som heilskap i dag dominert av skog.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt, velskjøtta hagemark og naturbeitemark med stort arts mangfald og truleg stort potensiale for fleire raudlisteartar.

### 019 Eidsdal: Stølen søraust

**Nr i Storfjordprosjektet:** del av 13904  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 0522 0331  
**Høgde:** 420 m  
**Naturtype:** D01 slåttemark  
**Utforming:** D0104 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 08.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 19.07.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 08.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Lokaliteten grensar til granplantefelt og veg.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg søraust for det vesle bruket Stølen på austsida av Eidsdal rundt 420 meter over havet langs vegen opp til Storåsen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men var ikkje slått ved besøket (her vart slått 2010, observert 09.09. frå Kilsti). Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4) med prestekragedominans.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. harerug, kvitblattistel, prestekrage, skogfiol, skogmarihand, stormaure og tviskjeggveronika. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fram til 1954 var det 3-4 kyr og 8-10 sau på Stølen. I 1954 vart plassen fråflytta. Ein del av slåtteengene vert slått men høyet vert ikkje fjerna (2002). I september 2010 såg det frå Kilsti ut til at enga var slått (kikkert). Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i slått og evt. beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med einskilde engartar.

### **020 Eidsdal: Stølen sør**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13904
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0520 0333
<b>Høgde:</b>	420 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 19.07.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 08.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Lokaliteten grensar til skog og veg.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg sør for det vesle bruket Stølen på austsida av Eidsdal rundt 420 meter over havet langs vegen opp til Storåsen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men var ikkje slått ved besøket (her vart slått 2010, observert 09.09. frå Kilsti). Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4) med mykje prestekrage.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. dunhavre, jonsokkoll, kvitblattistel, lækjeveronika, prestekrage, skogmarihand, småengkall, stormaure, sumpmaure og tviskjeggveronika.

Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fram til 1954 var det 3-4 kyr og 8-10 sau på Stølen. I 1954 vart plassen fråflytta. Ein del av slåtteeengene vert slått men høyet vert ikkje fjerna (2002). I september 2010 såg det frå Kilsti ut til at enga var slått (kikkert). Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slått og evt. beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med einskilde engartar.

## **021 Eidsdal: Nedanfor Storåsen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13903
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 053 036
<b>Høgde:</b>	500-550 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 19.07.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 08.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, meir gjødsla innmark og beita skog/hagemark. Ein har lagt lokaliteten som ein hestesko rundt det som såg ut til å vera mest gjødsla, og ein del punkt er målt med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på austsida av Eidsdal vel 500 meter over havet nedanfor Storåsen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det er og litt tre hist og her. Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. gjeldkarve, harerug, hårsvæve, jonsokkoll, kvitbladtistel, prestekrage, raudknapp, skogfiol, tviskjeggveronika og tyrihjel. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis beita av storfe og sau. Det finst steingjerde og rydningsrøyser. Fleire søyleeinerar. Området verka stadvis relativt lite gjødsla (særleg i kantane), medan visse område verka litt meir nitrofile.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er derfor ønskjeleg med framhald i beiting og evt. slått. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

## **022 Dyr dalen: Hatlestadsetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13690
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)

<b>Posisjon:</b>	MQ 075 019
<b>Høgde:</b>	640-660 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.07.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Stoknes (1995) og eige feltarbeid 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal hei, myr og buskmark/skog.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Hatlestadsetra har ein open setervoll som ligg i eit landskap som hallar nordover mot dalmunningen i Dyr dalen opp frå Dalsbygda, på nordaustsida av Nonshaugen. Bilvegen til Rellingsetra går eit stykke nedanfor stølen. Det går sti frå veggen og opp til setra. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseaensk vegetasjonssesksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og fattig lyngmark og myr. Ein har ikkje avgrensa austlege del av vollen som no er mest for myr å rekna. Vollen har spreidd søyleeiner og bjørker. Vegetasjonen var ca. 30 frisk fattigeng (G4), ca. 30% finnskjeeggeng (G5), 30% blåbærvegetasjon og 10% fattig myr (K3). Utanfor steingjerdet er det beitepåverka bjørkeskog (C2), og i aust fattig myr (K3) som ikkje er teke med. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. frynsestorr, grønstorr, gråstorr, harerug, lækjeveronika, musøyre, setersmårve, skogfiol, smørtelg og trådstorr. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, men ein reknar med at han har eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Setervollen er delvis avgrensa av ein steingard. Det finst og rydningsrøyser. Hatlestadsetra var seter for 4 bruk og 1 plass på Hatlestad i Norddal. Området vart i 1994 framleis beita av eit stort tal dyr (sau og storfe). Området var i 2010 ein del beita av sau. Det vart og sett ei styva selje i vest. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Det kan og vera naudsynt med rydding.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdsetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria for B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

### 023 Dyr dalen: Rellingsetra

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13030
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008441
<b>Posisjon:</b>	MQ 086 012
<b>Høgde:</b>	520-600 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.08.1997 og 12.09.1997, John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1998, Jordal 2001), 19.07.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kleiva (1975), Stoknes (1995)

## Områdeskildring

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Kleiva (1975), Stoknes (1995), eige feltarbeid 21.08. og 12.09.1997 (Jordal & Gaarder 1998, Jordal 2001, Naturbase) og 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær sars god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla beite, og likeeins går grasmarekene i sør gradvis over i lynghei, buskmark og myr.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Rellingsetra er eit stort seterområde i eit slakt hallande landskap fram mot elva og dalmunningen i Dyr dalen, der terrenget fell bratt ned mot Dalsbygda. Det går no bilveg heilt fram til utkanten av stølen. Berggrunnen består av grovkorna granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten tilhøyrer i hovudsak naturtypen naturbeitemark, men deler av vollen er noko nitrofil. Rundt setervollen er det beitepåverka bjørkeskog, noko planta gran, og sørover ein del open lyngmark med noko bjørke- og vierbusker. Vegetasjonen på vollen er kortbeita engsamfunn med eit litt nitrofilt preg i sentrale deler og dominans av artar som sølvbunke, engrapp, marikåper og kvitkløver (G3, ca. 40%). Ut mot kantane blir vegetasjonen magrare og meir moserik med dominans av finnskjegg, engkvein, gulaks og tepperot (finnskjeggeng/frisk fattigeng, G5 40%, G4 ca. 15%). Rundt kantane finst også lyngmark med blåbær, krekling og litt dvergbjørk (S3, ca. 5%), og dessutan litt fattigmyr (K3). Det opne området er stort og trelaust utan teikn på attgroing, og skogen rundt er lysopen og beitepåverka langt innover Dyr dalen.

**Artsmangfald:** Mest spesielt var 3. funn i Norge av den sjeldne arten grynknollsliresopp *Squamanita paradoxa* (2006 og 2010: EN) nær parkeringsplassen (jfr. Jordal 2001). Dette er ein art som lever parasittisk på okergul grynhatt, og som overalt i Europa vert rekna som svært sjeldan. Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, fjellaugnetrøst, harerug, kattedot, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, musøyre og skoggråurt. I 1997 vart det funne 78 planteartar, mellom desse 16 naturengplanter og 6 seterplanter, m.a. blåklokke, dvergjamne, fjelltimotei, hårsvæve, kattedot, knegras, setersmårve og trefingerurt. Av sopp vart det i 2010 m.a. funne *Hygrocybe insipida* liten vokssopp og *Hygrocybe pratensis* engvokssopp. Det vart i 1997 funne 18 artar av grasmarekssopp, av desse 9 beitemarkssopp. Mellom desse kan nemnast gulfovokssopp *Hygrocybe flavipes* (2006 og 2010: NT) og brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*, dessutan gul, seig, grøn og honningvokssopp. **Bruk, tilstand og påverknad:** Setervollen er på tre kantar avgrensa av ein relativt godt bevart steingard, i nord av ei rekkje med bjørker. Den eldre busetnaden er for det meste organisert langs steingarden i sør, mot utmarksbeita. Midt på vollen er det ei høyløe og fleire ruinar. Den gamle vegen går på nedsida av vollen. Det finst to nyare hytter. Rellingsetra var seter for bruka på Relling og Dalhus i Norddal. Seterdrifta slutta sist på 1950-talet (fleire detaljar hos Stoknes 1995), men området vart i 1997 framleis beita av eit stort tal dyr (sau og storfe). Området var i 2010 framleis godt beita av sau og dels storfe.

**Framande artar:** Sjølvsådd gran finst spreidd frå planta gran i nærleiken.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er viktig med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjør i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får under litt tvil verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med mange beiteindikatorar og fleire raudlistearter, m.a. ein i kategori sterkt truga (EN), noko som utløyser verdi A. Det er likevel ein god del av arealet som har gjødselfreg og isolert sett knapt fortener verdi A.

## 024 Dalsbygda: Gullsmedgarden

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0851 0418
<b>Høgde:</b>	20 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 19.07.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla mark var somme stader litt vanskelege å fastsetta.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten som lokalt vert kalla berre "Bakkane" ligg ved sjøen nær vegenden i nordre del av Dalsbygda. Berggrunnen består av augegneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, men det kan og vera tilført rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, utforminga D0107 frisk/tørr, middels baserik eng. Vegetasjonen var dominert av tørreng (G7b) med ei rekkje tørketolande artar (sjå nedanfor), m.a. mykje gulmaure, dunhavre og engtjæreblom.

*Artsmangfald:* Av planter vart det notert m.a. bergmjølke, bergmynte, blåknapp, dunhavre, engsmelle, engsnelle, engtjæreblom, gjeldkarve, gulmaure, gulskolm, hårsvæve, jonsokkoll, kjøtttype, kvitmaure, kystbjørnekjeks, lintorskemunn, markjordbær, mørkkongsllys, prestekrage, raudknapp, revebjølle, skogfiol, skoggråurt, stormaure, tviskjeggveronika, vill-lauk og åkerminneblom. Av sopp vart det funne *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Ein hadde sau til 2002-2003. Området har vore slått kvar sommar og vert framleis slått med stutturv, men ikkje beita. Det har vanlegvis ikkje vore beita tidlegare heller fordi dyra sparka laus mykje småstein. Området verka lite gjødsla i dag, men har vore gjødsla med husdyrgjødsel og litt kunstgjødsl (kjelde: Kirsti Kaldhuseter).

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt og akeleie.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er sterkt ønskjeleg med framhald i slåtten, og det bør lagast skjøtelsplan. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med mange slåtte- og beiteindikatorar som dels er regionalt sjeldne. Dette er truleg den einaste slåttemarka i fylket med større mengder engtjæreblom, og dessutan ei av få som framleis vert slått med stutturv. Det er truleg godt potensiale for raudlista beitemarkssopp.

### **025 Norddalsfjorden: Vindsnes**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13410
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 101 070
<b>Høgde:</b>	90 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng, D0403 sølvbunkeeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.08.2001, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004); kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Tafjord (1966)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk 09.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Tafjord (1966). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er det attverande opne området som er avgrensa. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vindsnes er ein nordvendt, gammal plass på eit nes rett overfor Sylte i Norddalsfjorden. Vindsnes er eit ikkje uvanleg namn i Storfjorden, og er brukt om nes der det kan vera ekstra mykje vind, eller der ein ofte treffer på ein auke i vind og bølger idet ein rundar med båt. Berggrunnen består av augegneis. Lausmassane er truleg mest morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Vegetasjonen er mest sølvbunkeeng (G3) og overgangar mot frisk fattigeng (G4) i kantane. Sistnemnde har stadvis mykje smalkjempe, og i botnen dominerer engkransmose og etasjehusmose, og er viktigast for artsmangfaldet. Det var overraskande lite strø i botnen, noko som tyder på kulturpåverknad i form av slått/beiting ikkje lenge før besøket i 2001. Det veks noko einer i enga. Skog kjem inn frå kantane (bjørk, furu). Det har vore rydda noko osp. Området rundt har blandingsskog med bjørk og furu med ein del storfrytle-vegetasjon.

*Artsmangfald:* Av naturengplanter vart det notert m.a. blåklokke, kvitmaure, lækjeveronika, skogmarihand og smalkjempe. Mest interessant var artsrikdomen av beitemarkssopp. Her må særleg nemnast raudlisteartane gulbrun narrevokssopp *Camarophylloopsis schulzeri* (2006 og 2010: NT), vridd køllesopp *Clavaria amoenoides* (2006: NT, 2010: VU), lutvokssopp *Hygrocybe nitrata* (2010: NT) og elegant småfingersopp *Ramariopsis kunzei* (2006 og 2010: NT), elles *Entoloma asprellum*, *Entoloma exile*, *Entoloma infula* og grå vokssopp *Hygrocybe irrigata*. Det vart påvist 8 vokssoppartar, 2 fingersopp- og 3 raudskivesoppartar, ialt 13 artar av beitemarkssopp. Det er grunn til å tru at lokaliteten har eit potensiale for fleire beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Ifølgje Tafjord (1966: 329) skal her ha vore ein gard frå midten av 1600-talet til kring 1800 (nemnt 1666 og 1714, låg øyde i 1802). Ein fora jamt 4 storfe. Etter fråflyttinga har området truleg vore nytta til slått og beite, noko m. a. løypestrengen tyder på. Innmarka har ruinar etter hus. Det sto ei fjølbu (3,5 x 6 meter) i kanten av lokaliteten med eit handsveivespel for transport med løypestreng, slike er det truleg ikkje så mange att av i Storfjorden. Lokaliteten var ikkje beita ved besøket i 2001, men gror seint att og var framleis open i 2010 (observert med kikkert frå Fjørå 17.06.2010).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Dei biologiske verdiane er såpass store at det er ønskjeleg med ei oppatt-taking av beiting eller slått på denne lokaliteten.

Rydding av kantane er og ønskjeleg. Det som er ope på ortofoto er vesentleg mindre enn openmarksfiguren på økonomisk kartverk.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ei isolert og veglaus naturbeitemark, desse er ofte under attgroing og utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei lita naturbeitemark med nokre indikatorar på ugjødsla beitemark, av desse tre raudlisteartar.

## **026 Norddalsfjorden: Kvernhusnes**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13390
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 112 069
<b>Høgde:</b>	70 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng (+ tørrberg)
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.08.2001, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetrakta frå Fjørå 17.06.2010, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Tafjord (1966), Ansok (1970)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk 09.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Tafjord (1966) og Ansok (1970). Vidare avstandsbetrakta frå Fjørå 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Kvernhusnes ligg i ei nordvendt li på sørsida av Norddalsfjorden mellom Sylte og Fjørå, i nokså slakt hellande terreng 60-100 m over fjorden. Berggrunnen består av augegneis. Lausmassane er truleg mest morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Det avgrensa arealet omfattar tørreng- og tørrbergvegetasjon på berg ved husa (G7, ein truga vegetasjonstype/F3), steinmurar, rydningsrøyser m.m. Desse areala var minst attgrodde ved besøket i 2001. Tilgrensande areal: Innmarka var i 2001 for det meste attgrodd med nitrofil vegetasjon (G14; stornesle, bringebær, sløkje). Resten er dels sølvbunkeeng (G3) med sølvbunke og firkantperikum, dels litt frisk fattigeng (G4) i kantane med engkvein/gulaks.

*Artsmangfald:* Mest interessant artsinventar hadde nokre smale kantområde nedanfor husa med frisk fattigeng. Her vart det funne ein raudlista beitemarkssopp, gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (2006 og 2010: NT), elles vorteraudskivesopp *Entoloma papillatum*. Av planter vart det funne blåklokke, blåknapp, engfiol, hengjeaks, humle, jonsokkoll, knegras, markjordbær og smalkjempe. Det kan og nemnast tørrbakke- og tørrbergartar som bergmjølke, blå rapp, engsmelle, hårsvæve, lintorskemunn, småbergknapp, småsmelle, småsyre, stemorsblom, sølvmore og åkerminneblom.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Kvernhusnes vart truleg rydda på 1600-talet, og er nemnt i 1725. På 1900-talet var det vanleg med 2 kyr og 20 sauer. Det vart fråflytta i 1945. Tilgrensande område: Det finst steingjerde langs stien. Nedanfor dyrkamarka på Kvernhusnes ligg ei stor rydningsrøys. Fleire oppmura terrassar. Deler av dyrkamarka var slått i 2010 (ikkje avgrensa), resten gror att, men tørreng og tørrberg gror seint til (observert med kikkert frå Fjørå 17.06.2010).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Det vil vera positivt med slått og rydding for å bremsa attgroinga. Her er beitegrunnlag for husdyr om sommaren.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er del av innmarka på ein av mange fråflytte hyllegardar i distriktet, desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria til B. Dei kulturhistoriske verdiane er middels store.

## 027 Linge: Hogsetdalen

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13140
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 058 094
<b>Høgde:</b>	730 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.08.1997, John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1998, Norderhaug et al. 2004), kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk 18.08.1997 (Jordal & Gaarder 1998, Norderhaug et al. 2004) og Stoknes (1995). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto (grasmarka skil seg frå hei) og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og fjellhei, men grasmarkene var relativt godt synlege på ortofoto. *Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Setrane ligg i eit trelaust landskap i Vassdalen i knapt 750 m høgde fram mot Norddalsfjorden, nordvest for Linge. Det går sti frå Klovsetsetra, delvis oppmura, ca. 1 times gange over fjellet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest morenemateriale. Området ligg i nordboreal til lågalpin vegetasjonssone (NB-LA) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Vegetasjonen nærast husa er ein mosaikk av finnskjeggen og sølvbunkeeng (G5, G3), sistnemnde med ein del engkvein, gulaks, følblom og kvitkløver (overgangar mot frisk fattigeng, G4). Det renn ein bekk over området, og nær denne finst noko fukteng og fuktige trakk med myrmjølke, trådsiv, slåttestorr og kjeldeurt. Elles finst blåbær-blålynghei (S3) med ein del smyle ut mot kantane, og fattige snøleie. Nær husa var det noko nitrofil vegetasjon med m. a. høymole, vassarve, krypsleie og stornesle. Det vart utført ei 10x10 m ruteanalyse, og her var det m. a. 40% strø, noko som tyder på at beitetrykket var i lågaste laget. Ruta var middels artsfattig med 28 planteartar, 7 naturengplanter og 6 seterplanter. Dominerande artar i ruta

var finnskjegg (40%), engkvein (15%), kvitkløver (10%), følblom og hestespreng (5%), brearve, fjellmarikåpe og gulaks (3%) (Jordal & Gaarder 1998). I området rundt er det trefattige, alpine lyngheiar.

*Artsmangfald:* Det vart funne 77 planteartar, mellom desse 10 naturengplanter og 10 seterplanter. Mellom desse var aksfrytle, brearve, dvergjamne, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, harerug, hestespreng, kjeldeurt, myrfrytle, rabbesiv, rypestorr, seterarve, stjernesildre og trefingerurt. Det vart ikkje funne beitemarkssopp (tørt ver), men vegetasjonen tyder på at slike artar kan finnast.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Hogsetdalen var sommarseter for bruka på Linge og Lingeåsen, 8 bruk i alt. Setringa tok slutt i 1945 (Stoknes 1995). Det finst ingen inngjerda setervoll, men området hadde i 1997 framleis gras- og urterik vegetasjon med beitepreg (sau). Bygningsmassen består av 4 to-roms sel med fjøs i underetasjen. Setra har fleire ruinar, dels etter tilsvarande bygningar som dei som står. Fleire detaljar finst hos Stoknes (1995).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er eit av mange utmarksbeite over skoggrensa i distriktet.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

## 028 Muri

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13870
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 095 084
<b>Høgde:</b>	0-1 m
<b>Naturtype:</b>	G05 strandeng og strandsump
<b>Utforming:</b>	
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.06.2002, Bolette Bele, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2009, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Bolette Bele og Liv Sterten 29.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg lett tilgjengeleg ved sjøkanten vest for Muritunet i Sylte sentrum. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av elvetransportert materiale og marine avsetningar. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen strandeng og strandsump, med innslag av tangvollar. Vegetasjonen omfattar forstrand med m.a. fjordskjørbuksurt (U6b), og ulike typar salteng og brakkvasseng (U5, U7), og dessutan svakt utvikla fleirårig gras/urte-tangvoll med ein god del strandrug (V2).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. burot, fjordskjørbuksurt, fjøresauløk, fjøresivaks, gåsemure, hestehavre, karve, krushøymole, krypkvein, lintorskemunn, saltbendel, saltsiv, strandarve, strandkjeks, strandkjempe, strandkryp, strandrug, strandsmelle og tangmelde. I 2002 vart det og notert fjørekoll, myrsaulauk, fjøresaltgras, smårørkvein m.fl. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppsesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger beita, men påverka av utfylling og utbygging, som har krympa lokaliteten frå fleire kantar. I aust grensar området mot fylling ved Muritunet, i vest er det naust og støer. Også andre reversible inngrep, som forsøpling og merke etter bålbrekking.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Det viktigaste her er å unngå ytterlegare utfylling og utbygging. Men søppel, bålbrekking mm. er og uheldig.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av svært få intakte strandenglokalitetar i Storfjorden.  
*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein liten strandengrest med einskilde interessante artar.

### **029 Valldal: Åsesetra**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13530  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 083 096  
**Høgde:** 600 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 09.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetraktning med kikkert 17.06.2010, kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 09.08.2001 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004) og eiga avstandsbetraktning med kikkert 17.06.2010 frå Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og boreal lynghei og buskmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Åsesetra ligg i lia nordvest for Sylte rundt 600 moh., like ovanfor skoggrensa. Setra er tilgjengeleg etter ein sti frå Klovsetsetra, eller frå Muriås. Fin utsikt. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4), der fjellgulaks og finnskjegg var dominerande artar. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer. Bjørkeskogen var sterkt attgrodd. Området rundt hadde og alpine lyngheier.

*Artsmangfald:* Av planter vart det notert m.a. blåklukke og lækjeveronika. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Åsesetra var seter for bruka på Muriås og Nerås. Fleire detaljar hos Stoknes (1995). Området synest ut frå kikkertbetraktning frå Ytterli (Fjørå) 17.06.2010 å vera ope framleis, og nokre sau vart observerte, men omfanget av beiting er uvisst. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga. Det kan og vera naudsynt med rydding.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria for B, m.a. på grunn av attgroingsstatus.

### **030 Valldal: Berdalssetra**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13460  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 091 108  
**Høgde:** 460 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 09.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetraktning med kikkert 17.06.2010, kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 09.08.2001 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004) og eiga avstandsbetraktning med kikkert 17.06.2010 frå Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal lynghei og buskmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Berdalssetra ligg i lia nordvest for Berdal i Valldalen. Setra ligg i bjørkeskogen og er tilgjengeleg etter ein sti frå Åsesetra eller frå Berdal-garden (her er det skogsveg eit stykke). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Stølsvollen var i 2001 prega av attgroing, først og fremst sølvbunkeeng (G3). Nedanfor vollen finst det granplantefelt. I området elles er det ein del bjørkeskog. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Arismangfald:* Av planter vart det notert m.a. augnetrøst-art, bergmynte, blåklokke, lækjeveronika, markjordbær, skoggråurt og stemorsblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, det er uvisst om han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Berdalssetra var seter for bruka på Berdal og bruk på Muri. Eit sel med fjøs i underetasjen og eit frittliggjande sel, 1 nedfalle fjøs, steinrøyser, steingard med fjøs (nedfalle), restar etter en steingard i nedkant og øverkant, og mot elva, fleire ruinar etter sel og fjøs. Ei kraftlinje går over setervollen og pregar stølsmiljøet. Fleire detaljar hos Stoknes (1995). Området synest ut frå kikkertbetraktning frå Ytterli (Fjørå) 17.06.2010 å vera open framleis, beiting er uvisst.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran bør fjernast. Det kan og vera naudsynt med rydding.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillir kriteria for B, m.a. på grunn av attgroingsstatus.

### **031 Valldal: Jamtesetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13500
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 093 111
<b>Høgde:</b>	480 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	09.08.2001 Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetraktning med kikkert 17.06.2010, kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 09.08.2001 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004) og eiga avstandsbetraktning med kikkert 17.06.2010 frå Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal lynghei og buskmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Jamtesetra ligg i lia nordvest for Jamtegarden i Valldalen like nord for Sylte. Setra ligg i bjørkeskogen og er tilgjengeleg etter ein sti frå Jamtegarden eller frå Klovsetsetra via Berdalssetra. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg

mest av morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseanisk vegetasjonssesjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Jamtesetra er sterkare attgrodd enn Berdalssetra, med sølvbunkeeng (G3), buskar og kratt. Det var i 2001 framleis restar av frisk fattigeng (G4). Dominerande artar var sølvbunke, bringebær, firkantperikum, engkvein og fjellgulaks. Omgjevnadene er prega av bjørkeskog og plantefelt med gran.

*Artsmangfald:* Av planter vart det notert m.a. blåklokke, ryllik, bleikstorr, røsslyng, engfrytle og tepperot. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, det er uvisst om han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Jamtesetra var seter for Jamtegarden og bruka på Uri, 5 i alt. Det har vore kontinuerleg drift i mange hundre år. På 1900-talet var det vanleg med 40 kyr på setra. Før ca. 1910 setra ein også med geit. Drifta tok slutt på 1940-talet. Det går ei kraftline gjennom området.

Bygningar: 3 sel frå 1800-talet i god stand, med fjøs i underetasjen (fint restaurert), det eine også samanbygd med eit fjøs, fleire ruinar etter sel og fjøs, steinrøys. Fleire detaljar hos Stoknes (1995). Beita av eit mindre tal sau og ungdyr i 1994. Sannsynlegvis ikkje beita i 2001. Området synest ut frå kikkertbetragtning frå Ytterli (Fjørå) 17.06.2010 å vera ope framleis.

*Framande artar:* Gran vart observert.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran bør fjernast. Det kan og vera naudsynt med rydding.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria for B, m.a. på grunn av attgroingsstatus.

### **032 Valldal: Uritun**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1138-1143 1053-1061
<b>Høgde:</b>	30 m
<b>Naturtype:</b>	D03 artsrik vegkant
<b>Utforming:</b>	
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i nedre del av Valldalen, langs vegen ved Uritun. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er delvis bearbeidd i samband med vegbygging. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen artsrik vegkant. Vegetasjonen var urterik, men er delvis invadert av hagelupin. Det finst grunnlendte knausar med tørrbakke- og tørrbergvegetasjon (G7, ein truga vegetasjonstype, F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. engtjæreblom, gjeldkarve, hårsvæve, prestekrage, raudknapp, skjermvæve og åkerminneblom.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Kantslått er viktig for mangfaldet her, som minner om slåttemark. Området verka lite gjødsla, men kan likevel vera påverka av gjødsling av dei dyrka areala ovanfor.

*Framande artar:* Det vart observert hagelupin (nokså mykje) og vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av kantslått kan føra til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med framhald i denne slåtten, som helst bør gå føre seg seint i sesongen så plantene får frø seg. Gjødsling og sprøyting bør unngåast, og grøfterensk bør berøra vegskråninga så lite som muleg.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ein artsrik vegkant med fleire kravfulle engartar.

### **033 Valldal: Valldalen**

**Nr i Storfjordprosjektet:** (NY)  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 1274 1124  
**Høgde:** 90 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 05.08.2009, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 05.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla beite. Avgrensinga mot vest er usikker pga. noko gjødsla beite iblanda potensiell naturbeitemark på magre parti, og er ikkje undersøkt.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på oversida av vegen ved Valldalsgardane i Valldalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer i dag naturtypen naturbeitemark, men har nok vore slått tidlegare. Vegetasjonen hadde delvis tørrengpreg (G4/G7, ein truga vegetasjonstype), det var mykje engkvein, gulaks, raudsvingel, kvitkløver og gulmaure.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. ask (2010: NT), aurikkelsvæve, blåknapp, engsmelle, engtjæreblom, gjeldkarve, gulmaure, hårsvæve, markjordbær, prestekrage, raudknapp, skoggråurt og smalkjempe. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området verka beita ved besøket. Området har truleg vore noko gjødsla, men stadvis hadde vegetasjonen lite gjødselepreg, særleg på meir grunnlendte stader.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar, av desse fleire tørrbakkeartar.

### **034 Valldal: Myklebust**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13510  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 130 116  
**Høgde:** 80-90 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 10.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2009 og 04.09.2009, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Silke Hansen 10.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08. og 04.09.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. I nord grensar lokaliteten til riksvegen og elles til dyrka mark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten er eit kupert beitelandskap (kanskje gamle slåtteeuger) med einskilde store bjørke- og furutre som ligg på nedsida av vegen ved Myklebust i Valldalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, det kuperne landskapet kan ha oppstått ved nedsmelting av breen i dalen. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og spreidde tre. Vegetasjonen var dominert av gras og lågvaksne urter, blant desse eit bra utval naturengplanter. Tørrare parti er dominert av gulaks, engkvein, kvitkløver og ryllik (frisk fattigeng, G4), fuktigare parti er dominert av sølvbunkeeng (G3). Av tre og buskar vart det sett bjørk, furu, gran, rogn og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. blåknapp, bråtestorr, bustnype, engsmelle, gjeldkarve, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, krattlodnegras, lækjeveronika, markjordbær, raudknapp og tviskjeggveronika. I 2001 vart det og funne blåklokke, blåkoll, sumpmaure, harerug og engfiol. Av sopp vart det i 2010 m.a. funne *Clavulinopsis laeticolor* raudgul småkøllesopp, *Entoloma sericellum* silkeraudskivesopp og *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU). I 2001 vart det dessutan funne tjøreraudskivesopp *Entoloma poliopus* og liten vokssopp *Hygrocybe insipida*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i god hevd i 2001, men vart ikkje beita i 2009. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert amerikamjølke, gran og platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører no til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Lokaliteten er framleis lett å restaurera. Platanlønn bør fjernast, og andre framande artar haldast under oppsikt og eventuelt fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og dessutan ein raudlisteart i kategori VU, men utan beiting og i tidleg attgroing.

### 035 Valldal: Heimsetra

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13480
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 143 142
<b>Høgde:</b>	290 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 03.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Silke Hansen 10.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 03.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, einerbuskmark og blåbærdominert lynchhei.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved Myklebustelva (Valldalsbotnen) nord for Myklebust i Valldalen. Setra er tilgjengeleg med bil opp frå Myklebust, vegen vart bygd i 1932-33.

Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og noko lyngmark og litt fukteng/myr. Grasmarka er dels frisk fattigeng (G4, 20%) med mykje gulaks, engkvein, engrapp og finnskjegg, dels med meir sølvbunke (G3, 5%), finnskjegg (G5, 30%) eller dominans av blåbær og buskas (50%). Biologisk sett er grasmarkene mest interessante. Setra er omgjeven av granskog. Av tre og buskar vart det elles sett bjørk, furu, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. harerug, lækjeveronika og tviskjeggveronika. Av sopp vart det m.a. funne *Camarophylloopsis schulzeri* gulbrun narrevokssopp (2006 og 2010: NT), *Entoloma aethiops* (2006 og 2010: VU, sjeldan art), *Entoloma jubatum* semska raudskivesopp (2006 og 2010: NT), *Hygrocybe canescens* tinnvokssopp (2006 og 2010: EN, ein svært sjeldan art), *Hygrocybe laeta* seig vokssopp og *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Valldalssetra og Heimsetra var seter for dei 8 bruka på Valldal. På 1800-talet setra alle bruka på begge setrane. Heimsetra gjekk ut av bruk ein periode, men frå ca. 1900 vart det på nytt setra her fordi 5 av bruka flytte heile setringa ned frå Valldalssetra. Drifta på Heimsetra slutta sist på 1950-talet. Elles vart det registrert torvgjerde, merkestein, og restar etter steingard. To nyare hytter. Fleire detaljar hos Stoknes (1995). Storfe på beite i 2001 og storfe og sau i 2010, med relativt bra beitetrykk. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observerte gran som kan koma til å så seg.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor viktig med framhald i beitinga. Ein bør vurderer å rydda lauvoppslag og sjølvsådd gran. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av mange setervollar i distriktet, desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med mange beiteindikatorar, mellom desse fem raudlisteartar, og av desse att ein svært sjeldan i kategori EN og ein mest like sjeldan i kategori VU. Lokaliteten er likevel forringa av buskas og lyng, og ville nok ikkje fått same verdi basert berre på vegetasjon og karplanteflora.

### 036 Valldal: Valldalssetra

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13360
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008398
<b>Posisjon:</b>	MQ 145 152
<b>Høgde:</b>	400 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.1995, Geir Gaarder & John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1997), 04.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

#### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Stoknes (1995), eige besøk saman med Geir Gaarder 04.09.1995 (Jordal & Gaarder 1997) og eige feltarbeid 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, meir gjødsla beite nær seterhusa, og lynghei og beita skog i ytterkantane av vollen.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Setrane ligg i Valldalsbotnen, ein sidedal til Valldalen ca. 1 mil nord for Sylte. Det går bilveg til Valldalssetra, som ligg ved og grensar til Myklebustsetra. Det går bilveg opp til setra frå Myklebust. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest morenemateriale, men med innslag av rasmateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark. Open, stadvis nokså fuktig setervoll med innslag av myr/fukteng. Det er ein del sølvbunke i beitemarka (sølvbunkeeng, G3), men og ein god del finnskjeggeng (G5) og frisk fattigeng (G4). Det er og fuktige

parti med smørtelg. I øvre deler er det ein del blåbærvegetasjon. I omgjevnadene er det bjørkeskog og plantefelt med gran. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer, og ein del oppslag av sjølvsådde granbusker. Noko småbjørk er rydda.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, fjellaugnetrøst, hårsvæve, knegras, kornstorr, kystmyrklegg, lækjeveronika, rome, ryllsiv, smørtelg, småengkall og tviskjeggveronika. I 1995 vart det dessutan funne blåkoll, dvergjamne, fjelltimotei, harerug, jonsokkoll, kattefot, prestekrage, skoggråurt, smalkjempe og særbustorr. Av sopp vart det i 2009 m.a. funne *Camarophyllopsis schulzeri* gulbrun narrevokssopp (2006 og 2010: NT), *Clitocybe clavipes* klubbetraktsopp, *Entoloma infula* bleikskiva raudskivesopp, *Entoloma papillatum* vorteraudskivesopp, *Entoloma prunuloides* mjølraudskivesopp (2006: NT, 2010: VU), *Hygrocybe ingrata* raudnande lutvokssopp (2006: NT, 2010: VU) og *Hygrocybe reidii* honningvokssopp. 1995: 15 beitemarkssopp vart funne, mellom desse gulfotvokssopp *Hygrocybe flavipes* (2006 og 2010: NT), svartdogga vokssopp *H. phaeococcinea* (2006 og 2010: NT), raudnande lutvokssopp og mjølraudskivesopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Valldalssetra var seter for dei 8 bruka på Valldal. På 1800-talet setra alle bruka. Det vart drive meieri her frå 1901 til 1915. Vollen vart slått fram til 1940-talet. Drifta på Valldalssetra tok slutt i 1962-63. Stoknes (1995) har fleire detaljar. Middels beitetrykk av sau i 1995. Området var i 2009 framleis ein del beita av storfe. Området verka jamt over relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det er planta litt gran.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga kombinert med rydding av busker inkludert gran. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av mange setervollar i distriktet, desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og tre raudlisteartar, men med visse teikn på gjødsling.

### **037 Valldal: Myklebustsetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13320
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008397
<b>Posisjon:</b>	MQ 147 154
<b>Høgde:</b>	440 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.1995, Geir Gaarder & John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1997), 04.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Stoknes (1995), eige besøk saman med Geir Gaarder 04.09.1995 (Jordal & Gaarder 1997, Naturbase: BN00008397) og eige feltarbeid 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskild god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Myklebustsetrane ligg i Valldalsbotnen, ein sidedal til Valldalen ca. ei mil nord for Sylte, ved vegenden innanfor Valldalssetra. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest morenemateriale, men med innslag av rasmateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og innslag av andre naturtypar. Open setervoll med relativt mykje lyng (rundt 50% er dominert av blåbærlyng) og noko finnskjeggeng, sølvbunkeeng og frisk fattigeng (G5, G3, G4, til saman rundt 50%). Vegetasjonen i omgjevnadene er mest bjørkeskog, men med innslag av planta gran. Området er prega av attgroing, m.a. med bjørk langs kantane. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, fjellaugnetrøst, harerug, hårsvæve, lækjeveronika, setergråurt, skoggråurt og trefingerurt. I 1995 vart det dessutan funne blåklokke,

fjelltimotei, jonsokkoll og kjertelaugnetrøst. Av sopp vart det m.a. funne *Entoloma sericeum* beiteraudskivesopp, *Hygrocybe flavipes* gulfootvokssopp (2006 og 2010: NT), *Hygrocybe irrigata* grå vokssopp, *Hygrocybe nitrata* lutvokssopp (2010: NT), *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp. I 1995 vart det dessutan funne brunfnokka vokssopp *Hygrocybe helobia*.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Myklebustsetra var seter for 4 bruk på Myklebust. Setra var i drift til rundt 1950. Det finst vidare fleire rydningsrøyser, restar etter fegate og fleire ruinar etter sel, løer og fjøs, av desse to større ruinar etter steinfjøs. Meir informasjon hos Stoknes (1995). Det finst og fire hytter. Området var i 1994-1995 beita av sau og storfe, og var også i 2009 framleis ein del beita av storfe og streifande sau. Det er oppslag av bjørkebuskar og sjølvsådd smågran. Det er gjennomført punktsprøyting av bjørkebuskar. Området verka relativt lite gjødsla.

**Framande artar:** Gran vart observert, delvis sjølvsådd.

**Skjøtsel og omsyn:** Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er ein av mange setervollar i distriktet, desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med ein skilde beiteindikatorar og dessutan to raudlisteartar i låg kategori.

### **038 Valldal: Kreksethaugen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13908
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 148 130
<b>Høgde:</b>	330 m
<b>Naturtype:</b>	D05 hagemark
<b>Utforming:</b>	D0501 bjørkehage
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2009, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Silke Hansen 06.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom hagemark og mindre tydeleg beita skogsmark. Ein har velt å ta med det halvopne området som skiljer seg frå skogen rundt.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Frå setervegen til Omnossetra går det ein veg til høgre til ein open bjørkehage med flott utsikt over Valldalen ovanfor Omnos. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone (SB/MB) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten tilhøyrer naturtypen hagemark (har tidlegare vore slått), men det finst og noko open naturbeitemark. Vegetasjonen besto av frisk fattigeng (G4) med gulaks og engkvein og innslag av noko finnskjepp og litt sølvbunke. Det var somme stader litt einstape. Av tre og buskar vart det sett bjørk, furu, gran, rogn, bustnype og einer.

**Artsmangfald:** Av planter vart det i 2009 notert m.a. blåknapp, bustnype, fjellaugnetrøst, grov nattfiol, harerug, hårsvæve, klokkevintergrøn, knegras, kornstorr, lækjeveronika, nattfiol, smalkjempe og tviskjeggveronika. I 2002 vart det og notert blåkoll. Av sopp vart det funne *Entoloma asprellum* blåstilka raudskivesopp, og det er truleg potensiale for fleire beitemarkssoppar.

**Bruk, tilstand og påverknad:** I 2002 vart det notert at deler av plassen vart slått. I 2010 var det oppslag av småbjørk og ikkje teikn til korkje beiting eller slått. Området verka lite gjødsla.

**Framande artar:** Lokaliteten grensar til eit granplantefelt i søraust, grana tek til å så seg.

**Skjøtsel og omsyn:** Opphøyr av beite fører no til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga, kombinert med rydding. Sjølvsådd gran bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Bjørkehagen er del av eit større område som truleg har vore slått og beita i lang tid.  
*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei hagemark med einskilde beiteindikatorar, men som er gått ut av hevd og er i byrjande attgroing.

### **039 Valldal: ved Omnos**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13910  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 144 125  
**Høgde:** 100 m  
**Naturtype:** D01 slåttemark  
**Utforming:** D0104 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 06.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2009, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Silke Hansen 06.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nær riksvegen ved krysset mot bustadfeltet på Omnos (10/11). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men det vert ikkje beita. Vegetasjonen var prega av frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, finnskjegg, ein del prestekrage mm. Av tre og buskar vart det sett bjørk og hassel.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. blåknapp, bråtestorr, harerug, hassel, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, liljekonvall, prestekrage, skjermsvæve og smalkjempe. I 2002 vart det og funne blåkoll, skogmarihand, blåklokke, markjordbær, nattfiol, tiriltunge og storblåfjør. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Bruket består av eit gamalt, lafta fjøs og ei nyare hytte. Det er fleire terrassar og murar på plassen. Området vert slått som ein del av fritidsbruken. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slått. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med einskilde engartar.

### **040 Valldal: Bøplassen nord**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13760  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 214 122  
**Høgde:** 280-320 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 01.07.2002, Silke Hansen, Liv Sterten, Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 04.09.2009, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen, Liv Sterten og Bolette Bele 01.07.2002 (Norderhaug et al. 2004), og eige feltarbeid 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Lokaliteten grensar til meir gjødsla mark, skog og granplantefelt.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg eit stykke nord for vegen gjennom Valldalen nordaust for Alstad, nord for Olavskjelda og Bøplassen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, bustnype, harerug, hårsvæve, ein art i hårsvæve-gruppa, kvitmaure, markjordbær, prestekrage, skogfiol, småengkall og tviskjeggveronika. I 2002 vart det dessutan funne blåklokke, blåkoll, brudespore (2006: NT), engfiol, heiblåfjør, jonsokkoll, karve, kattedot, skogmarihand og tiriltunge. Av sopp vart det i 2009 m.a. funne *Clavulinopsis laeticolor* raudgul småkøllesopp, *Entoloma caesiocinctum* blårandraudskivesopp, *Entoloma exile* flammefotraudskivesopp, *Entoloma juncinum* striperaudskivesopp, *Entoloma minutum*, *Entoloma papillatum* vorteraudskivesopp, *Hygrocybe ceracea* skjør vokssopp, *Hygrocybe chlorophana* gul vokssopp, *Hygrocybe coccinea* mønjevokssopp, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp, *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, *Hygrocybe laeta* seig vokssopp, *Hygrocybe nitrata* lutvokssopp (2010: NT), *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp, *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU), *Mycena flavoalba* elfenbeinhette og *Rhodocybe caelata* væpnarhatt.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2009 framleis beita av storfe. Området verka lite gjødsla. Framande artar: Det vart observert gran.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran og anna buskoppslag bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med mange beiteindikatorar og to raudlisteartar.

## 041 Valldal: Bøplassen aust

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 213 121
<b>Høgde:</b>	310 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.2009, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg eit stykke nord for vegen gjennom Valldalen nordaust for Alstad, nordaust for Olavskjelda og aust for Bøplassen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4) med engkvein, fjellgulaks og finnskjegg. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, harerug, hegg, hårsvæve, knegras, kvitmaure, lækjeveronika, prestekrage, skogfiol, småengkall og tviskjeggveronika. Av sopp vart det

m.a. funne *Entoloma caesiocinctum* blårandraudskivesopp, *Entoloma formosum* bronseraudskivesopp, *Hygrocybe chlorophana* gul vokssopp, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp, og dessutan *Macrolepiota procera* stor parasollsopp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Området var i 2009 framleis beita av storfe som er inngjerda med elektrisk gjerde, men gror likevel sakte att. Området verka lite gjødsla.

**Framande artar:** Ingen observerte artar.

**Skjøtsel og omsyn:** Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

## 042 Valldal: Alstadsetra

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13450
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 213 109
<b>Høgde:</b>	370 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 03.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

### Områdeskildring

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Stoknes (1995), besøk av Silke Hansen 11.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 03.09.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Vollen grensar mot skog på alle kantar.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei nordvendt li 370 moh i Valldalen, søraust for Gudbrandsjuvet og sørvest for Grønning. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart til svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O2/O1).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark. Alstadsætra er delvis attgrodd med bringebær, ung bjørk, gråor og bregner. Deler av vollen har framleis frisk fattigeng og litt sølvbunkeeng (G4, G3) med ein del naturengplanter. Grasmarkene utgjer rundt 30%, medan blåbær og attgroingsmark med buskas utgjer 70%. Setervollen er stadvis litt forsumpa. Det vart observert fleire gamle styvingstre (bjørk). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

**Artsmangfald:** Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, grønvier, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika og myrmaure. I 2001 vart det og funne fjelltimotei, prestekrage, småengkall, blåklokke, engfiol, harerug og blåkoll. Av sopp vart det m.a. funne *Clavulinopsis helvola* gul småkøllesopp, *Clitocybe clavipes* klubbetraktsopp, *Entoloma asprellum* blåstilka raudskivesopp, *Entoloma infula* var. *chlorinosum* hetteraudskivesopp, *Entoloma polioopus* tjæreraudskivesopp, *Hygrocybe ceracea* skjør vokssopp, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp, *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp, *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU) og *Mycena citrinomarginata* gulhette.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Opprinneleg var det 11 bruk som setra på Alstadsætra. Det vart slutt på setringa etter krigen. Setra vart tatt av ras i 1970. To nye hytter. Beitedyr (kyr og sau) streifa rundt Alstadsetra i 2001. Området er også i 2010 beita av streifande storfe. Dessutan er deler av områda nærast hyttene slått med motorljå. Området verka lite gjødsla.

**Framande artar:** Ingen observerte artar.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fleire fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av mange setervollar i distriktet, desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og dessutan ein raudlisteart i kategori sårbar. Lokaliteten er liten og har fått redusert areal som følgje av hyttebygging og attgroing.

### **043 Valldal: Nedstestølen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13330
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008396
<b>Posisjon:</b>	MQ 255 174
<b>Høgde:</b>	420 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.09.1995, Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 02.10.1996, John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1997), 04.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Stoknes (1995), eige besøk saman med Geir Gaarder 04.09.1995 (Jordal & Gaarder 1997), og eige feltarbeid 02.10.1996 og 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Lokaliteten grensar til skog og til elva. Lokaliteten er ein del av Trollstigen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på nordsida av elva Valldøla nord for Langdalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg dels av morenemateriale, og dels av elveavsett materiale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og ruinar og meir gjødsla parti. Vegetasjonen var gras- og urtedominert, somme stader noko nitrofile etter tidlegare tiders gjødsling (G14), og litt prega av dårleg beitetrykk. Frisk fattigeng utgjer rundt 80-90% av arealet, medan blåbær og nitrofile grasmarker utgjer 10-20%. Best utvikla frisk fattigeng (G4) var det i kantane og på veldrenerte ryggar, her og med større innslag av naturengartar og beitemarkssopp. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, harerug, hestespreng, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, skoggråurt, trefingerurt og tviskjeggveronika. 1995-96: Vi fann 8 relativt vanlege beitemarkssopp og 45 planteartar, av desse 14 naturengplanter og 4 seterartar, m.a. blåklukka, fjellaugnetrøst, fjelltimotei, hårsvæve og tiriltunge. Av sopp vart det i 2009 m.a. funne *Hygrocybe ceracea* skjør vokssopp, *Hygrocybe chlorophana* gul vokssopp, *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, *Hygrocybe insipida* liten vokssopp, *Hygrocybe laeta* seig vokssopp, *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Hygrocybe psittacina* grøn vokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp og *Mycena flavoalba* elfenbeinhette. I 1995 vart det dessutan funne mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (2006: NT, 2010: VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Setergrenda låg tidlegare på nordsida av elva (Gamlesetra). Her er det no berre ruinar av gamle husmurar og steingjerde. Blant ruinane var og eit meieri som var i funksjon rundt år 1900. Bru over elva. Setergrenda vart flytta til sørsida av elva i 1905 etter at det meste vart øydelagt av fonn. På 1930-talet setra 13 bruk frå Døving, 2 frå Gjerde og 2 frå Høghjelle. Det var da omkring 100 kyr her. Det vart køyrt mjølkerute frå 1926. Setra var i drift til 1961 eller 1962. Setervollan hadde i 1995 dårleg beitetrykk. Området var i 2010 framleis beita av sau, men det var mykje strø og langt gras. Området verka relativt lite gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dårleg beitetrykk har ført til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med sterkare beitetrykk. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med relativt mange beiteindikatorar og ein raudlisteart.

### **044 Valldal: Øvstestølen**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13370  
**Naturbasenummer** BN00008395  
**Posisjon:** MQ 265 178  
**Høgde:** 530 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 04.09.1995, Geir Gaarder & John Bjarne Jordal (Jordal & Gaarder 1997), 04.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Stoknes (1995)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Stoknes (1995), eige besøk saman med Geir Gaarder 04.09.1995 (Jordal & Gaarder 1997) og eige feltarbeid 04.09.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskild god, betre enn 20 meter. Det avgrensa området ligg ovanfor vegen og inngjerda hyttetomter er ikkje tekne med.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten er ei setergrend med ein del hytter ved riksvegen øvst i Valldalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellom- til nordboreal vegetasjonssone (MB-NB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Det er lite opne grasareal igjen (mest frisk fattigeng, G4), det meste kring husa. I omgjevnadene er det mest bjørkeskog, men og litt furu og noko planta gran. Området er prega av attgroing.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, fjellaugnetrøst, grønvier, kattefot, musøyre og trefingerurt. I 1995 vart det dessutan funne fjellmarikåpe, fjelltimotei, kjeldeurt og kjertelaugnetrøst. Av sopp vart det m.a. funne *Clavulinopsis helvola* gul småkøllesopp, *Entoloma asprellum* blåstilka raudskivesopp, *Hygrocybe ceracea* skjør vokssopp, *Hygrocybe nitrata* lutvokssopp (2010: NT), *Hygrocybe psittacina* grøn vokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp, *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Øvstestølen var seter for gardane Bjørstad og Langedalen, og bruk på Myra og Berli. Bjørstad og Berli har hatt seter her iallfall sidan tidleg på 1700-talet. I første halvdel av 1900-talet var det inntil 50-60 kyr på setra. Berre garden Langedalen hadde da støl og rett til all gjødsla. Øvstestølen var i bruk til omkring 1950. Området er mykje i bruk til friluftsmål. Området var i 2009 framleis beita av sau. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert sitkagran.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran bør fjernast. Fysiske inngrep (m.a. fleire hytter), gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er mindre restar av naturbeitemark mellom husa, med einskilde beiteindikatorar og dessutan to raudlisteartar.

### **045 Fjørå: Nerhus vegkant**

**Nr i Storfjordprosjektet:** (NY)  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 1303-1322, 0799-0806  
**Høgde:** 5 m  
**Naturtype:** D03 artsrik vegkant  
**Utforming:**  
**Verdi:** A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 17.06.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Lokaliteten grensar til vegen, dyrka mark og bustader/hagar.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg langs vegen til Tafjorden like aust for Fjørå. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er opprinneleg truleg ei blanding av morenemateriale og rasmateriale, men er dels bearbeidd i samband med vegbygging. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen artsrike vegkant, det er mest øvre (nordre) vegkant som er registrert, men kanten mot sjøen har og einkilde interessante artar. Vegetasjonen var urterik, og dels frisk fattigeng (G4), dels tørrenger (G7, ein truga vegetasjonstype) og dels bergknausar (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeminneblom, bakkeveronika, brudespore (2006: NT), dunhavre, engtjæreblom, gjeldkarve, *Hieracium moechiadium* (hårsvævegruppa, utan norsk namn), humle, hårsvæve, kjøtttype, kvitbergknapp, kvitbladtistel, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, mørkkongslis, skjermsvæve, skogbjørnebær, smalkjempe, smørbukk, småbergknapp, stankstorkenebb, stormaure, sølvmore, tofrøvikke, tviskjeggveronika, vårskrinneblom og åkerminneblom. Fleire av desse er regionalt sjeldne.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vert truleg slått framleis. Lokaliteten verka ikkje gjødsla, men grensar til dyrka mark som har vore gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert hagelupin og vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig med framhald i kantslått, og denne bør helst føregå seint i sesongen så plantene får frø seg. Gjødsling og sprøyting bør unngåast, og grøfterensk bør ikkje berøra vegskråninga utanfor grøfta.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ein uvanleg artsrik vegkant med fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar som bakkeminneblom, bakkeveronika, brudespore, engtjæreblom, *Hieracium moechiadium* og tofrøvikke.

### 046 Fjørå: Nerhus aust

**Nr i Storfjordprosjektet:** 13820 (delvis)  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MQ 134 082  
**Høgde:** 10-30 m  
**Naturtype:** D05 hagemark  
**Utforming:**  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 30.06.2002, Liv Sterten, Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 17.06.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 30.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom hagemark og skog.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg langs vegen til Tafjorden like aust for Fjørå. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest morenemateriale, men med innslag av rasmateriale. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhører naturtypen hagemark med innslag av open naturbeitemark. Heile området har truleg vore ope tidlegare. Vegetasjonen var urterik og mest i slekt med tørreng (G7, ein truga vegetasjonstype). Av tre og buskar vart det sett bjørk, hassel og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeminneblom, dunhavre, engreverumpe, engtjæreblom, gjeldkarve, gulskolm, hengjeaks, hårsvæve, jonsokkoll, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, mørkkongsllys, stormaure og tviskjeggveronika. I 2002 vart det dessutan funne bakkemynte, bergmynte, blåklokke, blåknapp, blåkoll, engsmelle, gulmaure, raudknapp, rosenrot, smalkjempe, smørbukk og tiriltunge. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppsesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Frå gamalt av var det både sau (10-12 vinterfora), geit og kyr (3-4) på garden. Mjølkeproduksjonen tok slutt i 1970, og sauehaldet i 1980. Det var kjøtproduksjon fram til 1999. I dag er det ikkje aktiv drift, og areala som ikkje er fulldyrka gror att. Tidlegare dreiv dei også med frukt dyrking på garden og ein del av dei gamle frukttræa står att. Areala består hovudsakleg av svakt gjødsla fattigeng på restareal langs kantane mot skogen.

*Framande artar:* Det vart observert skvallerkål.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar, men er i dårleg hevd. Attgroinga dreg ned, medan artsutvalet kombinert med god hevd kunne ha gjeve verdi A.

## **047 Fjørå: Solbakken**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13860
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 132 086
<b>Høgde:</b>	260-270 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.06.2002, Liv Sterten, Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 17.06.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 30.06.2002 (Norderhaug et al. 2004), informasjon på ein plakat på staden og eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Lokaliteten er for det meste omkransa av skog. Heile det opne arealet er teke med, men ein er litt i tvil om heile innmarka burde vore med sidan sentrale deler ber preg av å ha vore gjødsla.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i bratt terreng eit stykke opp frå sjøen i Fjørå, nedanfor Sætra. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhører naturtypen naturbeitemark. Noko gjødselfrega fattigeng, stadvis sølvbunkedominert, samt delvis innslag av hundegras og smyle, men og ein del frisk fattigeng (G4) dominert av gulaks og engkvein. Fruktthage med moreller og eple. Av tre og buskar vart det sett bjørk, furu, osp og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, eittårsknavel, engreverumpe, gjeldkarve, hårsvæve, jonsokkoll, lækjeveronika, markjordbær, raudknapp, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom, storblåfjør, stormaure, sølvmore, tviskjeggveronika og vårskrinneblom. I 2002 vart det dessutan funne blåkoll, finnskjegg, tusenfryd, blåklokke, gjeldkarve,

prestekrage, tiriltunge, kvitmaure, harerug, kransmynte, engsmelle og ein augnetrøst-art. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Solbakken var tidlegare husmannsplass under Sætra. Her hadde dei ei ku og nokre sauer. Kastefolket flytte hit i 1956. Solbakken vart fråflytta ca. 1990, og fungerer i dag som sommarhus. Terrassert tidlegare slåttemark. Sauene ifrå Sætra går på beite her, og området var i 2010 godt nedbeita ved besøket. Området verka relativt lite gjødsla i utkantane og rundt grunnlendte knausar, men vegetasjonen er stadvis meir nitrofil, m.a. ved fjøset.

*Framande artar:* Det vart funne skvallerkål.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av skjøtsel i form av slått eller beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt og relativt artsrik naturbeitemark med m.a. einskilde tørrbakkeplanter.

### **048 Fjørå: ovanfor Solbakken**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1337 0865
<b>Høgde:</b>	325 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Lokaliteten er for det meste omkransa av skog.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i bratt terreng eit stykke opp frå sjøen i Fjørå, nedanfor Sætra. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng og finnskjeggen (G4, G5). Av tre og buskar vart det sett bjørk, furu, selje, hengjebjørk, gråor, rogn, hegg og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det notert m.a. aurikkelsvæve, blåknapp, bråtestorr, engreverumpe, hegg, hengjebjørk, lækjeveronika, skogfiol, smalkjempe, stemorsblom, storblåfjør og tviskjeggveronika. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av sauene frå Sætra. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i skjøtsel i form av slått eller beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

### **049 Fjørå: Brattli**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13740
----------------------------------	-------

<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 133 085
<b>Høgde:</b>	300-350 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.06.2002, Liv Sterten, Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 17.06.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 30.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Heile det opne arealet er teke med, og lokaliteten er for det meste omkransa av skog.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten er ein av Sæterplassane og ligg i bratt terreng eit stykke opp frå sjøen i Fjørå, nedanfor Sætra, men ovanfor Solbakken. Ein følgjer vegen oppover mot Hauge og Ytterli, og så vidare stien som er skilta mot Almdalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, men kan og innehalda rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Opprinneleg var dette slåttemark, der store deler av arealet i dag består av noko gjødselpåverka naturbeitemark. Det er mest frisk fattigeng (G4), men og litt innslag av sølvbunkeeng (G3) med noko kvitkløver. Spesielt gjeld dette områda omkring husa. Mindre areal med tørrbakkevegetasjon og areal som er mindre gjødselpåverka gjev bidrag til eit større artsmangfald. Av tre og buskar vart det sett alm (styva, 2006 og 2010: NT), bjørk, hengjebjørk, selje, gråor, hegg og furu.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, gjeldkarve, hegg, hengjebjørk, karve, marinøkkel (2006: NT), markjordbær, raudknapp, smalkjempe, stormaure og tviskjeggveronika. I 2002 vart det og funne blåklokke, engsmelle, finnskjegg, harerug, kvitmaure, lintorskemunn, lækjeveronika, tiriltunge og vill-lauk. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Brattli var ein gamal husmannsplass under Sætra. Dei hadde ei ku og nokre sauer. Plassen vart fråflytta på 1960-talet og vert i dag nytta til fritidshus. Mange rydningsrøyser og delvis steinutgard omkring innmarka. Løypestreng (GPS 413435 – 6908607). Styva tre, hovudsakleg alm. Sauer frå Sætra beiter i området i dag.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald av skjøtsel i form av slått eller beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar. Marinøkkel er ein kravfull art som er sjeldan i Storfjorden, men han står ikkje på raudlista 2010.

### 050 Fjørå: Sætra nedre

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13880
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 135 088
<b>Høgde:</b>	350-400 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	30.06.2002, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 17.06.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 30.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko tvil om dei mest gjødsle delene burde ha vore utelett, men det er ein finskala-mosaikk som gjer det vanskeleg å dela opp.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Svært bratt område som ligg nedanfor Sætra i nordaustre del av Fjørå, knapt 400 meter over havet. Ein har utelett eit område i vest pga. for mykje gjødselpreg, m.a. med mørkare grønfarge på ortofoto. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, men kan og vera iblanda rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark, av tørr utforming. Vegetasjonen hadde eit sterkt tørrbakkepreg, og er mest i slekt med svakt baserik tørreng (G7, ein truga vegetasjonstype). Av tre og buskar vart det sett alm (2006 og 2010: NT), bjørk, hengjebjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, bakkeveronika, eittårsknavel, engsmelle, gjeldkarve, *Hieracium moechiadium* (ein småart frå hårsvævegruppa), høymole, hårsvæve, karve, lintorskemunn, lækjeveronika, raudknapp, sandarve, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom, stormaure, vårpengeurt, våskrinneblom og åkerminneblom. I 2002 vart det dessutan notert augnetrøst-art, blåklukke, finnskjegg, prestekrage og tiriltunge. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fram til 1945 hadde dei geiter på Sætra. Bruket er no i drift med sau. Innmarka vert beita vår og haust, og enga svakt gjødsle med kunstgjødsel (salpeter om vårane). I dei brattaste partia har dette truleg avgrensa effekt på artsmangfaldet. Det var fleire rydningsrøyser.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsle meir enn i dag.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med mange beiteindikatorar, særleg slike som er knytt til tørre enger og knausar. Det var fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar.

## 051 Fjørå: Sætra øvre

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1350 0898
<b>Høgde:</b>	440 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Lokaliteten er eit lite kantområde, berre omlag 15x20 meter, og grensar til fulldyrka eng og skog.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i søraustre del av bygda øvst ved veg ifrå Fjørå til Sætra. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark. Han grensar mot granskog ovanfor og elles mot fulldyrka og meir intensivt driven mark. Vegetasjonen var dominert av rosettplanter og kan førast til frisk fattigeng (G4).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. brudespore (2006: NT), grov nattfiol, kvitbladtistel og storblåfjør. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fram til 1945 hadde dei geiter på Sætra. Bruket er no i drift med sau. Innmarka vert beita vår og haust. Dette er eit kantområde som verka relativt lite gjødsla. I nedkant er det rydningsrøyser.

*Framande artar:* Det vart observert gran inntil lokaliteten.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i den tradisjonelle drifta i form av slått og beite. Sjølvsådd gran bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn i dag.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med einskilde engartar.

## **052 Fjøra: Ytterli aust**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13630
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 111 086
<b>Høgde:</b>	390 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Norderhaug et al. (2004) har og ei skildring av heile Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg frå Fjøra opp til Ytterli, som ligg høgt og fritt over Norddalsfjorden. Lokaliteten ligg aust for Ytterligardane, ovanfor gardsvegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark.

Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med innslag av tørrbakke- og knausvegetasjon rundt berga (F3).

Dominerande artar var engkvein, gulaks og finnskjegg. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeveronika, blåknapp, bråtestorr, eittårsknavel, geitsvingel, gjeldkarve, hassel, hårsvæve, hårsvæve, jonsokkoll, kattedot, krattlodnegras, krossknapp, lækjeveronika, markjordbær, raud jonsokblom, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom, storblåfjør, sølvmore, tviskjeggveronika, vårskrinneblom og åkerminneblom.

Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger beita, det er nyleg slutt på sauehaldet. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite vil føra til attgroing med høg vegetasjon, buskar og meir skog.

Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga. Platanlønn bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden, og Ytterli har særleg store areal.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

### **053 Fjørå: Ytterli nordaust**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13630
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1125 0874
<b>Høgde:</b>	410 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Norderhaug et al. (2004) har og ei skildring av heile Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg frå Fjørå opp til Ytterli, som ligg høgt og fritt over Norddalsfjorden. Lokaliteten ligg eit stykke ovanfor gardsvegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med innslag av finnskjeggen og sølvbunkeeng (G3, G5). Av tre og buskar vart det sett bjørk, furu, hassel, rogn og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, eittårsknavel, gjeldkarve, harerug, hassel, hårsvæve, jonsokkoll, krattlodnegras, lækjeveronika, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle og storblåfjør. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppsesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger beita, det er nyleg slutt på sauehaldet. Området verka relativt lite gjødsla. Det er stadvis oppslag av busker og einstape.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite vil føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden, og Ytterli har særleg store areal.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

### **054 Fjørå: Ytterli nord**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13630
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1094 0864
<b>Høgde:</b>	370 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Norderhaug et al. (2004) har og ei skildring av heile Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg frå Fjóra opp til Ytterli, som ligg høgt og fritt over Norddalsfjorden. Lokaliteten ligg eit stykke ovanfor gardsvegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med innslag av finnskjegg, elles noko blåbærvegetasjon og bjørkebusker. Av tre og buskar vart det sett bjørk, hengjebjørk, rogn, selje, furu og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, eittårsknavel, harerug, hassel, hegg, hengjebjørk, jonsokkoll, karve, kvitsymre, lækjeveronika, platanlønn, smalkjempe, småbergknapp, storblåfjør og tviskjeggveronika. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger beita, det er nyleg slutt på sauehaldet. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite vil føra til attgroing med høg vegetasjon, buskar og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga. Platanlønn bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden, og Ytterli har særleg store areal.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med ein skilde beiteindikatorar.

## **055 Fjóra: Ytterli ved hytte**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13630
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1082 0858
<b>Høgde:</b>	360 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Norderhaug et al. (2004) har og ei skildring av heile Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg frå Fjóra opp til Ytterli, som ligg høgt og fritt over Norddalsfjorden. Lokaliteten ligg nordvest for gardane mot skogkanten. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med innslag av tørrbakke- og knausvegetasjon rundt berga (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, beitesvæve, blåknapp, bråtestorr, engreverumpe, harerug, hassel, hengjeaks, hårsvæve, jonsokkoll, kattedot, knegras, kvitmaure, liljekonvall, markjordbær, nattfiol, nyresoleie, raud jonsokblom, smalkjempe, småsmelle, stemorsblom, tviskjeggveronika, vårskrinneblom og åkerminneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger beita, det er nyleg slutt på sauehaldet. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite og slått vil føra til attgroing med høg vegetasjon og busker. Det er derfor ønskjeleg med framhald av skjøtsel i form av slått eller beite. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Platanlønn bør fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden, og Ytterli har særleg store areal.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einiskilde beiteindikatorar.

### **056 Fjørå: Ytterli vest**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13630
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 1069 0855
<b>Høgde:</b>	350 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	17.06.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 17.06.2010. Norderhaug et al. (2004) har og ei skildring av heile Ytterli. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det går bilveg frå Fjørå opp til Ytterli, som ligg høgt og fritt over Norddalsfjorden. Lokaliteten ligg eit stykke vest for gardane langs ein sti til eit utsiktspunkt over Valldalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten bør truleg først til naturtypen slåttemark, i alle høve var her slått i 2010. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med innslag av tørrbakkevegetasjon (G7, ein truga vegetasjonstype). Viktige artar var gulaks, engkvein, finnskjegg, smalkjempe, ryllik, raudkløver og tiriltunge.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. brudespore (2006: NT), bråtestorr, gjeldkarve, jonsokkoll, karve, lintorskemunn, lækjeveronika, markjordbær, raud jonsokblom, smalkjempe og vårpengeurt. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger beita, det er nyleg slutt på sauehaldet, men det var slått i 2010. Området verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite og slått vil føra til attgroing med høg vegetasjon og busker. Det er derfor ønskjeleg med framhald av skjøtsel i form av slått eller beite. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Men øvre deler av Fjørå har trass alt att meir verdifullt kulturlandskap enn dei fleste andre stader i fjorden, og Ytterli har særleg store areal.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med eit middels utval engartar.

### **057 Tafjord: Muldal**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 13440
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 187 037
<b>Høgde:</b>	360 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark

<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	25.07.2001, Ann Norderhaug (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Tafjord (1966)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 25.07.2001 av Ann Norderhaug (Norderhaug et al. (2004) og eige feltarbeid 05.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom attgroande naturbeitemark, tørre berg og meir gjødsla innmark. Lokaliteten er ein del av Tafjorden-Reindalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg rundt 360 meter over havet ved utløpet av ein hengjedal der Muldalsfossen stupar 180 m ned. Ein kjerreveg slynger seg opp dit frå vegen ved Sødalsvika ved Tafjorden. Berggrunnen består av augegneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg truleg i overgangen mellom sør- og mellomboreal vegetasjonssone (SB/MB) og iovergangsseksjonen mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er mest i slekt med naturbeitemark, men er delvis dominert av grunnlendte berg, og vil gro sakte att om ikkje beitinga vert teken opp att. Det finst frisk fattigeng og tørrengflora (G4, G7, ein truga vegetasjonstype) på knausane nær husa. Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. burot, eittårsknavel, engsmelle, geitsvingel, hegg, hårsvæve, kvitbergknapp, lintorskemunn, lækjeveronika, smalkjempe, smørbukk, småbergknapp, småengkall, småsmelle, sølvmore, tviskjeggveronika og vårpengeurt. I 2001 er det og funne jonsokkoll, knegras og storblåfjør. Det vart ikkje funne sopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Muldal tilhørte Giskegodset, men vart på 1600-tallet overteke av Frimannsætta som åtte heile Tafjordbygda. Muldal består av to like store bruk. Begge bruka hadde i 1655 1 hest, 7 kyr, 6 sauer og 3 geiter. I 1802 hadde dei 7 naut, 1 hest og 16 småfe kvar. Også seinare har det vore hest, geit, kyr og gris på Muldal og det var full drift fram til 1957. Sidan var det geitebruk til drifta vart lagt ned i 1970-åra. Området er ikkje lenger beita (2009). Dei grunnlendte berga verka lite gjødsla, men gror sakte att.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av beitinga, evt. skjøtselsslått (lite og overkommeleg areal). Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei attgroande naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar, mellom desse nokre tørrengartar.

### 058 Tafjord: Kaldhusdalen, småbruket

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13780
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 1852 9784
<b>Høgde:</b>	200 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2009, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Bolette Bele og Liv Sterten 28.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av attgroingseng og overgangar mot meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg lett tilgjengeleg langs vegen oppover til Kaldhussæter frå Tafjord. Berggrunnen består av augegneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har vore slåttemark, men er ikkje slått på lenge, og kan truleg best klassifiserast som naturbeitemark i attgroing. Vegetasjonen var attgroande frisk fattigeng (G4) på udyrka deler ved husa. Oppslag av osp, rogn og hegg.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. lækjeveronika, markjordbær, småengkall og tviskjeggveronika. I 2002 vart det og notert blåklokke, skogmarihand og flekkmarihand. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men det kan framleis vera eit svakt potensiale for beitemarkssopp nord for husa.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Her har tidlegare vore 30 geit, 6 kyr og 10 sauer. Då siste brukar døydde i 1997 hadde han 10 sauer att. Området er ikkje lenger beita. Området verka ikkje mykje gjødsla på dei overflatedyrka delane ved husa.

*Framande artar:* Det vart observert svarthyll.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite har ført til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av slått eller beiting. Fysiske inngrep bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria for B, m.a. på grunn av attgroingsstatus.

## **059 Tafjord: Kaldhusdalen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13770
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 185 973
<b>Høgde:</b>	260 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2009, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Bolette Bele og Liv Sterten 28.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og beslekta typar som beita rasmærk, boreal lynchhei og attgroande buskmærk.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på sørvestsida av elva ved gardane i Kaldhusdalen. Det er litt usikkert kor mykje ein bør ta med at dei beita snørasengene, ein har velt å ta med skjønsmessig dei nedre mest grasrike delene. Berggrunnen består av augegneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, men bortunder fjellet er det og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer truleg framleis naturtypen naturbeitemark (i tidleg attgroing), men det finst og bergknausar, bjørkeskog og tidlegare beita rasmærk. Vegetasjonen er variert med frisk fattigeng, blåbærlyng, myrflekke mm. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer, og det er ein del små bjørkebusker.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2002 notert m.a. augnetrøst-art, blåklokke, fjelltimotei, flekkmarihand, harerug, karve, myske, raud jonsokblom, skogmarihand, småengkall, stankstorkenebb, trollurt, tviskjeggveronika og åkerminneblom. Det vart ikkje teke artsliste i 2009. Sopp er ikkje undersøkt.

*Bruk, tilstand og påverknad:* I 2002 var dette beite for ca. 100 geiter, av desse 72 mjølkegeiter. I 2009 var området ikkje beita ved besøket, og ser ut til å vera i attgroing. Det går ei kraftline over lokaliteten.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører no til attgroing med høgare vegetasjon, buskas og meir skog, men restaurering er framleis muleg. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av beitinga.

Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria for B, m.a. på grunn av attgroingsstatus.

## **060 Tafjord: Rødal**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13840
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 192 987
<b>Høgde:</b>	180-200 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	29.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2009, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Bolette Bele og Liv Sterten 29.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal lynghei og buskmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg lett tilgjengeleg langs vegen frå Tafjorden til Zakariasdammen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sør- til mellomboreal vegetasjonssone (SB/MB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men har tidlegare fungert som slåttemark. Terrenget har ein del knausar og berg med tørketolande planter. Vegetasjonen var frisk fattigeng med innslag av tørrengartar som dunhavre, men det er og noko bregner og blåbærvegetasjon. Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. blåknapp, dunhavre, geitsvingel, lintorskemunn, lækjeveronika, småbergknapp og tviskjeggveronika. I 2002 vart det dessutan notert m.a. småengkall, harerug, gjeldkarve, bitterbergknapp, blåklokke og nyresoleie. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensielle for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dreiv tidlegare med 30 geit, 5 kyr, 1 hest. Frå gamalt av var slåttemarka for geitfåret oppi bakkene (den avgrensa lokaliteten). I 1985 slutta den tidlegare eigaren med kyr og hest, men fortsette med 20 geit fram til 1992 då han døyde. I 2009 gjekk sauer på sommarbeite her. Husa er fritidsbustad. Bakkane verka relativt lite gjødsle. Det er oppslag av lauvtre.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til sterkare attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga, og dessutan noko rydding. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

## 061 Tafjord: Øvste Rødal

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	13900
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 221 957
<b>Høgde:</b>	550-580 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Tafjord (1966)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på undersøking av Bolette Bele og Liv Sterten 28.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2009.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særleg god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av attgroingsenger og overgangar mot meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg lett tilgjengeleg langs vegen innover mot Rødalsetra. Ein har velt å avgrensa berre dei mest artsrike og minst attgrodde knausane. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har vore slått tidlegare, men dei siste tiåra truleg berre beitt. Ein reknar han derfor til naturtypen naturbeitemark. Det er tørre knausar, bakkar og grunnlendte berg med stadvis interessant flora framleis. Vegetasjonen er ein mosaikk mellom frisk og tørr fattigeng, tidlegare og med innslag av meir kravfulle artar som brudespore. På djupare mark går attgroinga fortare, og det veks i dag mykje strandrøyr, geitrams, sløkje, skogstorkenebb, raud jonsokblom, tyrihjel, vendelrot og andre høgstauder, og høge gras som hundegras (G12/G14). Av tre og buskar vart det sett bjørk, vierkratt og einer som breier seg inn frå kantane.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. dunhavre, engsmelle, engsnelle, flekkmure, kvitbladistel, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, raud jonsokblom, setergråurt, småengkall, tviskjeggveronika og vill-lauk. I 2002 vart det dessutan notert m.a. bitterbergknapp, blåklokke, brudespore (2006: NT), harerug, augnetrøst-art, bergveronika, trefingerurt, fjelltimotei og karve. Det vart ikkje funne sopp, men ein reknar med at lokaliteten framleis har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Bruk nr. 41/1 hadde før krigen 30 geit, 25 sauer, 5-6 kyr og 1 merr, slutta med geit i 1943 og slutta med alt husdyrhald i 1959. Bruk nr. 41/2 hadde 30 geit, 5-6 kyr, 1 merr, dette bruket vart fråflytta i 1954. Norddal kommune eig, og jeger og fiske-foreninga leiger husa. Ca. 1990-2000 vart området beita av 30-40 islandshestar frå Vigra. I 2001 vart det beita med 60 hestar, men dette fungerte ikkje så bra. Området vart i 2002 framleis beita av streifande sauer. Ved besøket i 2009 var området i ein tidleg attgroingsfase utan beitespor. Det avgrensa området verka lite gjødselpåverka.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til attgroing med høg vegetasjon og innvandrande buskas og skog, men restaurering er framleis muleg, særleg på meir grunnlendt mark der artsrikdomen er nokonlunde intakt. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av slått eller beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark (tidlegare slåttemark) med nokre engartar (særleg tørrbakkeartar), men kan verta lågare nokså snart som følgje av attgroing.

## Stranda

### **062 Fausa: Bruna**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11320
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 905 157
<b>Høgde:</b>	260 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 01.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark, avgrensinga er litt vanskeleg å avgjera både i felt og på ortofoto, men er støtta av subjektive val og GPS-målingar i felt.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Fausa i nordvestre del av Stranda, nær kanten av ein hengedal ut mot Storfjorden, over fjorden frå Stordal. Brune er ein fråflytta gard ut mot kanten mot Storfjorden, og lokaliteten er enger på flatene langs kanten nordafor tunet. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten bør kanskje helst førast til naturtypen slåttemark, men har truleg ikkje vore slått i det siste. Vegetasjonen er mest i slekt med frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, kvitkløver og ryllik, men har og einskilde meir basekrevande artar.

*Artsmangfald:* Mest spesielt var funn av rundt 40 blomstrande solblomplanter (2006 & 2010: VU). Av planter elles vart det notert m.a. blåknapp, brudespore (2006: NT), bråtestorr, bustnype, geitsvingel, grov nattfiol, harerug, hårsvæve, jonsokkoll, knegrass, prestekrage, skjermsvæve, smalkjempe, stormaure og tviskjeggveronika. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vert ikkje lenger slått, men beita på ettersommar/haust etter at siloslåtten er ferdig. Området vert truleg ikkje lenger gjødsla, men kan ha vore gjødsla tidlegare.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga og oppattaking av slåtten. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap med geitebeiting og store solblombestandar, ein av dei største bestandane i landet.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei slåttemark (som rett nok ikkje er slått i det siste) med ein viktig bestand av solblom, ein raudlisteart i kategori sårbar, og elles ein del andre engartar. Lokaliteten er og ein del av eit større landskap i Fausa-området med tusenvis av solblom, ein av dei største bestandane i landet.

### **063 Fausa: Skoggane sør**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11320
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 905 159
<b>Høgde:</b>	270 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 01.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 01.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Fausa i nordvestre del av Stranda, nær kanten av ein hengedal ut mot Storfjorden, over fjorden frå Stordal. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var dominert av ulike utformingar av frisk fattigeng (G4) med ein viss variasjon i retning blåtoppeng (G2), finnskjeggen (G5) og beita intermediær fastmattemyr (L2). Viktige artar var engkvein, gulaks, finnskjegg, blåknapp, blåtopp, tepperot, firkantperikum m.m. Av tre og buskar vart det sett bjørk, osp, selje og einer.

*Artsmangfald:* Mest spesielt var funn av rundt 240 opptelte blomsterstenglar av solblom (2006 & 2010: VU). Av planter elles vart det notert m.a. blåknapp, brudespore (2006: NT), geitsvingel, grov nattfiol, harerug, knegras, krattlodnegras, kvitbladtistel, loppestorr, rome, ryllsiv, skjermsvæve, smalkjempe og storblåfjør. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart framleis ein del beita av geit (2010), særleg på ettersommaren og hausten. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog, og solblombestandane vil da forsvinna gradvis. Det er derfor sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap med geitebeiting og store solblombestandar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med ein stor og viktig bestand av solblom, ein raudlisteart i kategori sårbar, og elles ein del andre beiteindikatorar. Lokaliteten er og ein del av eit større landskap i Fausa-området med tusenvis av solblom, ein av dei største bestandane i landet.

### **064 Fausa: Skoggane nord**

**Nr i Storfjordprosjektet:** del av 11320  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** LQ 906 160  
**Høgde:** 280-320 m  
**Naturtype:** D05 hagemark  
**Utforming:** (dels furuhage, ikkje definert som utforming)  
**Verdi:** A (svært viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 01.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 01.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det halvopne langskapet er relativt velavgrensa mot open naturbeitemark i sør, og bratte skoglier og berg i nord og aust.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Fausa i nordvestre del av Stranda, nær kanten av ein hengedal ut mot Storfjorden, over fjorden frå Stordal. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen hagemark, deler av lokaliteten er ein uvanleg type med dominans av furu og gras/urterik undervegetasjon ("furuhage" er ikkje definert som utforming i DN-handbok nr. 13), men og med bjørk og osp og dessutan einskilde bergknausar. Vegetasjonen var variert, med gras- og urtedominans, delvis nokså moserik, men og stadvis med småbregner og større bregner. Det var generelt lite lyng. Dominerande planter i undervegetasjonen var m.a. blåtopp, kvitsymre, blåknapp, engkvein, einstape, skogfiol og smyle, men med variert utval av gras, bregner og urter, og mange basekrevande artar. Lokaliteten er derfor i slekt med kalkfuruskog, men er sterkt prega av langvarig beiting, som ikkje har vore heilsesongbeite, men har tillate frøsetting av mange artar.

*Artsmangfald:* Mest spesielt var funn av 180 opptelte blomsterstenglar av solblom (2006 & 2010: VU). Av planter elles vart det notert m.a. bergmjølke, bergskrinneblom, blåknapp, breiflangre, brudespore (2006: NT), grov nattfiol, hårsvæve, jonsokkoll, klokkevintergrøn, knegras, kvitbladtistel, kvitsymre, liljekonvall, lækjeveronika, markjordbær, skogfiol, smalkjempe, småengkall og storblåfjør. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 framleis ein del beita av geit, særleg på ettersommar/haust. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og tettare skog, og solblombestandane vil da forsvinna gradvis. Det er derfor sterkt ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap med geitebeiting og store solblombestandar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt hagemark med ein stor og viktig bestand av solblom, ein raudlistart i kategori sårbar, og elles ein del andre engartar. Lokaliteten er og ein del av eit større landskap i Fausa-området med tusenvis av solblom, ein av dei største bestandane i landet.

## 065 Fausa nord

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 903 159
<b>Høgde:</b>	300-340 m
<b>Naturtype:</b>	D05 hagemark (80%), D04 naturbeitemark (20%)
<b>Utforming:</b>	D0501 bjørkehage
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær sars god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom hagemark og mindre beitepåverka skog lenger ut frå gardane. Avgrensinga er dårleg undersøkt og avklart i vestre halvdel av lokaliteten, og likeeins i øvre (nordlege) deler.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Fausa (56/1-56/5) i nordvestre del av Stranda, nær kanten av ein hengedal ut mot Storfjorden, i lia nord for gardane, omfattar stadnamn som Litlenakken og Hjellane. Berggrunnen består av granittisk gneis, augegneis eller gneisgranitt. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonszone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen hagemark, men det finst og opne naturbeitemarkar og intermediære myrer. Vegetasjonen var variert med frisk fattigeng (G4), blåtoppeng (G2) og intermediær til fattig fastmattemyr (L2, K3). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Mest spesielt var funn av godt over 420 opptelte blomsterstenglar av solblom (2006 & 2010: VU), truleg var det vesentleg meir. Ein fekk ikkje tid til å undersøkje den delen av lokaliteten som ligg på 56/3 og 56/5, men solblom vart her sett med kikkert. Av planter elles vart det notert m.a.

blåknapp, brudespore (2006: NT), fjellaugnetrøst, grov nattfiol, heiblåfjør, klokkelyg, klokkevintergrøn, knegras, kornstorr, kvitbladtistel, kystmyrklegg, pors og rome. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var framleis ein del beita av geit, særleg etter slått om hausten. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite vil føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og tettare skog, og solblombestandane vil da forsvinna gradvis. Det er derfor sterkt ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap med geitebeiting og store solblombestandar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt hagemark med ein stor og viktig bestand av solblom, ein raudlisteart i kategori sårbar, og elles ein del andre engartar. Lokaliteten er og ein del av eit større landskap i Fausa-området med tusenvis av solblom, ein av dei største bestandane i landet.

### **066 Liabygda: Klevbergsetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11160
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 958 117
<b>Høgde:</b>	580 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 02.09.2009, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 26.07.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 02.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det opne området er nokså veldefinert, men det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, blåbærdominert boreal lynghei og buskmark med einer på sjølve vollen.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Klevbergsetra ligg på ei hylle 580 m ovanfor Storfjorden, i ei sørvendt li rett vest for Liabygda og er tilgjengeleg etter ein bilveg frå Ringset, og sti vidare frå Ansok. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og blåbærvegetasjon og buskmarker. Gulaks og sølvbunke dominerer (G3, G4) i dei grasdominerte partia, som utgjer berre 20-30% av arealet. Rundt 70-80% av setervollen er attgrodd med einer, blåbær og anna. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. aurikkelsvæve, bråtestorr, fjellaugnetrøst, harerug, heiblåfjør, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, marinøkkel (2006: NT), nikkevintergrøn, skoggråurt og smalkjempe. Av sopp vart det m.a. funne *Cystoderma granulatum* raudbrun grynhatt, *Entoloma asprellum* blåstilka raudskivesopp, *Entoloma griseocyaneum* lillagrå raudskivesopp (2006: NT, 2010: VU), *Entoloma infula* bleikskiva raudskivesopp, *Entoloma lividocyanulum* blyblå raudskivesopp, *Entoloma prunuloides* mjølraudskivesopp (2006: NT, 2010: VU), *Entoloma xanthochroum* færøyrraudskivesopp, *Hemimycena delectabilis* lutvranghette, *Hygrocybe ceracea* skjør vokssopp, *Hygrocybe chlorophana* gul vokssopp, *Hygrocybe laeta* seig vokssopp, *Hygrocybe nitrata* lutvokssopp (2010: NT), *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp, *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU), *Mycena flavoalba* elfenbeinhette.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2009 framleis ein del beita av streifande sauer. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Buskrydding kan vera naudsynt.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med fleire beiteindikatorar og fire raudlisteartar.

### **067 Liabygda: Hammaren**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11150
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 964 109
<b>Høgde:</b>	430 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.07.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 02.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 26.07.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 02.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det opne området er relativt veldefinert mot skogen rundt.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i ei sørvendt li rett vest for Liabygda og er tilgjengeleg etter ein bilveg frå Ringset, og sti vidare frå Ansok. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark.

Vegetasjonen på Hammaren er dominert av gras og urter som lækjeveronika, augnetrøst, storblåfjør og harerug (frisk fattigeng med ein del finnskjegg, G4/G5). Deler av innmarka blir slått årleg, deler med større mellomrom. Deler som ikkje vert slått årleg har større andel sølvbunke og mindre andel naturengplanter (G3, sølvbunkeeng). Av tre og buskar vart det notert bjørk, furu, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, fjellaugnetrøst, hårsvæve, heiblåfjør, heistorr, jonsokkoll, lækjeveronika og smalkjempe. Av sopp vart det m.a. funne *Clavaria fragilis* tua køllesopp, *Entoloma exile* flammefotraudskivesopp, *Entoloma juncinum* striperaudskivesopp, *Entoloma prunuloides* mjølrudskivesopp (2006: NT, 2010: VU), *Entoloma serrulatum* mørktanna raudskivesopp, *Hygrocybe cantharellus* kantarellvokssopp, *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, *Hygrocybe insipida* liten vokssopp, *Hygrocybe psittacina* grøn vokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Hammaren var busett frå 1665 til ut på 1700-talet (ca. 1750 ifølgje Kjølås 1954). Årsaka til fråflyttinga skulle vera for lite brensel i området pga. sterkt beite med geit. Fønad i 1665 var 5 storfe og 1 hest, i 1723 3 kyr, 2 ungfø, 5 sauer, 5 geiter og 1 hest. Hammeren har etter 1750 vore i bruk som utslått og beite til Ansok-gardane. Under krigen var det 20 mål åkerbruk på Hammaren (Sakarias Ansok) og det vart hausta havre, bygg, kveite (200 kg korn per år). I tillegg vart det hausta 40 lass med hø. Området var delvis slått nærast husa (motorljå?) også i 2009. Dessutan beitte nokre sauer på vollane. Dei avgrensa områda verka relativt lite gjødsla i seinare tid med muleg unnatak for enga ovanfor husa. Det er stadvis oppslag av halvmeterhøge bjørkebusker.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slått og beiting, helst på heile arealet. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap i vestlege del av Liabygda.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med einskilde engartar og ein raudlisteart.

## 068 Liabygda: Li

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11700
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 994 105
<b>Høgde:</b>	240 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark (90%), D05 hagemark (10%)
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	07.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 19.07.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 07.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 19.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Beitet grensar mot skog og fulldyrka mark, ein har utelett eit noko meir gjødsla parti i aust, ytterkantane her er definert med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Li i vestre del av Liabygda. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer i hovudsak naturtypen naturbeitemark, men eit mindre areal som har vore tresett ei tid er no rydda, og noko attverande tresetting vert helst klassifisert som hagemark (ca. 10%). Vegetasjonen var dominert av frisk fattigeng (G4) med innslag av solblom.

*Artsmangfald:* Mest spesielt var funn av 42 blomstrande solblomplanter (2006 & 2010: VU) spreidd på fleire delførekomstar. Det var mest solblom i den delen som er rydda for tre og busker (skogkledd på ortofoto Gislink pr. desember 2010). Av planter elles vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, brudespore (2006: NT), bråtestorr, eittårsknavel, geitsvingel, harerug, hegg, hårsvæve, kvitmaure, lintorskemunn, lækjeveronika, markjordbær, prestekrage, rognasal, rose-art, smalkjempe, småengcall, småsmelle, storblåfjør og tviskjeggveronika. I 2002 vart det dessutan funne augnetrøst-art, engfrytle, finnskjegg, jonsokkoll, kattetot og tiriltunge. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 framleis ein del beita av ungdyr. Området verka for det meste lite gjødsla, men dei slettaste partia har kanskje fått noko meir gjødsel. Det er rydda for lauvkratt, men buskane ligg på marka.

*Framande artar:* Det vart funne platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Gjennomført rydding har truleg berga solblomen for ei tid. Rydda tre og busker som ligg på marka bør helst fjernast. Det er svært viktig med framhald i beitinga. Platanlønn bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med ein god og viktig bestand av solblom, ein raudlisteart i kategori sårbar, og elles ein del andre beiteindikatorar.

## 069 Liabygda: Liasetra, Nedstestølen

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 0033 1168
<b>Høgde:</b>	485 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 04.08.2009, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 04.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det opne grasdominerte arealet er relativt veldefinert.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Nedstestølen på Liasetra ligg like vest for Øvstestølen ved ei lita tjørn. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vollen er grasdominert, og består av frisk fattigeng og finnskjeggen i blanding (G4-G5), med fjellgulaks, engkvein, kvitkløver og finnskjegg som viktige artar, og mykje engkransmose i botnen. Det finst og litt blåbærvegetasjon. Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn, selje og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. harerug, heiblåfjør, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras, lækjeveronika, smalkjempe og øyrevier. Det vart funne *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, og ein reknar med at det er potensiale for fleire beitemarkssoppar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var framleis ein del beita av sau og storfe (2009). Det finst to små buer og ei større nyare hytte. Det finst og steingjerde. Området verka litt nitrofilt ved husa, men mindre gjødsla mot utkanten.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Buskrydding kan vera naudsynt.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjør i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstiller krava til B.

### **070 Liabygda: Liasetra, Øvstestølen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11170
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MQ 005 118
<b>Høgde:</b>	480 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2009, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det opne grasdominerte arealet er relativt veldefinert, men det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal blåbærlynghei og einerbuskmark på vollen.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Liasetra er ei setergrend med vegtilknytning frå Liabygda. Øvstestølen er den øvste og austlegaste setervollen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men var i 2009 i gradvis attgroing. Vollen er gras- og lyngdominert, med rundt 50% blåbærvegetasjon og rundt 50% grasmarker. Grasmarkene består av frisk fattigeng og finnskjeggen i blanding (G4-G5), med fjellgulaks, engkvein og finnskjegg som viktige artar. Langs kantane er lokaliteten i ferd med å gro att med bjørk og einer. Områda rundt setra er relativt tett attvaksne med lauvskog.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. bråtestorr, heiblåfjør, hårsvæve, lækjeveronika, skoggråurt, smalkjempe og smørtelg. I 2001 vart det og notert kjertelaugnetrøst, blåklokke og blåkoll. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Fire nyare hytter, og ei bu av nyare dato er oppført på gamle grunnmurar. Fragment av steingjerde. Omtrent intakt steingjerde rundt heile vollen. Seterdrifta er lagt ned. Setergrenda vert brukt til rekreasjon, og vart beita av storfe og sau i 2001 og 2009. Området verka i hovudsak lite gjødsla men er flekkvis gjødselpåverka nærast dei gamle fjøsa.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Buskrydding kan vera naudsynt.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstillar krava til B.

### **071 Liabygda: Grova øvst**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11140
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 967 103
<b>Høgde:</b>	80 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.08.2001, Liv Sterten, 19.06.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 04.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 19.06.2002 og 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom grunnlendt slåttemark og djupare, meir gjødsla jord på innmarka.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Grova ligg på ei lita dyrka hylle rett nord for ferjeleiet i Liabygda (der ferja går over til Stranda). Lokaliteten ligg på og rundt ein liten knaus rett aust for husa. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, utforminga frisk/tørr, middels baserik eng. Vegetasjonen var dominert av frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype) med engtjæreblom og andre tørketolande artar.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. engtjæreblom, hegg, hårsvæve, kjøtttype, knegras, kvitmaure, lækjeveronika, markjordbær, raudknapp, smalkjempe, småsmelle, stormaure, tviskjeggveronika, vill-lauk og vårmarihand. Av sopp vart det funne *Rhodocybe hirneola* navlevæpnarhatt, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Innmarka var i 2009 framleis slått, men ikkje beita, men akkurat denne lokaliteten rundt ein kupert knaus vart ikkje lenger slått. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er derfor ønskjeleg med framhald i slått, også på denne knausen der det ikkje har vore slått siste åra. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei lita slåttemark med fleire uvanlege tørrbakkeartar som t.d. engtjæreblom. Vegetasjonstypen vert rekna for truga, og det kan henda verdien kunne vore sett høgare sjølv om arealet er svært lite.

## 072 Liabygda: Grova nedst

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11140
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 967 103
<b>Høgde:</b>	80 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.08.2001, Liv Sterten, 19.06.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 04.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 19.06.2002 og 04.09.2009. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Lokaliteten grensar mot skog og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i berglendt terreng nedanfor husa i Grova, rett nord for ferjeleiet i Liabygda (der ferja går over til Stranda). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i boreonemoral vegetasjonssone (BN) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer kanskje naturtypen naturbeitemark (alternativt småbiotopar), men det er ein god del opne knausar. Vegetasjonen har mange engartar (dels vegetasjonstypen frisk/tørr baserik eng, G7, ein truga vegetasjonstype), men har og mykje knausvegetasjon (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2009 notert m.a. engtjæreblom, geitsvingel, hårsvæve, kjøtttype, krattlodnegras, lintorskemunn, lækjeveronika, markjordbær, sandarve, skjermsvæve, smalkjempe, smørbukk, stemorsblom, sølvmore og vill-lauk. I 2002 vart det dessutan notert aurikkelsvæve, bergmynte, blåklokke, grov nattfiol, jonsokkoll, knegras, kvitmaure, lodnebregne, nyresoleie, raudknapp, småbergknapp, småsmelle, tiriltunge og åkerminneblom. Av sopp vart det m.a. funne *Clavulinopsis helvola* gul småkøllesopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger korkje slått eller beita. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til sakte attgroing. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av beitinga, evt. skjøtselsslått og buskrydding. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei attgroande naturbeitemark med eit godt utval tørrengartar.

## 073 Hjellane 23/2

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11370
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 933 097
<b>Høgde:</b>	ca. 100 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2002, Liv Sterten & Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 10.09.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 27.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 10.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla mark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Hjellane sør for Stranda sentrum langs vegen til Uksvika. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men det finst og frukttre og ei eng som truleg har vore pløgd og gjødsla noko tilbake i tid. Vegetasjonen var for det meste moserik frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, raudsvingel og rylli, men det er og noko hundegras.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, bråtestorr, geitsvingel, gjeldkarve, hengjeaks, krattlodnegras, kystgrisøyre, liljekonvall, lækjeveronika, prestekrage, raudknapp, skjermsvæve, skogfiol og tviskjeggveronika. I 2002 vart det og funne blåklukke, jonsokkoll, småengkall og tiriltunge. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, truleg er det eit visst potensiale for slike artar i kantane.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 slått på dei lettast tilgjengelege (og mest gjødselpåverka) delene, men graset ligg att. Kantane og frukthagen var ikkje slått. Det er ikkje lenger dyr i området.

*Framande artar:* Det vart observert skvallerkål.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått/beite på deler av arealet fører no til attgroing. Det er derfor ønskeleg med utviding av slått. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark som delvis ikkje er i hevd (attgroande) og som delvis verkar noko gjødsla, og som har eit visst utval engartar.

### 074 Hjellane: Bjorli

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11360
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 933 097
<b>Høgde:</b>	140 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Muleg truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2002, Liv Sterten & Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 10.09.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 27.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 10.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark. Ein har avgrensa den subjektivt minst gjødselpåverka delen i felt med GPS, og kontrollert mot grønfarge på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Hjellane (gnr 23/3) sør for Stranda sentrum langs vegen til Uksvika. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, utforminga frisk fattigeng. Vegetasjonen var for det meste frisk fattigeng (G4), der viktige artar var gulaks, engkvein, blåknapp, tepperot, blåkoll og smalkjempe.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. beitesvæve, blåknapp, bråtestorr, bustnype, geitsvingel, hassel, hengjeaks, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, knegras, kvitbladtistel, kystgrisøyre, liljekonvall, lækjeveronika, prestekrage, raudknapp, rognasal, skjermsvæve, skogfiol, smalkjempe, småsmelle, storblåfjør, tviskjeggveronika og tågebær. I 2002 vart det og påvist blåklokke, blåkoll, harerug, kvitmaure og tiriltunge. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har godt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er fint slått (2002, 2010). Ein hadde opptil 10 sauer fram til 2001. Det var og 1-2 kyr fram til utpå 1960-talet (kjelde: Lars Karstein Hjelle). Området verka stort sett lite gjødsla på mykje av arealet. Ein har ikkje nytta kunstgjødsling dei siste 20-30 åra. Det finst spreidde rydningsrøyser. Furu sår seg inn i enga, det same gjeld rogn.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er svært viktig med framhald i slått. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt, lite gjødsla, velutvikla og artsrik slåttemark. Her er truleg eit stort potensiale for raudlista beitemarkssopp.

### **075 Habostaddalen: Arneberg aust**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11560
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 8792 0587
<b>Høgde:</b>	410 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 10.07.2002 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg vest for Engeset i Habostaddalen i Stranda, på eit fråflytt gardsbruk i øvre del av bygda. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oceanisk vegetasjonssesksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er truleg best å klassifisera som slåttemark, sjølv om han ikkje har vore slått i det siste. Vegetasjonen er frisk fattigeng (G4). Viktige artar var gulaks, engkvein, harerug, prestekrage, myrfiol, ryllik og nokså mykje kjertelaugnetrøst. Av tre og buskar vart det sett søyleeiner og oppslag av små ospebuskar.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. beitesvæve, blåknapp, harerug, kjertelaugnetrøst, kvitbladtistel, kvitsymre, prestekrage, smalkjempe, småengkall, storblåfjør og tviskjeggveronika. I 2002 vart det og funne blåklokke og gulmaure. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Arneberg vart fråflytta i 1937 men var i drift fram til 1950 (kjelde: Laurits Devold). Lokaliteten er ei overflaterydda eng som truleg ikkje lenger er slått, men likevel verkar rimeleg intakt. Eit steingjerde i nedkant. Lokaliteten verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slått eller beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei relativt intakt slåttemark med eit godt utval engartar.

## **076 Habostaddalen: Arneberg**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11560
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 878 058
<b>Høgde:</b>	410 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	10.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 10.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Arneberg er tilgjengeleg på ein bomveg frå Engset. Garden ligg i skogen vest for Engeset i Habostaddalen i Stranda, eit fråflytt gardsbruk i øvre del av bygda. Lokaliteten ligg like aust for husa i kanten av eit granplantefelt, og er ei stripe som er berre omlag 10 meter brei langs granfeltet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er truleg best å klassifisera som slåttemark, sjølv om han ikkje har vore slått i det siste. Vegetasjonen stemmer best med frisk fattigeng (G4), men det er og einskilde meir basekrevande artar som brudespore. Viktige artar var engkvein, gulaks, blåbær og kjertelaugnetrøst.

*Artsmangfald:* Mest spesielt var funn av 50 blomstrande solblomplanter (2006 & 2010: VU). Av planter elles vart det notert m.a. beitesvæve, blåknapp, brudespore (2006: NT), bråtestorr, harerug, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kvitblattistel, kvitmaure, kvitsymre, lækjeveronika, smalkjempe, storblåfjør og tviskjeggveronika. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Arneberg vart fråflytta i 1937 men var i drift fram til 1950 (kjelde: Laurits Devold). Området er truleg ikkje lenger slått, men verkar likevel rimeleg intakt. Lokaliteten verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Det er ein del planta gran i kanten, desse sjølvstår seg alt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig med oppattaking av slått, alternativt beite med dyr som er inngjerda. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Sjølvsådd gran må fjernast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med ein god og intakt bestand av solblom, ein art i kategori sårbar, og dessutan einskilde andre engartar.

## **077 Habostaddalen: Liasetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10050
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008328
<b>Posisjon:</b>	LQ 859 036
<b>Høgde:</b>	410 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	22.09.1999, Finn Oldervik, 22.09.00, Dag Holtan & Karl Johan Grimstad (Holtan & Grimstad 2004), 10.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 05.08.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Finn Oldervik 22.09.1999, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 22.09.2000, Silke Hansen 10.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal hei, myr og hagemark ved setrane.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i midtre del av Habostaddalen i Stranda, på hi sida av elva i høve til Habostadsætra. Liasetra er tilgjengeleg på ein bomveg frå Engset og ligg i eit forholdsvis flatt område på nordsida av elva. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt).

Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei dårleg utvikla naturbeitemark, som er i attgroing. Vegetasjonen var 30% sølvbunkeeng (G3), 20% frisk fattigeng (G4), 50% blåbærhei og litt finnskjeggen. Av tre og buskar vart det sett bjørk, gran og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, geitsvingel, harerug, lækjeveronika og sumpmaure. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, ein reknar med at lokaliteten har eit nokså dårleg potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Seterdrifta er lagt ned. I dag vert Liasætra beita svakt av streifande sau. Beitetrykket synest vere lågt.

*Framande artar:* Det finst planta gran som truleg etter kvart vil så seg.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite eller for dårleg beitetrykk kan føra til meir attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Sjølvsådd gran og anna buskoppslag bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han truleg ikkje tilfredsstiller kriteria til B, m.a. på grunn av attgroingsstatus.

## 078 Habostaddalen: Svefonna

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10060
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008325
<b>Posisjon:</b>	LQ 877 050
<b>Høgde:</b>	400 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	02.10.1999, Finn Oldervik, 23.09.2000, Dag Holtan & Karl Johan Grimstad (Holtan & Grimstad 2004), 06.08.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 08.09.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Finn Oldervik 02.10.1999, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 23.09.2000 (Holtan & Grimstad 2004), Silke Hansen 06.08.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Vollen er relativt velavgrensa mot skogen rundt, men det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla mark på vollen.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i ei nordvendt li ytst i Habostaddalen, og er tilgjengeleg langs ein bomveg frå Svemorka eller Habbastad. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og eit parti som er dyrka og meir gjødsla. På setervollen er det mange store einerar. Setervollen har beitepreg og er dels dominert av frisk fattigeng (G4) med fjellgulaks, engkvein og

delvis sølvbunke, men delvis og av finneskjeggeng (G5, ca. 10%) og lyngvegetasjon. Området er i attgroing berre i einskilde kantsoner (lynghei og finneskjegg), elles er her svært mykje myrtistel. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer, dels stor søyleeiner.

**Artsmangfald:** Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåklokke, bråtestorr, lækjeveronika, skoggråurt, smørtelg og tusenfryd. I 2000 vart det dessutan funne engfiol. Av sopp vart det i 2010 m.a. funne *Clavaria zollingeri* fiolett greinkøllesopp (2006: NT, 2010: VU), *Clavulinopsis helvola* gul småkøllesopp, *Entoloma sericellum* silkeraudskivesopp, *Hygrocybe ceracea* skjør vokssopp, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp, *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Hygrocybe psittacina* grøn vokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp. Frå tidlegare er det funne 16 beitemarkssopp, av desse 10 artar vokssopp. To av desse var raudlisteartar, glasblå raudskivesopp *Entoloma caeruleopolitum* (2006: NT, 2010: VU) og musserongvokssopp *Hygrocybe fornicata* (2006 og 2010: NT). Andre artar i 1999 var m.a. gul vokssopp, mønjevokssopp, seig vokssopp, kritt vokssopp og blågrøn kragesopp *Stropharia cyanea*. Ein reknar med at lokaliteten har potensiale for fleire beitemarkssopp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Seks eller sju bruk frå Sve setra på Svefonna, som var vårseter. Seterdrifta er lagt ned. Det er fleire steingardar i området. Det har også blitt bygd 3-4 nyare hytter. Området vart i 2010 framleis beita av sau og hest. Området verka for det meste relativt lite gjødsla, men ein teig har vore dyrka og gjødsla.

**Framande artar:** Det er planta gran i området, elles vart småplanter av platanlønn observert.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Platanlønn og sjølvsådd gran bør fjernast, det same gjeld buskas og skog som kjem opp. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjær i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med eit utval beiteindikatorar og tre raudlisteartar.

## **079 Strandadalen: Fjørstad ved Grøtgarden**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 9152 0220
<b>Høgde:</b>	290 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.09.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Lokaliteten er avgrensa av vegen og skog/granplantefelt.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg mellom Fjørstad og Rødset i midtre del av Strandadalen, på austsida av riksvegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten er i attgroing, og har truleg vore beita siste tida. Likevel har dette nok langt fram mot vår tid vore slåttemark og har eit visst preg av det. Ein vel naturtype slåttemark fordi dette kanskje også er den mest realistiske måten å bevare lokaliteten på. Vegetasjonen var moserik, og tilhøyrer typen frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, blåtopp, finneskjegg, sølvbunke og tepperot som viktige artar. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

**Artsmangfald:** Mest spesielt var funn av 15 blomstrande solblomplanter (2006 & 2010: VU) på nokre få kvadratmeter opp mot eit granfelt i øvre (austre) del, posisjon LQ 91527 02206, moserikt og omgjeve av grasmark med gulaks, blåtopp, engkvein og skrubbær og spreidde tre og buskar. Av planter elles vart det notert m.a. beitesvæve, blåknapp, geitsvingel, harerug, kvitbladistel,

lækjeveronika, ein ubestemt orkidé-art og tviskjeggveronika. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området verkar ikkje lenger korkje slått eller beita og er i attgroing. Det er bygd ei hytte ved riksvegen i nordre del av enga. Lokaliteten verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Det er planta ein del gran i området, og denne sår seg slik at små granplanter spirar i enga.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite fører no til attgroing med høg vegetasjon, buskas og innvandring av skog. Det er derfor ønskeleg med anten slått eller beiting, og det hastar med dette. Slått av området der solblomen veks kunne kanskje vore utført av hytteeigar. Sjølvsådde grantre bør fjernast, og området rundt solblomen opnast opp så lyset kjem betre til. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite restareal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med ein liten bestand av den sårbare arten solblom og einskilde andre engartar, men som er i attgroing.

### **080 Strandadalen: Heim-Fjørstad nord**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 9158 0134
<b>Høgde:</b>	320 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.09.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. I nord og aust grensar lokaliteten mot skog. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nord for Heim-Fjørstad i midtre del av Strandadalen, ved eit bruk som er fråflytt og brukt til fritidsformål (br.nr. 33/6). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten bør kanskje førast til naturtypen slåttemark, sidan dette truleg har vore den viktigaste bruken av dei små engrestane frå husa og opp mot skogkanten. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, sølvbunke og tepperot som viktige artar.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, harerug, lækjeveronika, prestekrage og tviskjeggveronika. Av sopp vart det m.a. funne *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, og det er truleg potensiale for fleire beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området gror att og er ikkje slått, men er framleis truleg såvidt beita av streifande sau (sett skit 2010, men kan ha vore hjortedyr), utan at dette har nemnande verknad på attgroingsprosessen. Lokaliteten verka relativt lite gjødsla.

*Framande artar:* Tidlegare planta gran i nærleiken vil så seg inn i enga.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite fører no til attgroing. Det er derfor ønskeleg med oppattaking av skjøtselen. Sjølvsådd gran bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite restareal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt artsfattig slåttemark som er i attgroing.

## **081 Strandadalen: Røyr**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY) (men jf 11770)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LQ 922 964
<b>Høgde:</b>	460-500 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	05.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 05.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, boreal hei og buskmark, men skiljet er relativt godt synleg på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i sørlege del av Strandadalen, i ei vestvendt, raspåverka dalside der det kjem ned ein bekk som har laga ei lita rasvifte. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og relativt mykje raspåverka og beita hei, og lokaliteten er derfor relativt grovt avgrensa. Vegetasjonen består av ca. 30-40% grasmarker med blanding av frisk fattigeng, finnskjeggeng og sølvbunkeeng (G4, G5, G3), og vidare rundt 60% boreal lynghei. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. brudespore (2006: NT), bråtestorr, geitsvingel, harerug, hestespreng, lækjeveronika, skogfiol, småengkall, svartstorr og svarttopp. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, ein reknar med at lokaliteten har eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 beita av geit. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er intakte, men artsfattige naturbeitemarkar som er nokså oppblanda med raspåverka og beita boreal hei.

## **082 Ljøen: Beithøggane, ved campinghyttene**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11330
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 9149-9150, 8945-8949
<b>Høgde:</b>	290 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 16.06.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 28.06.2002 av Bolette Bele og Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), og eige feltarbeid 16.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskild god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Ljøen på vestsida av Sunnylvsvfjorden, ved eit par campinghytter vest for husa på Beithøggane. Berggrunnen består av glimmergneis.

Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, av utforminga frisk fattigeng. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med engkvein, gulaks, engrapp, hundegras, ryllik og ein del prestekrage, men med overgangar mot frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), og dessutan knausar med tørketolande planter (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. beitesvæve, bråtestorr, *Hieracium moechiadium*, hårsvæve, kjøtttype, kvitbladtistel, kvitsymre, lækjeveronika, nattfiol, prestekrage, skoggråurt, smalkjempe og tviskjeggveronika. I 2002 vart det dessutan funne blåklukke og blåkoll. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Beithoggane er ein relativt ung gard, fråskild Nedre-Ljøen (1873). Området var i 2010 framleis beita av sau frå naboen om hausten. Det er litt daudgras (strø) i botnen. Området verka lite gjødsla rundt knausar og på grunnlendt mark.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slåttan og beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med godt utval av engplanter. Det var fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar knytt til tørrbakkar og tørrberg.

### **083 Ljøen: Beithøggane, vegskråning**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11330
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 9143-9146, 8936-8940
<b>Høgde:</b>	290 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	16.06.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 16.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Ljøen på vestsida av Sunnlyvsfjorden, nokså velavgrensa mellom riksvegen og gardsvegen mot husa på Beithøggane. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, av utforminga frisk fattigeng. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med engkvein, gulaks, engrapp, hundegras, ryllik og ein del prestekrage, men med overgangar mot frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), og dessutan knausar med tørketolande planter (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, bråtestorr, eittårsknavel, geitsvingel, hengjebjørk, *Hieracium moechiadium*, hårsvæve, jonsokkoll, kattefot, krattlodnegras, kvitsymre, nattfiol, prestekrage, smalkjempe, stemorsblom, tviskjeggveronika og vårskrinneblom. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Beithoggane er ein relativt ung gard, fråskild Nedre-Ljøen (1873). Området var i 2010 framleis beita av sau frå naboen om hausten. Det er litt daudgras (strø) i botnen. Området verka lite gjødsla rundt knausar og på grunnlendt mark.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slåttan og beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med godt utval av engplanter. Det var fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar knytt til tørrbakkar og tørrberg.

### **084 Ljøen: Beithøggane, nedanfor hønehuset**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11330
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 9144-9151, 8924-8933
<b>Høgde:</b>	275 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	28.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 16.06.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Ansok (1973), Lillebø (1972)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Bolette Bele og Liv Sterten 28.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 16.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Ljøen på vestsida av Sunnylvsfjorden, nedanfor hønehuset søraust for husa på Beithøggane. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, av utforminga frisk fattigeng. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med engkvein, gulaks, engrapp, hundegras, ryllik og ein del prestekrage, men med overgangar mot frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), og dessutan knausar med tørketolande planter (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeveronika, bergveronika, blåknapp, bråtestorr, harerug, hassel, *Hieracium moechiadium* (ein småart i *auriculinum*-gruppa innanfor hårsvævene), hårsvæve, jonsokkoll, kattefot, kjøtttype, knegras, kvitsymre, markjordbær, nyresoleie, prestekrage, raud jonsokblom, skjermsvæve, smalkjempe, småbergknapp, småengkall, småsmelle, stemorsblom, tviskjeggveronika, vill-lauk, våskrinneblom og åkerminneblom. I 2002 vart det dessutan funne skogmarihand, grov nattfiol, brudespore (2006: NT), blåklokke, blåkoll og karve. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Beithøggane er ein relativt ung gard, fråskild Nedre-Ljøen (1873). Området var i 2010 framleis beita av sau frå naboen om hausten. Det er litt daudgras (strø) i botnen. Området verka lite gjødsla rundt knausane, men kanskje meir gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i slåtten og beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei nokså intakt slåttemark med stort utval av engplanter. Det var fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar knytt til tørrbakkar og tørrberg.

### **085 Ljøen: Nedre Ljøen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11380
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)

<b>Posisjon:</b>	LP 915 890
<b>Høgde:</b>	200 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.06.2002, Bolette Bele & Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 16.06.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Bolette Bele og Liv Sterten 27.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 16.06.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, hagemark/skog og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Ljøen på vestsida av Sunnlyvsfjorden, like vest for gammelhusa på Nedre Ljøen. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, av utforminga frisk/tørr, middels baserik eng. Vegetasjonen var frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype) med engkvein, gulaks, engrapp, hundegras, ryllik og ein del prestekrage, og dessutan knausar med tørketolande planter (F3). Oppslag av busker av alm, gråor, selje og platanlønn.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. alm (2006 og 2010: NT), bakkeveronika, bergmynte, blåknapp, brudespore (2006: NT), enghumleblom, engreverumpe, geitsvingel, harerug, hassel, hegg, hengjebjørk, *Hieracium moechiadium*, hårsvæve, jonsokkoll, kattedot, kjøtttype, kornstorr, kratthumleblom, kvitbladtistel, lintorskemunn, lodnebregne, lodnefaks, lækjeveronika, markjordbær, myske, nattfiol, olavsskjegg, prestekrage, raud jonsokblom, sandarve, skjermsvæve, smalkjempe, småbergknapp, småborre, småengkall, småsmelle, stemorsblom, storblåfjør, tviskjeggveronika, vårmarihand, vårskrinneblom og åkerminneblom. I 2002 vart det dessutan funne augnetrøst-art, blåklokke, engfiol, fjellmarikåpe, gjeldkarve, grov nattfiol, korallrot, skogfiol, skogmarihand, småsyre, stankstorkenebb, svartburkne, sølvmore og vill-lauk. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten har ikkje vore slått i det siste. Området verka lite gjødsla. Den trondhjemske postvei går gjennom lokaliteten.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med oppattaking av slått og framhald i beiting. Platanlønn bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med mange slåtte- og beiteindikatorar, som rett nok ikkje er slått i det siste. Det var fleire kravfulle og dels regionalt sjeldne artar knytt til tørrbakkar og tørrberg.

### 086 Sunnlyvsfjorden: Ytste Åkernes

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11260
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 965 959
<b>Høgde:</b>	190 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004); kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Ansok (1970, 1973), Lillebø (1972)

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal basert (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) på eige besøk saman med Silke Hansen 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Ansok (1970, 1973) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Ytste Åkerneset ligg ute i Sunnlyvsfjorden, ca. 190 m over havet og ca. 1 km nord for Meåkerneset. Tilgjenge er til fots opp frå sjøen, eller langs stien frå Meåkerneset. Garden har ein god del open innmark, som vender meir mot aust enn dei andre. Historiene om snøfonner er mange, fonnene er ein viktig økologisk faktor for vegetasjonen i desse fjellsidene. Dei fører til mindre skog og meir opne berg og tørrenger med lyskrevande vegetasjon. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oceanisk vegetasjonssesjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Ovanfor husa er det avgrensa området med udyrka, bratte enger som er dominert av frisk fattigeng (G4), elles finst bergknausflora (F3). Tilgrensande område: Ein del av kulturenga var i 2001 slått, og graset raka bort. Her er det dominans av hundegras, gulaks, engkvein, kvitkløver og smalkjempe, altså ein utmagringsprosess i retning frisk fattigeng (G4). Dei delene av innmarka som ikkje blir slått, er nitrofil attgroingseng (G14) med bringebær, kvitbladtistel, mjødukt, skogburkne, raud jonsokblom, firkantperikum og stornesle. Styvingsalmer (2006 og 2010: NT) med stammediameter 50-70 cm finst i tilknytning til innmarka. Skogen rundt er bjørkedominert lauvskog med innslag av rogn og selje.

*Artsmangfald:* I naturengene ovanfor husa vart det notert grov nattfiol, jonsokkoll og smalkjempe. I tilknytning til tørre berg og knausar fanst kvitbergknapp, lintorskemunn, lækjeveronika, piggstorr, småbergknapp, småsyre, stemorsblom, sølvmore og åkerminneblom.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Garden er første gong nemnt i 1603. I 1866 var her 8 mål dyrka jord, 19 mål natureng, utslått til 24 høylas, dyretal 1 hest, 8 storfe og 42 småfe. Garden vart fråflytt i 1958. Det finst fleire oppmura terrassar og trapper.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører no til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er ønskjeleg at det går beitedyr i terrenget. Elles kan det vera ønskjeleg med litt rydding av busk og kratt i dei halvopne berga og på tørre knausar, som har ein interessant og lyselskande flora.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Snørasa verkar framleis i retning av eit ope landskap, men prosessane med slått og beiting er opphøyr, og som resultat av dette får ein forbusking og skogdanning i det meste av fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at han er i attgroing og det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria til B.

## 087 Sunnlyvsfjorden: Åkernesodden-Flosteinfonna

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11240
<b>Naturbasenummer</b>	(NY) jf edellauvskog BN00008335
<b>Posisjon:</b>	LP 961 952
<b>Høgde:</b>	0-60 m
<b>Naturtype:</b>	B01 sørvendt berg og rasmark, B02 kantkratt, D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	B0102 bergknaus- og flate, B0103 rasmark, B0204 urterik kant (overgang til D0407 frisk/tørr, middels baserik eng)
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	13.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004); kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Lillebø (1972), Ansok (1970, 1973)

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Silke Hansen 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Lillebø (1972) og Ansok (1970, 1973). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er likevel noko skjønsmessig

kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og andre typar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Det mest aktuelle er botanisk rike sørvendt berg og rasmark nedanfor garden Me-Åkerneset (tidlegare slåttemark), på strekninga Åkernesodden-Flostefonna, avgrensa på basis av ortofoto; ein bør endra avgrensing av edellauvskogen BN00008335 for å unngå overlapping. Me-Åkerneset ligg saman med fleire andre nedlagte gardar på vestsida av Sunnylvsfjorden i den veglause, bratte og rasutsette strekninga mellom Ljøen og Stranda, rett over fjorden frå Oaldsbygda. Terrenget rundt garden heller mot sør-søraust. Området er svært rasutsett og historiene om fonner er mange. Fonnene er ein viktig økologisk faktor for vegetasjonen i desse fjellssidene. Dei fører til mindre skog og meir opne berg og tørrenger med lyskrevande vegetasjon. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Langs stigen opp frå støa finst grunnlendte tørre, vekselfuktige og fuktige enger (rasmark, vekselfuktig baserik eng, F1/G11). Elles finst tørreng- og tørrberg-vegetasjon, kantkratt og urterike kantar og overgangar til G7 frisk/tørr, middels baserik eng (ein truga vegetasjonstype).

*Artsmangfald:* Dei gamle, dels tørre og grunnlendte slåtteeengene i dei raspåverka berga ned mot fjorden er interessante med innslag av bakkeveronika, bergmynte, engsmelle, engtjæreblom, gjeldkarve, grov nattfiol, humle, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras, kransmynte, kvitbergknapp, kvitmaure, liljekonvall, lintorskemunn, lodnebrege, loppestorr, markjordbær, sanikel, skogmarihand, smalkjempe, småsmelle, storblåfjør, sølvmure, vill-lin og åkerminneblom.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Garden Me-Åkerneset er første gong nemnt i 1666. Vanleg fønad først på 1900-talet var 4 kyr, 20-40 sauer og inntil 40 geiter. Det vart selt mykje ved. Garden har hatt fast busetnad fram til 6. desember 1958. Storfjordens venner har rydda noko skog nærast garden. Området vart i 2001 ikkje brukt til beiting. Det er ei stø med oppmura vor, naust, og oppmura sti opp til garden. I utmarka finst ei rekkje steinterrassar og steinrøyser som er mura opp for å betra slåttemarka. Desse er svært solid mura. Nokre er over 2 m høge og dels runde eller halvrunde. I dag er terrassane og steingardene sterkt attgrodde. Det finst ein del spor etter lauving, særleg styvingstre av bjørk, stadvis med karakter av attgroande bjørkehager, det finst og styva alm (2006 og 2010: NT).

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga, sidan dette i nasjonal (og internasjonal) samanheng er eit svært spesielt kulturlandskap. Biologisk sett har truleg engene i berga ned mot fjorden størst interesse i dag, og her gjer snørasa sitt til å halda landskapet ope i tillegg til at attgroinga går seint. Det hadde likevel vore ønskeleg med beitedyr i tillegg. Rydding av noko skog og buskas, kombinert med utplassering av beitedyr vil bidra til å halda landskapet ope og ta vare på dei fine tørrengene.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Snørasa verkar framleis i retning av eit ope landskap, men prosessane med slått og beiting er opphøyr, og som resultat av dette får ein forbusking og skogdanning i det meste av fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit svært artsrikt område med sørvendte berg, rasmarker og kantsamfunn. Naturen har vore sterkt kulturpåverka i lang tid med m.a. slått, men engfloraen held seg lenge på grunn av jamnleg raspåverknad og høg temperatur (stor uttørkingsfare). Den mest verdifulle vegetasjonen og artsamangfaldet er knytt til tørre og vekselfuktige engsamfunn i berga ned mot sjøen.

## **088 Sunnylvsfjorden: Inste Åkernes**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11220, jf. edellauvskog BN00008335
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 952 943
<b>Høgde:</b>	0-20 m
<b>Naturtype:</b>	B01 sørvendt berg og rasmark, D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	B0102 bergknaus- og flate, D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 13.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetrakta 16.06.2010, John Bjarne Jordal; kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Ansok (1970), Lillebø (1972)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Silke Hansen 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Gjerding (1935), Ansok (1970) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mot t.d. buskmark. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Inste Åkernes var den sørlegaste av Åkernes-gardane. Han ligg ned mot fjorden i ei søraustvendt li under Flostein-nibba. Ein må ha båt for å koma dit.

Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Innmarka, eller det som er ope i dag, er ein mosaikk av ulike engsamfunn. Det er i stor grad udyrka, frisk fattigeng (G4) på grunnlendte berg ned mot sjøen. Det er elles alle overgangar frå artsrike tørrberg (F3) via vekselfuktige enger til stabilt friske eller fuktige engsamfunn, meir eller mindre raspåverka (G12, F1). Berre ved husmurane vart det påvist nitrofil vegetasjon (G14). Her gror det att med stornesle, bringebær, vendelrot, skogsvinerot og roser. Tilgrensande område er stort sett dekt med lauvskog det det finst bjørk, hengjebjørk, rogn, hegg og hassel. Desse områda er ikkje undersøkte, men styva bjørk er vanleg og påfallande i heile fjordlia. Historiene om snøfonner er mange, fonnene er ein viktig økologisk faktor for vegetasjonen i desse fjellsidene. Dei fører til mindre skog og meir opne berg og tørrenger med lyskrevande vegetasjon.

*Artsmangfald:* På tørre berg og i tørre enger vart det funne ei rekkje artar: bergmjølke, bergmynte, burot, eittårsknavel, engsmelle, engtjæreblom, hårsvæve, kransmynte, kvitbergknapp, lintorskemunn, lodnebrege, mørkkongslis, piggstorr, sandarve, småsmelle, småstorkenebb, småsyre, stemorsblom, svartburkne, sølvmore, vill-lauk og åkerminneblom. Av meir skuggetolande artar/skogsplanter kan nemnast breiflangre, haremat, humle, lundrapp, sanikel, skogmarihand og småborre.

Beitemarkssoppen mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea* vart og påvist, og dessutan stilkrøysopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Garden er første gong nemnt i 1603. I 1866 var her 5 mål dyrka jord, 4 mål natureng, utslått til 26 høylas, 7 storfe og 40 småfe. Seinere hadde ein gjerne tre kyr, 30 geiter og nokre sauer. Det er ikkje mykje til slåttemark på innmarka. Inste-Åkernes vart fråflytta i 1900. Likevel heldt dei fram med å slå her og i utmarka rundt til rundt 1923. Det finst murar etter ei bygning med langsida mot fjorden. Dessutan finst det steinrøyser, steingardar og terrassar. Ved sjøen er det bygd ei stø.

*Framande artar:* Det vart ikkje funne framande artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga. Rydding av noko skog og buskas, kombinert med utplassering av beitedyr vil bidra til å halda landskapet ope og å ta vare på dei fine tørrengene.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Snørasa verkar framleis i retning av eit ope landskap, men prosessane med slått og beiting er opphøyr, og som resultat av dette får ein forbusking og skogdanning i det meste av fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er eit område med artsrike sørvendte berg, rasmarker og kantsamfunn. Naturen har vore sterkt kulturpåverka i lang tid, men engfloraen held seg lenge i ein attgroingsfase på grunn av raspåverknad og høg temperatur (stor uttørkingsfare). Ein har derfor funne det rett å velja naturtype sørvendt berg og rasmark. Dei største verdiane er knytt til artsrikdomen i dei varmekjære og tørre engsamfunna.

### 089 Sunnylvfjorden: Ljøvikhammaren-Ljøvikskjeret

**Nr i Storfjordprosjektet:** 11280  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** LP 923 903  
**Høgde:** 20 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark, B01 sørvendt berg og rasmark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng, B0102 bergknaus- og flate

**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 13.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004); kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Lillebø (1972), Gjerding (1935)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Silke Hansen 13.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Lillebø (1972) og Gjerding (1935). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og andre naturtypar. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Ljøvikhammaren ligg i ei middels bratt austvendt helling ned mot sjøen rundt halvannen kilometer nord for Ljøen. For å koma hit må ein helst ha båt. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Mykje av det opne beitelandskapet består av frisk fattigeng (G4) med mykje gulaks, engkvein og smalkjempe. Det finst og noko sølvbunkeeng (G3) og tørrbergvegetasjon (F3) ned mot fjorden, sistnemnde strekkjer seg innover langs fjorden eit stykke mot Ljøen. Vegetasjonen syntest å vera i tidleg attgroing (2001). Området rundt består av bjørke- og gråor-dominert lauvskog med bregner og høgstauder (storbregne-, høgstaudeskog, gråorskog C1/C2/C3).

*Artsmangfald:* Av naturengplanter kan nemnast blåklukke, blåknapp, blåkoll, bråtestorr, engfiol, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras og smalkjempe. I tilknytning til tørre berg fanst eittårsknavel, lintorskemunn, lodnebregne, småbergknapp, småsmelle, svartburkne og sølvmore. Mest interessant var funn av fleire beitemarkssopp, av desse fleire raudlisteartar: *Entoloma atrocoeruleum* (2006 og 2010: NT), *Entoloma pseudocoelestinum* (2006: NT, 2010: VU), gul limvokssopp *Hygrocybe glutinipes*, lutvokssopp *Hygrocybe nitrata* (2010: NT) og raudskivevokssopp *Hygrocybe quieta* (2006 og 2010: NT). Lokaliteten synest å ha potensiale for fleire slike artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dette er ein gammal plass, men busettingshistoria ligg langt attende og er noko uviss. Bruket vart nemnt i 1603 og 1610 men var øyde i 1620 (Lillebø 1972), seinare var det busetnad til ca. 1800. Lokaliteten var ikkje beita ved besøket i 2001, men har tydeleg vore beita like før. Øvst mot skogen ligg det ruinar med langsida mot fjorden.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er her svært ønskjeleg at ein held fram med å sleppa beitedyr. Elles kan det vera ønskjeleg med litt rydding av busk og kratt i dei halvopne berga og på tørre knausar, som har ein interessant og lyselskande flora. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området får verdi B (viktig) på grunn av at det er eit område med ein naturbeitemark med fleire indikatorar og fire raudlisteartar, dessutan artsrike tørrberg, tørrenger og kantsamfunn. Naturen har vore sterkt kulturpåverka i lang tid, men engfloraen held seg lenge i ein attgroingsfase på grunn av raspåverknad og høg temperatur (stor uttørkingsfare). Mest interessant er førekomst av fleire raudlista beitemarkssopp, noko som tyder på langvarig brukshistorie. Floraen hadde også interessante element på tørrberg og tørrenger langs stranda.

### 090 Sunnylvsmoldskreddalen: Bruna

**Nr i Storfjordprosjektet:** 11300  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** LP 878 875  
**Høgde:** 220-240 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 15.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 15.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, gjødsla mark (nær Bruna) og boreal hei, men skiljet er relativt godt synleg på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Bruna ligg eit lite stykke nord for Ringdal og er ein plass med ei samling av sommarfjøs i nedre, sørlege del av Sunnylvsmoldskreddalen, på vestsida av elva. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten består av store rasmarker beita av geit som delvis tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Frisk fattigeng (G4) utgjer rundt 50%, blåbærdominerte parti (boreal lynghei, men med ein del gras og urter) ca. 50%.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bekkestjerneblom, bergmjølke, blåknapp, bråtestorr, fjellaugnetrøst, geitsvingel, grønstorr, hestespreng, hårsvæve, kjeldeurt, kjertelaugnetrøst, kornstorr, kvitmaure, kystmaure, lækjeveronika, myrmaure, myrmjølke, rome, ryllsiv, smørtelg og tviskjeggveronika. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 framleis godt beita av geit. Området verka litt nitrofilt nærast elva, og det kan tenkjast at her har vore gjødsla, elles er dette ugjødsla utmark.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er intakte, men artsfattige naturbeitemarker som er nokså oppblanda med raspåverka og beita boreal hei, steinur mm.

## 091 Sunnylvsmoldskreddalen: Moldskreddalen

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10059
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008340
<b>Posisjon:</b>	LP 869 909
<b>Høgde:</b>	420 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	27.09.1999, Finn Oldervik, 01.07.2000, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, 06.09.2000, Geir Gaarder, John Bjarne Jordal (Holtan & Grimstad 2004), 15.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935) og Lillebø (1972)

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Finn Oldervik 27.09.1999, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 01.07.2000, Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 06.09.2000 (Holtan & Grimstad 2004), Silke Hansen 15.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2010. Kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, myr og boreal hei.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i indre, nordlege del av Sunnylvsmoldskreddalen. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale og noko elvetransportert materiale og myrtorv. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og lyngdominerte parti og myr. Deler av stølsvollen er dominert av gras, mest fjellgulaks

og engkvein (frisk fattigeng, G4, 40%), deler av blåbærlyng og røsslyng (boreal lynghei 30%) og deler av fattig fastmattemyr (K3, 30%). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, fjellaugnetrøst, geitsvingel, harerug, hestespreng, lækjeveronika og tviskjeggveronika. Av sopp er det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Tidlegare har det vore fast busetnad på Moldskreddalen. Det budde folk her m.a. på 1600-talet (4 kyr, 4 geiter og 4 sauer), men det låg øyde i 1717. Frå 1732 var det tidvis to bruk til 1838, deretter ein brukar til det vart selt til seter i 1851, men det er litt uvisst kvar husa sto bortsett frå at det skal ha vore ved dei noverande setrane (400 m o.h.). I 1866 var her 34 mål dyrka, 96 mål natureng, frå utslått 5 lass av totalt 75 lass høy, og hamn for 48 storfe. Seinare har her vore seterdrift, som no er lagt ned. Beitetrykket var i 2001 godt, og det var mykje geit og sauer. Beitetrykket var lågare i 2010. Det finst fleire rydningsrøyser og steingjerde. Heile inste delen av dalen har dei siste tiåra vore prega av geitebeite som har halde ved like eit ope landskapsbilete. Området verka lite gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er intakte, men artsfattige naturbeitemarker som er nokså oppblanda med boreal hei og myr.

## **092 Sunnylvsmoldskreddalen: Rindalsstølen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10056
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008338
<b>Posisjon:</b>	LP 867 913
<b>Høgde:</b>	440 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.10.1999, Finn Oldervik, 01.07.2000 Dag Holtan og Karl Johan Grimstad (Holtan & Grimstad 2004), 15.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Finn Oldervik 06.10.1999, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 01.07.2000, Geir Gaarder og John Bjarne Jordal 06.09.2000 (Holtan & Grimstad 2004), Silke Hansen 15.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2010. Kjelde til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og boreal hei, men skiljet er relativt godt synleg på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i indre, nordlege del av Sunnylvsmoldskreddalen. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og lyngdominerte parti (boreal hei). Ein finn det naturleg å ta med Gjerdebøen sør for Litledalselva. Deler av stølsvollen er dominert av gras, mest fjellgulaks og engkvein (frisk fattigeng, G4, 50%), deler av blåbærlyng og røsslyng (boreal lynghei, 20%) og deler av fattig fastmattemyr (K3, 30%). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bekkeblom, fjellaugnetrøst, fjelltistel, geitsvingel, gulsildre, harerug, myrmaure, myrmjølke, ryllsiv, skoggråurt, smørtelg, småengcall og tviskjeggveronika. I 2000 vart det og sett dvergjamne, enghumleblom, fjelltimotei, gulsildre,

jonsokkoll, kornstorr og lækjeveronika. Av sopp vart det i 1999 funne gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola* og bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Tidlegare har det vore fast busetnad i Sunnylvsmoldskreddalen, m.a. 1666 og tidvis to bruk til 1851 (Gjerding 1935), men det er uvisst kvar dette var bortsett frå at det skal ha vore ved dei noverande setrane. Seinare har her vore seterdrift, som no er lagt ned. Beitetrykket var i 2001 godt, og det var mykje geit og sauer. Beitetrykket var lågare i 2010. Fleire steingjerde. Heile innte delen av dalen er prega av geitebeite som har skapt eit spesielt, ope landskapsbilete. Det var og merke etter beite av storfe. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er intakte, men artsfattige naturbeitemarker som er nokså oppblanda med boreal hei og myr.

### **093 Sunnylvsmoldskreddalen: Bygdastølen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10030
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008337
<b>Posisjon:</b>	LP 865 913
<b>Høgde:</b>	470 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	06.10.1999, Finn Oldervik, 01.07.2000, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, 05.09.2000 Geir Gaarder og John Bjarne Jordal (Holtan & Grimstad 2004), 15.08.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Finn Oldervik 06.10.1999, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 01.07.2000 (Holtan & Grimstad 2004), Silke Hansen 15.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og boreal hei, men skiljet er relativt godt synleg på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i indre, nordlege del av Sunnylvsmoldskreddalen, og er den innte av stølane her. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av ras- og morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og lyngdominerte parti. Deler av stølsvollen er dominert av gras, mest fjellgulaks og engkvein (frisk fattigeng, G4, 70%), deler av blåbærlyng og røssllyng (boreal lynghei 20-25%).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, fjellburkne, hestespreng, lækjeveronika og tviskjeggveronika. Av sopp vart det i 1999-2000 funne gul småkøllesopp *Clavulinopsis helvola*, bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, skjørvokssopp, kjeglevokssopp, engvokssopp, grøn vokssopp og honningvokssopp. Det er truleg potensiale for fleire beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Rydningsrøyser tyder på at større område har vore slått ein gong i tida. Heile innte delen av dalen er prega av geitebeite som har skapt eit spesielt, ope landskapsbilete. Det var og merke etter beite av storfe. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i dalen, desse utgjer i dag mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er intakte, men artsfattige naturbeitemarker som er nokså oppblanda med boreal hei og myr.

### **094 Norangsdalen: Geilskredvatnet vest**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 819 908
<b>Høgde:</b>	300 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 04.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og snøraspåverka bregneenger, boreal hei og buskmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i midtre del av Norangsdalen i ei austvendt, raspåverka fjellside nær grensa til Ørsta kommune, på vestsida av Geilskredvatnet. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har noko dårleg utvikla naturbeitemark, men landskapet består av rasmarker som og har lyng- og bregnedominerte areal, og litt raspåverka buskmark. Vegetasjonen var delvis gras- og urterik, mest i slekt med frisk fattigeng (G4) med ein del gulaks, engkvein, sølvbunke og smyle, elles er det blåbærdominert vegetasjon (boreal hei) og bregneenger med skogburkne, ormetelg, hestespreng og fugletelg. Av tre og buskar vart det sett spreidd bjørk og sølvvier.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. harerug, hestespreng, lækjeveronika, skogfiol, skoggråurt, tviskjeggveronika og tågebær. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, men ein reknar med at han har eit dårleg potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Dette er eit gammalt beitelandskap som framleis er ein del beita av geit og nokre få sauer. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Norangsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstiller krava til B.

### **095 Norangsdalen: Geilskredvatnet sør**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10055
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 819 900
<b>Høgde:</b>	300 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.09.1994 John Bjarne Jordal og Geir Gaarder (Aksdal 1994, Jordal & Gaarder 1995), 04.08.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 14.09.1994 saman med Geir Gaarder (Aksdal 1994, Jordal & Gaarder 1995) og 04.08.2010.

Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og snøraspåverka bregneenger, boreal hei og buskmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i Norangsdalen i ei austvendt, raspåverka fjellside nord for Fivelstad, og på sørsida av Geilskredvatnet. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har noko dårleg utvikla naturbeitemark, men landskapet består av rasmarker som og har lyng- og bregnedominerte areal. Vegetasjonen var delvis gras- og urterik, mest i slekt med frisk fattigeng (G4) med ein del gulaks, engkvein, sølvbunke og smyle, elles er det blåbærdominert vegetasjon (boreal hei) og bregneenger med skogburkne, ormetelg, hestespreng og fugletelg. Av tre og buskar vart det sett spreidd bjørk og sølvvier.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. grønstorr, harerug, lækjeveronika, smørtelg og storfrytle, tidlegare er det og funne blåklokke, blåkoll, finnskjegg, hårsvæve, jonsokkoll, kattedot, kjertelaugnetrøst og tiriltunge. I 1994 vart det funne m.a. bleikskiva raudskivesopp *Entoloma infula*. Ein reknar med at lokaliteten berre har eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 framleis ein del beita av geit og nokre få sauer. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit stort, ope landskap i Norangsdalen, som gjennom lang tid er forma av prosessar knytt til snøras og beiting i kombinasjon.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstillar krava til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

## 096 Langedalen: Røyhussetra

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11750
<b>Naturbasenummer</b>	BN00067569
<b>Posisjon:</b>	LP 852 755
<b>Høgde:</b>	550 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 14.06.2007, Geir Gaarder (Melby & Gaarder 2007), 04.08.2010, John Bjarne Jordal

## Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 01.07.2002 (Norderhaug et al. 2004), 14.06.2007 av Geir Gaarder (Melby & Gaarder 2007) og eige feltarbeid 04.08.2010. Ein har velt å behalda avgrensinga til Melby & Gaarder (2007).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg søraust for Røyhus i Røyhusdalen i sørlege del av Sunnlyven (nær fylkesgrensa). Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men verka stadvis litt nitrofil. Vegetasjonen var ca. 30% frisk fattigeng (G4), 40% sølvbunkeeng (G3), ca. 20% finnskjeggeng (G5) og rundt 10% fukteng/fattig fastmattemyr (K3). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer, og det er stadvis kraftig oppslag av førebels nokså små bjørkebusker.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, fjellaugnetrøst, harerug, hestespreng, hårsvæve, jonsokkoll, kjertelaugnetrøst, kvitsymre, lækjeveronika, prestekrage og skoggråurt. I 2007 vart det også funne engfiol, fjelltimotei, sparsamt med marinøkkel (2006: NT), skogmarihand og

trefingerurt. I 2002 vart det og notert blåklukke. Av sopp vart det i 2010 m.a. funne *Bovista nigresens* stor eggrøyksopp, og ein reknar med at området har potensiale for beitemarkssopp, kanskje også raudlisteartar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 framleis ein del beita av storfe, men beitetrykket er for svakt til å halda lokaliteten open og stabil. Setervollen var skildra som godt nedbeita i 2002, slik var det ikkje i 2010. Området verka lite gjødsla i nyare tid, men har truleg vore gjødsla med fastgjødsel tidlegare på deler av arealet.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite eller for svakt beitetrykk kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er ønskjeleg med eit sterkare beitetrykk slik at feltskiktet er lågt om hausten og lyng og buskar vert hindra i å vandra inn. Fysiske inngrep (som hyttebygging), gjødsling og sprøyting bør unngåast. Buskrydding kan bli naudsynt snart.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med eit utval beiteindikatorar, mellom desse marinøkkel som vert rekna som kravfull og regionalt nokså sjeldan.

### **097 Sunnylvbygda: Helbostad**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11820
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 9214 8388
<b>Høgde:</b>	242 m
<b>Naturtype:</b>	D12 store gamle tre
<b>Utforming:</b>	D1204 gammalt tre
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, hogst
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.08.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 08.08.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i ei sørvestvendt li ovanfor Helbostadgardane i Sunnylvn, ved kanten av dyrkamarka. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten består av eit einaste stort, gammalt almetre (2006 og 2010: NT). Treet er om lag 1,2 x 1,8 meter i stammediameter og har grov sprekkebork. Ifølgje Norderhaug et al. (2004) finst det tre grove, styva almer til i området, men desse vart ikkje lokalisert i 2010.

*Artsmangfald:* Det vart ikkje funne uvanlege epifyttar på treet, men ein reknar med at den grove sprekkeborken vil vera eit aktuelt habitat for slike artar etter kvart om dei spreier seg hit.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Treet har vore styva for svært lenge sidan. Det står i kanten av dyrka mark og området rundt vert delvis nytta som lagerplass for siloballar og maskiner. Styving av yngre almetre i områda rundt bør vurderast.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Treet bør få stå lengst muleg. Styving av yngre almetre kan vurderast.

*Del av heilskapleg landskap:* Det er få store almetre i Sunnylvn, men det er spreidd beitelandskap og merke etter tidlegare utnytting av lauv i området.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei uvanleg stor alm.

## 098 Sunnylvbygda: Frøysadal nord

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 927 792
<b>Høgde:</b>	300-380 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	04.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på og eige feltarbeid 04.08.2010. Rasmarker lenger vest mot Frøysadal er oppsøkt og skildra 22.07.2002 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), og 14.06.2007 av Geir Gaarder (Melby & Gaarder 2007, BN00067564) Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og boreal lynghei, men grasdominerte rasenger var likevel nokså godt synlege på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i ei snøråspåverka austvendt fjellside i Frøysadalen mellom Frøysa og Frøysadal (sør for Røyssvørgrova), i ein sidedal sør i Sunnylvbygda. Berggrunnen består av glimmergneis. Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og steinur/rasmark og raspåverka boreale lyngheier. Vegetasjonen var overgangar mellom frisk fattigeng (G4) og rasmark (F1), men ein del av arealet er dekt av boreal hei med mykje blåbær. Av tre og buskar vart det sett bjørk, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, geitsvingel, hestespreng, lækjeveronika, markjordbær, skogfiol og tviskjeggveronika. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppsesongen, ein reknar med at han har eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 ein del beita av geit. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større, ope landskap som og er påverka av ein kombinasjon av snørå og beiting.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstillar krava til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

## 099 Sunnylvbygda: Djupgjølet

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11520
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 925 775
<b>Høgde:</b>	480 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	12.07.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 04.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen 12.07.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 04.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva

ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark, blåbærdominert boreal lynghei, buskmark og meir gjødsla beite.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Djupgjølet (og kalla Frøysasetra) ligg i ei vestvendt li i ein sidedal til Frøysadalen lengst sør i Sunnylvn, på rundt 480 meter over havet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark (dårleg utvikla), men det finst og lyngdominert mark (boreal lynghei) og myr. Vegetasjonen var artfattige utgåver av sølvbunkeeng (G3), finnskjeggen (G5), frisk fattigeng (G4), fattig fastmattemyr (K3) og boreal lynghei dominert av blåbær.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bekkeblom, bekkestjerneblom, harerug og lækjeveronika. I 2002 vart det dessutan funne augnetrøst-art, blåklokke, fjelltimotei, setergråurt og skogmarihand. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppseongen, men det kan vera eit svakt potensiale for beitemarkssopp på mindre deler av arealet.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Seterbygningar ligg på begge sider av vegen. Ei fonn øydela 2 gamle sel og eit gammalt fjøs i 1982. Det er 8 gamle seterbygningar på Djupgjølet, og i seinare tid er det bygd 3 hytter. Det er også restar etter ein steingard. Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe. Området verka stadvis litt gjødsla, og elles nokså forbuska, og det er litt usikker avgrensing av denne grunn.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør det ikkje gjødslast meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjær i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstillar krava til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

## **100 Sunnylvbygda: Heimsetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11210
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 981 811
<b>Høgde:</b>	480 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 03.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 03.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det opne arealet er omkransa av skog og relativt veldefinert.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved vegen inn mot Bjørdalsssetra og Holesetra i Holedalen i Sunnylvn, rundt 480 meter over havet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i mellomboreal vegetasjonssone (MB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og litt lyngdominert mark (boreal lynghei). Vegetasjonen var artfattige utgåver av frisk fattigeng (G4), litt finnskjeggen (G5) og litt fattig fastmattemyr (K3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, harerug, hestespreng, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, skoggråurt og trefingerurt. Av sopp vart det m.a. funne *Hygrocybe pratensis* engvokssopp. I 2001 vart det dessutan funne papillvokssopp *Hygrocybe subpapillata* (2006 og 2010:

VU) og mørkskjela vokssopp *Hygrocybe turunda* (2006: NT, 2010: VU) (funne av Liv Sterten og bestemt av J.B. Jordal).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Heimestølen vart tidlegare bruka eit par veker etter at dei tok buskapen ned frå fjellet. På veg opp til Holesætra overnatta dei her. Det vart dreve utmarksslått ved Heimesetra. Området var i 2010 beita av storfe. Det står att eit gammalt steingjerde. Området verka lite gjødsla. Det er litt oppslag av gråor.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og to raudlista beitemarkssopp. Den eine av desse er nokså sjeldan.

## **101 Sunnylvbygda: Holesetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 10029
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008378
<b>Posisjon:</b>	MP 004 804
<b>Høgde:</b>	700 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.07.2000, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad (Holtan & Grimstad 2004), 14.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 03.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 24.07.2000 (Holtan & Grimstad 2004), Liv Sterten 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 03.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og boreal hei og myr, men dette skiljet kjem likevel godt fram på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved vegenden lengst inn i Holedalen i Sunnylvn, på rundt 700 meter over havet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, men det finst og elvetransportert materiale og myrtorv.

Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men det finst og lyngdominert mark (boreal lynghei) og myr. Området er nokså steinet. Vegetasjonen var ei artfattig utgåve av frisk fattigeng (G4), men med meir nitrofile parti med stornesle og bringebær, og overgangar til lynghei. Det er store areal boreal lynghei nord for setrane som tidlegare har vore avgrensa (BN00008378), men som no vert utelate fordi dette ikkje er ein prioritert naturtype.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bekkestjerneblom, fjellaugnetrøst, grønstorr, harerug, hestespreng, kjeldeurt, kornstorr, lækjeveronika, myrmjølke, skoggråurt, trefingerurt og tyrihjelm. I 2001 vart det dessutan funne fjelltimotei og blåklokke. Av sopp vart det m.a. funne *Lichenomphalia umbellifera* torvnavlesopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Ifølgje ein av grunneigarane var det svært folksamt her sommarstid tidlegare. Dei hadde til saman 80 mjølkekyr, 200-250 geit og nokre sauer på begge stølane. Seterdrifta opphøyrte i 1950, no blir her berre beita. Rundt 10 juli har det vore vanleg å frakta opp buskapen. Sommaren 2001 beita 130 storfe og 20 vinterfora sau i området. Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe. Holesetra har i alt 10 bygningar (hytter/sel), sju av dei er oppført dei siste 20-30 åra, to løer, fleire grunnmurar/ruinar og fragment av steingjerde. Området verka relativt lite gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstillar krava til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

## **102 Sunnylvbygda: Bjørdalssetra**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 10029
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008378
<b>Posisjon:</b>	MP 004 804
<b>Høgde:</b>	700 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	24.07.2000, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad (Holtan & Grimstad 2004), 14.08.2001, Liv Sterten (Norderhaug et al. 2004), 03.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad 24.07.2000 (Holtan & Grimstad 2004), Liv Sterten 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 03.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og boreal hei og myr, men dette skiljet kjem likevel godt fram på ortofoto.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg ved vegenden lengst inn i Holedalen i Sunnylvn, på rundt 700 meter over havet. Bjørdalssetra (og Holesetra) ligg ved vestenden av Holedalsvatnet. Hole- og Bjørdalssetra utgjer ei setergrend, der elva Holedalselva skiljer dei to. Setrane ligg i den opne og godt beita Holedalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt).

Lausmassane består truleg mest av morenemateriale, men det finst og elvetransportert materiale og myrortv. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og svakt oseanisk vegetasjonssesksjon (O1). *Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og lyngdominert mark (boreal lynghei) og myr. Det er store areal boreal lynghei nord for setrane som tidlegare har vore avgrensa (BN00008378), men som no vert utelate fordi dette ikkje er ein prioritert naturtype. Vegetasjonen var artfattige utgåver av finnskjegeng (G5), frisk fattigeng (G4) og fattig fastmattemyr (K3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, dverggråurt, fjellaugnetrøst, gråstorr, harerug, hestespreng, hundekvein, lækjeveronika, musøyre, skoggråurt og trefingerurt. I 2001 vart det dessutan funne fjelltimotei og blåklokke. Av sopp vart det m.a. funne *Hygrocybe pratensis* engvokssopp, *Panaeolus semiovatus* gjødselringsopp, *Psilocybe merdaria* stor møkkfleinsopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Ifølgje ein av grunneigarane var det svært folksamt her sommarstid tidlegare. Dei hadde til saman 80 mjølkekyr, 200-250 geit og nokre sauer på begge stølane. Seterdrifta opphøyrte i 1950, no blir her berre beita. Rundt 10 juli har det vore vanleg å frakta opp buskapen. Sommaren 2001 beita 130 storfe og 20 vinterfora sau i området. Området var i 2010 framleis ein del beita av storfe. Bjørdalssetra har 5 hytter. Området verka relativt lite gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein av fleire setervollar i distriktet, men desse utgjer i dag små areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han inneheld relativt dårleg utvikla naturbeitemark som truleg ikkje tilfredsstillar krava til B, m.a. fordi det er ein del av vegetasjonen som ikkje høyrer heime i naturbeitemark.

### **103 Sunnylvsfjorden: Lundanes**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11230
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 937 888
<b>Høgde:</b>	0-70 m
<b>Naturtype:</b>	D05 hagemark
<b>Utforming:</b>	D0501 bjørkehage
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), avstandsbeta 16.06.2010, John Bjarne Jordal; kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Ansok (1970), Lillebø (1972)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Silke Hansen 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Gjerding (1935), Ansok (1970) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lundanes ligg ned mot fjorden i ei vestvendt li rett nordafor der Geirangerfjorden munnar ut i Sunnylvsfjorden. Tilkomsten er med båt. Innmarka ligg ned mot fjorden, men strekkjer seg opp på eit platå ca. 70 m over fjorden. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Mykje av innmarka er i dag attgroande og nitrofile enger (G14) med bringebær, firkantperikum, hundegras, hundekjeks, høymole, kveke, kvitbladtistel, raud jonsokblom, skogstorkenebb, sløkje og stornesle. I lia ved husa er det mange styva bjørker som utgjer ein bjørkehage, ein av dei finaste av dei som er att i Storfjorden. Ein del har vore styva for lenge sidan. Styvingstrea pregar det visuelle inntrykket.

*Artsmangfald:* I bjørkehagen vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lundanes er ein liten sjøgard. Garden er første gong nemnt i 1603. På 1900-talet kunne ein fø rundt 4 kyr og 40 geiter. I 1922 vart garden selt til Matvika og fråflytta. Etter dette slo Matvika i ei årrekke på Lundanes. Det gamle stovehuset er fjerna og det er bygd ei ny hytte. Stein er eit av stikkorda i dette landskapet slik som i Matvika. Landskapet er mange stader prega av omfattande steinflytting i form av steinutgardar, ryddingsrøyser (fleire fine oppmura haugar) og høge oppmura steinterrassar.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Oppatt-taking av styvinga av hengjebjørk kunne vore ønskeleg, det har stor innverknad på landskapsbiletet, og kan og verka inn på artsmangfaldet. Utan rydding og beiting vil dette landskapet etter kvart gro til med skog.

*Del av heilskapleg landskap:* Lundanes dannar saman med Matvik, Robben og Robbedalen eit heilskapleg kulturlandskap.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er usikkert om han tilfredsstillar kriteria til B, m.a. på grunn av attgroingsstatus. Attgroinga på Lundanes minkar likevel verdien sterkt.

### **104 Sunnylvsfjorden: Lundanes, Halsen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11230
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 937 888
<b>Høgde:</b>	0-70 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark (tidlegare slåttemark)
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 14.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetrakta 16.06.2010, John Bjarne Jordal; kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Ansok (1970), Lillebø (1972)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Silke Hansen 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Gjerding (1935), Ansok (1970) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark/slåttemark og meir gjødsla og attgrodd innmark. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lundanes ligg ned mot fjorden på eit nes der Geirangerfjorden munnar ut i Sunnlyvsfjorden. Innmarka strekkjer seg opp på eit plata ca. 70 m over fjorden (Halsen). Lokaliteten omfattar sørlege del av slåttemarka og tidlegare beita knausar og tørrenger sørover ned mot fjorden. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Mykje av innmarka er i dag attgroande og nitrofile slåttemarker (G14) med bringebær, firkantperikum, hundegras, hundekjeks, høymole, kveke, kvitbladtistel, raud jonsokblom, skogstorkenebb, sløkje og stornesle (ikkje avgrensa). Det er innslag av tørre enger og tørrberg (G7, ein truga vegetasjonstype, og F3) i det avgrensa området i kanten av tidlegare slåttemark og i sørhellingane ned mot fjorden, men desse er litt meir artsfattige enn i Matvika.

*Artsmangfald:* I kanten av attgroande eng på Halsen vart det funne åkermåne. Dette er den yteste kjende lokaliteten i Geirangerfjorden, som huser fylkets einaste bestand av denne arten. I tørre enger vart det funne engsmelle, bråtestorr, engtjæreblom, gjeldkarve, gulmaure, kransmynte, bergmynte, kvitbergknapp, lintorskemunn, olavsskjegg, svartburkne, sølvmore, vill-lauk og vill-lin. Vidare vart det funne restar av orkidéar som må ha blomstra tidleg, truleg vårmarihand.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lundanes er ein liten sjøgard. På enga som ligg 70 m over fjorden (Halsen) er det funne reiskap frå yngre steinalder (flint). Garden er første gong nemnt i 1603. På 1900-talet kunne ein fø rundt 4 kyr og 40 geiter. I 1922 vart garden selt til Matvika og fråflytta. Etter dette slo Matvika i ei årrekke på Lundanes. Stein er eit av stikkorda i dette landskapet slik som i Matvika. Landskapet er mange stader prega av omfattande steinflytting i form av steinutgardar, ryddingsrøyser (fleire fine oppmura haugar) og terrassar. På Halsen er terrenget flatare og her finst det imponerande ryddingsrøyser og steingardar. Ein steingard går i nokså bratt terreng ned mot fjorden. Det finst og mange høge, oppmura steinterrassar på Lundanes. Området er ikkje lenger beita og gror att.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite og slått fører til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med oppattaking av skjøtselen. Utan rydding, slått eller beiting vil dette landskapet etter kvart gro til med skog.

*Del av heilskapleg landskap:* Lundanes dannar saman med Matvik, Robben og Robbedalen eit heilskapleg kulturlandskap. Lokaliteten er ein del av dei spesielle fjordgardane i Storfjorden, der attgroing medverkar til at nokså små areal framleis er opne.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at han har grunnlendte knausar med eit relativt intakt mangfald av tørrengartar, men attgroinga minkar verdien gradvis. Tørrengene med åkermåne er mest interessant på Lundanes.

### **105 Geirangerfjorden: Matvika**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11110
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	LP 943 883
<b>Høgde:</b>	0-100 m
<b>Naturtype:</b>	B01 sørvendt berg og rasmark, B02 kantkratt, D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	B0102 bergknau- og flate, B0103 rasmark, B0204 urterik kant, D0407 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)

**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 14.08.2001, Silke Hansen, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), avstandsbetrakta 10.08.2010, John Bjarne Jordal; kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Ansok (1970), Lillebø (1972)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2001-2002, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Silke Hansen 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og kulturhistoriske data frå Gjerding (1935), Ansok (1970) og Lillebø (1972). Lokaliteten er og avstandsbetrakta 10.08.2010 (John Bjarne Jordal). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av buskmark/småskog mm. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Matvika ligg sørvendt og varmt i ytste del av Geirangerfjorden, der han munnar ut i Sunnlyvsfjorden. Heimebøen er svært steinet og berglendt, og påverka av ras. Historiene om snøfonner er mange, fonnene er ein viktig økologisk faktor for vegetasjonen i desse fjellsidene. Dei fører til mindre skog og meir opne berg og tørrenger med lyskrevande vegetasjon. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er steinet og bratt og har m. a. mindre grashyller i eit berglendt og steinet landskap. Her gror det no att med busker og småskog, men det går seint fordi det er tørt. Typisk vegetasjon her er ei blanding av tørreng (G7, ein truga vegetasjonstype), tørrberg (F3), urterike kantar (F4), rasmarksenger (F1) og litt dyrka mark som i dag er attgroande frisk fattigeng (G4) med gulaks, hundegras, smalkjempe, bergmynte, ryllik og kvitkløver. I dag finn ein det mest rett å velja sørvendt berg og rasmark som naturtype. I lia rundt garden er det mange styva hengebjørker som i dag er nokså store.

*Artsmangfald:* Regionalt sjeldne artar som åkermåne, lakrismjelt og tranehals finst her i dels gode bestandar. Lista over planteartar knytt til tørrenger, tørrberg og solvarme kantar og kratt er elles imponerende lang: bakkemynte, blåklokke, eittårsknavel, engfiol, engtjæreblom, gjeldkarve, gulmaure, hengjeaks, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras, kransmynte, bergmynte, kvitbergknapp, lintorskemunn, lundgrønaks, lundrapp, myske, mørkkongslys, olavsskjegg, piggstorr, raudknapp, smalkjempe, småbergknapp, småborre, småsmelle, svartburkne, sølvsmure, tiriltunge, vill-lin og åkerminneblom. Ein reknar med at potensialet for sjeldne, varmekrevande insektartar er stort.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Matvika vart busett før 1630. Det var på 1900-talet vanleg med 3 kyr og 50-100 geiter. Etter at ein slutta med geit, hadde ein inntil 100 sauer og lam. Matvika vart fråflytta på 1960-talet. Nedanfor husa er det mange terrassar. Matvika ligg nede ved fjorden og er derfor godt synleg frå ferjene og båtane på Geirangerfjorden. Litt av historia til Matvika vert formidla til turistane. Matvika er ikkje beita dei seinare åra, og attgroinga er påtakeleg.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dei verdifulle tørrengene og kantvegetasjonen bør bevarast. Det hadde vore ønskjeleg med utplassering av beitedyr (t. d. geit), kombinert med noko krattrydding i tørrengene, t. d. med ryddesag. Det kunne og ha vore ønskjeleg med styving av bjørkene som har vore styva tidlegare. Dette er viktig m.a. for det visuelle inntrykket av garden frå fjorden.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar. Snørasa verkar framleis i retning av eit ope landskap, men prosessane med slått og beiting er opphøyr, og som resultat av dette får ein forbusking og skogdanning i det meste av fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området er gitt verdi A (svært viktig) på grunn av at det er eit stort område med svært artsrike sørvendte berg, rasmarker og kantsamfunn. Naturen har vore sterkt kulturpåverka i lang tid, men engfloraen held seg lenge i ein attgroingsfase på grunn av raspåverknad og høg temperatur (stor uttørkingsfare). Ein har funne det rett å velja naturtype sørvendt berg og rasmark. Matvika har eit av dei mest artsrike tørreng-samfunna av alle kulturlandskaps-lokalitetane som er registrerte til no i Storfjorden. Styva bjørker og tørrenger med tørre knauser, berg og kantkratt pregar det visuelle inntrykket av Matvika.

## **106 Geirangerfjorden: Knivsflå**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 11100

<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 0067 8782
<b>Høgde:</b>	250 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	14.08.2001, Silke Hansen & John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 10.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelde til kulturhistoria: Gjerding (1935), Ansok (1970), Lillebø (1972)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Silke Hansen og John Bjarne Jordal 14.08.2001 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 10.08.2010. Kjelde til kulturhistoria: Gjerding (1935), Ansok (1970) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla og attgroande innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg like nordaust for husa på Knivsflå, ein bratt hyllegard på nordsida av Geirangerfjorden eit stykke ute i fjorden, og er berre tilgjengeleg via ein sti opp frå fjorden (ein må ha båt for å koma dit). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men grensar til attgroingsenger med høgstauder og trivielle attgroingsartar. Det er lite areal som no vert slått rundt husa på Knivsflå. Vegetasjonen var mest i slekt med frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype), med m.a. dunhavre. Dei delene av innmarka som ikkje blir slått (ikkje avgrensa), er dels nitrofil attgroingseng (G14) med bringebær, geitrams, kvitbladtistel, hundegras, hundekjeks, mjøduert, ormetelg, sløkje, raud jonsokblom, firkantperikum, strandrøyr, vendelrot og stornesle, men det er og knausar med intakt tørrbakkeflora, og artar som piggstorr, sølvmore, lodnebregne, blårapp, engsmelle osv.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. dunhavre, engsmelle, engsnelle, augnetrøst-art, gjeldkarve, gulskolm, kystbjørnekjeks, lintorskemunn, markjordbær, raudknapp, småengkall og trollurt. I 2001 vart det og notert blåklokke, lækjeveronika, småsyre og åkerminneblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Knivsflå er nemnt m. a i 1603. I 1724 fora dei 6 kyr, 6 ungdyr, 10 geiter og 10 sauer. I 1866 var her 15 mål dyrka jord, 22 mål natureng, ein hausta 50 høyllass frå utslått av totalt 75 høyllass, og ein fora 12 storfe, 44 småfe og 1 gris. I 1898 vedtok kommunen at garden måtte fråflyttast på grunn av rasfare. Likevel fortsette slåtten på Knivsflå lenge, dels heilt til 1965, og høyet vart bore og fira ned på løypestrenger. Den avgrensa lokaliteten ved husa vert framleis slått, men ikkje beita. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av slått og beite har ført til kraftig attgroing på Knivsflå. Det er ønskjeleg med framhald i slåtten på det avgrensa arealet. Det er og ønskjeleg med slått på eit større areal i det øvrige området rundt husa som framleis er ope (særleg nedanfor), her finst framleis eit større tal tørrbakkeartar som er på veg til å forsvinna gradvis om ikkje tiltak vert sett inn.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar, men snørasa i omgjevnadene held større areal med engvegetasjon opne, og held dermed ved like bestandar av mange engartar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med einskilde kravfulle engartar.

### 107 Geiranger: Humlungsetra

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10036
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008354
<b>Posisjon:</b>	MP 025 881

<b>Høgde:</b>	540 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.09.1994 John Bjarne Jordal (Aksdal 1994, Jordal & Gaarder 1995) 12.06.2002, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 09.08.2005 og avstandsbetrakta med teleskop 11.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 12.06.2002 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), og eige feltarbeid 15.09.1994 (Aksdal 1994, Jordal & Gaarder 1995), 09.08.2005, og dessutan avstandsbetrakta med teleskop 11.08.2010. Avgrensinga er noko endra basert på ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Humlungsetra ligg 540 meter over havet på ei hylle i fjellsida ved Geirangerfjorden mellom Skageflå og Humlung i den nordvendte lia på sørsida av Geirangerfjorden. Setra er tilgjengeleg frå Skageflå eller Humlung. Like ved setra ligg eit mykje nytta utsiktspunkt over fjorden. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i nordboreal vegetasjonssone (NB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men har vore ute av hevd ei stund, og vil gradvis gro att med skog. Vegetasjonen er prega av noko attgroing med einer, firkantperikum, bregner og nitrofile planter. Det er ein del einer og lyngmark ved setra, men det finst også noko grasdominert vegetasjon (frisk fattigeng, G4). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Det vart i 1994 funne 33 planteartar på vollen, mellom desse blåklokke, engfiol, engfrytle, fjellgulaks, kjertelaugnetrøst, lækjeveronika, stemorsblom og åkerminneblom. Av beitemarkssopp vart det i 1994 funne bleiktuppa småkøllesopp *Clavulinopsis luteoalba*, lutvranghette *Hemimycena delectabilis*, skjørvokssopp *Hygrocybe ceracea*, mønjevokssopp *Hygrocybe coccinea*, kjeglevokssopp *Hygrocybe conica*, seig vokssopp *Hygrocybe laeta*, liten mønjevokssopp *Hygrocybe miniata*, engvokssopp *Hygrocybe pratensis* og honningvokssopp *Hygrocybe reidii*, alle vidt utbreidde artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Frå midten av mai vart kyrne frå Humlung tidlegare stegvis flytta oppover på fjellet. Humlungsetra vart nytta frå St. Hans og i omlag fire veker før ein flytta til Skagedalen. Setra var i bruk fram til 1950. I 1994 var her noko streifbeiting av sau. Området har ikkje vore beita sidan ein slutta med sau på Humlung ca. 2004. Lokaliteten kan ha vore svakt gjødsla med møkk frå seterfjøset for lang tid sidan. På grunn av plasseringa mellom Humlung og Skageflå er området svært attraktivt for turistar. Besøkande har laga bålplass på setra. I 2010 vart det med teleskop frå Møll sett framhaldande attgroing med buskar, bregner og lyng, og ein del firkantperikum.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til attgroing med høg vegetasjon, buskas og skog. Det kunne derfor vore ønskjeleg med oppattaking av den tradisjonelle utmarksbeitinga. Det er og behov for busk- og skogrydding rundt setra.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag ein liten del av store fjellsider med skog og rasmarker. Desse var tidlegare opnare på grunn av at beiting og anna utnytting, som gjorde sitt til å halde landskapet opnare enn i dag.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han er i attgroing og truleg ikkje lenger tilfredsstillar kriteria til B.

### 108 Geiranger: Humlung: Skjorabakkane

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 047 877
<b>Høgde:</b>	40-200 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng

**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 09.08.2005 og 11.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 09.08.2005 og 10.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Det opne området er relativt veldefinert. Mesteparten av lokaliteten ligg innanfor Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nordvest for Humlung vest i Geirangerbygda, og er ei open beitemark på grunnlengde berg og knausar. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer delvis naturtypen naturbeitemark, men det finst og mykje bergknauar og opne bergflater. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng med overgang til tørrenger (G4/G7, ein truga vegetasjonstype) og delvis bergknau og bergflate (F3). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. ask (2010: NT), blåknapp, bråtestorr, bustnype, geitsvingel, hegg, hestespreng, knegras, lækjeveronika, skjermsvæve og småsmelle. Det er ikkje funne sopp (truleg dårleg potensiale).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Frå midten av mai blei kyrne frå 4 bruk på Humlung tidlegare stegvis flytta oppover på fjellet. Dette skjedde i 4 etappar tilsvarande 4 beiteområde (dels inngjerda, dels i utmark): heimebeite (eit par veker), "Kvia" (fram til St. Hans), Humlungsetra (frå St. Hans av i cirka 4 veker) og Skagedalen (fram til cirka 1. september). Humlung har vore fråflytta sidan ca. 2000. 2-3 familiar bur her sommars tid. Skjorabakkane vart beita av sau fram til ca. 2004. No vert Humlung-innmarka beita av geit, men ikkje Skjorabakkane pga. manglande inngjerding (kjelde: Marit Humlung). Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører no til attgroing med høg vegetasjon, buskas og skog. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit landskap som er forma av langvarig beiting, men som no er i attgroing.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han er i attgroing og truleg ikkje lenger tilfredsstillir kriteria til B. Dersom attgroinga får fortsetta vil mange artar forsvinna og verdien verta uprioritert (D).

### 109 Geiranger: Møll, ved geitefjøset

**Nr i Storfjordprosjektet:** (NY)  
**Naturbasenummer:** (NY)  
**Posisjon:** MP 0526 8921  
**Høgde:** 280 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** C (lokalt viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** Bele & Norderhaug (2008, jf. Asdøl et al. 1991), NARIN/Naturbase (lokaliteten Grandeelva BN00062524), 21.07.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på Bele & Norderhaug (2008) og eige feltarbeid 21.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla beite. Lokaliteten ligg delvis inne i lokaliteten BN00062524 Grandeelva (NARIN/Naturbase), som bør få justert avgrensing.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg eit stykke nord for det nye geitefjøset ved Møll i Geiranger. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer kanskje naturtypen naturbeitemark, men ligg i eit område der mykje av grasmarkene er gjødsla. Han er nemnd av Bele & Norderhaug (2008) som noko av det som er minst gjødsla i Mølls-bygda. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, sølvbunke, hundegras og mykje raudknapp. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. enghumleblom, engsmelle, krattlodnegras, kvitbladistel, kvitmaure, lækjeveronika, raud jonsokblom, raudknapp, skjermsvæve, smalkjempe, stormaure og sumphaukeskjegg. Ifølgje Bele & Norderhaug (2008) veks det og gullhavre i dette området, ein art som vart innført med frøblandingar på 1800-talet, og no er sjeldan. Lokaliteten er ikkje undersøkt i soppesongen, og han har truleg berre eit svakt potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 ein del beita av geit. Området er truleg noko gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald i beitinga, alternativt slått. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar, m.a. er størstedelen av Møll-Grande-området anten i attgroing eller påverka av gjødsling.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi det er usikkert om han tilfredsstiller krava til B pga. gjødslingspåverknad.

## **110 Geiranger: Grandestranda**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 0575 8774
<b>Høgde:</b>	30 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0407 frisk/tørr, middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	21.07.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 21.07.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskild god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg like ovanfor vegen mellom Maråk og Grande i Geiranger. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men har vore ute av hevd ei stund, og vil anten gro att med skog eller gå over til sørvendt berg og rasmark. Vegetasjonen var dels attgroingsvegetasjon med høgstauder, bregner og høge gras som hundegras, sløkje, vendelrot, mjørdurt, skogstorkenebb, ormetelg og skogburkne, men det er og framleis ein del tørrbakkevegetasjon med gulmaure, gjeldkarve m.fl. (G7, ein truga vegetasjonstype). Av tre og buskar vart det sett hengjebjørk, alm (2006 og 2010: NT), gråor, bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, hestespreng, kjøtttype, knegras, kvitmaure, lækjeveronika, markjordbær, mørkkongslis, raudknapp, smalkjempe, småsmelle, tviskjeggveronika og åkerminneblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, og lokaliteten har truleg ikkje lenger potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området har ikkje vore beita på lenge. Lokaliteten kan ha vore litt gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med oppattaking av beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag ein liten del av store fjellsider med opne, artsrike rasmarker. Dette var tidlegare opnare på grunn av at beiting var ein tilleggsprosess til snørasa, og gjorde sitt til å halde landskapet opnare enn i dag.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) fordi han er i attgroing og truleg ikkje lenger tilfredsstillar kriteria til B.

### **111 Geiranger: Maråk nord**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10037
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008358
<b>Posisjon:</b>	MP 063 873
<b>Høgde:</b>	20-100 m
<b>Naturtype:</b>	B01 sørvendt berg og rasmark
<b>Utforming:</b>	B0103 rasmark
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.07.1973 Arnfinn Skogen, 23.07.1997 Geir Gaarder, 30.07.1999 Dag Holtan & Karl Johan Grimstad (Holtan & Grimstad 2004), 11.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Arnfinn Skogen 19.07.1973, Geir Gaarder 23.07.1997, Dag Holtan & Karl Johan Grimstad 30.07.1999 (Holtan & Grimstad 2004) og eige feltarbeid 10.08.2010. Avgrensinga er ikkje endra i høve til Holtan & Grimstad (2004).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg like nord for sentrum på Maråk i Geiranger. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Dette er eit par gamle, attgroande, raspåverka naturbeitemarker (tidlegare slåtteenger) like nord for Maråk (Geiranger sentrum). Området er omkransa av lauvskog og kantkratt. Lokaliteten har vore ute av hevd så lenge at det rettaste ser ut til å vera å rekna dette som sørvendt berg og rasmark. Vegetasjonen var rasmarksvegetasjon, tørr gras-urt-utforming (F1a). Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Plantelivet er etter måten rikt og variert med i alt 116 karplantar, av desse 21 natureng- eller seterplantar. Av særskilt interesse er skogkløver og åkermåne, som begge er sjeldsynte i Møre og Romsdal. Andre artar: bakkemynte, bakkeveronika, eittårsknavel og kvitbergknapp. Gul vokssopp *Hygrocybe chlorophana* vart funnen i ca. år 2000. Det er funne bakkeminneblom på Maråk i 1973, det første funnet i fylket. Det er uvisst kvar dette var, men det kan ha vore her.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Her er ein gammal steingard med humle. Området har ikkje vore beita på lenge. Ein del av det tidlegare arealet er gått tapt som følgje av utbygging og rasforbygging inntil Geiranger sentrum. Lokaliteten synest ikkje å ha vore gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fleire fysiske inngrep bør unngåast. Det er ønskjeleg med framhald i beiting, men i dag er det berre rasprosessane som held lokaliteten open.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag ein del av store fjellsider med mykje opne, artsrike rasmarker. Dette var tidlegare opnare på grunn av at beiting var ein tilleggsprosess til snørasa, og gjorde sitt til å halde landskapet opnare enn i dag.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei relativt artsrik sørvendt rasmark.

### **112 Geiranger: Maråk**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11420
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)

<b>Posisjon:</b>	MP 064 865
<b>Høgde:</b>	ca. 10-40 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.06.2002, Liv Sterten & Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 11.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 26.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 10.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla mark/frukthage (m.a. i nord).

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg like aust for gardane på Maråk i Geiranger. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangssekksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonssekksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten vert klassifisert som naturbeitemark, på grunn av at beiting har vore skjøtselsforma dei seinare år. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med noko gjødslingspreg. Av tre og buskar vart det sett ask (2010: NT), hassel, bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, bustnype, gjeldkarve, hårsvæve, krattlodnegras, markjordbær, raudknapp og åkerminneblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* I 2002 hadde Maråk 20 sauer som beitte i området vår og haust. Det vart gjødsla med om lag 10 kg fullgjødsel per dekar fram til ca. 1995. Lars Maråk slo fram mot 2000 og slutta med sau i 2009. Området er i 2010 beita av andre sauer.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Platanlønn bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er ei relativt artsfattig naturbeitemark med litt preg av gjødsling, men er elles intakt.

### 113 Geiranger: Gjørva: Røstaneset

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11440
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 054 868
<b>Høgde:</b>	50 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Ortofoto er dårleg og andre kartgrunnlag er mangelfulle i høve til attgroinga i nyare tid, det er derfor noko upresis avgrensing her, men ein har hatt god nytte av andre flyfoto frå Stranda kommune.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg mellom Gjørva og Humlung ned mot fjorden vest i Geirangerbygda, og er ei open snøraspåverka beitemark. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal

vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Trass i attgroing vert lokaliteten rekna som naturbeitemark, men han er idag mest påverka av snøras. Vegetasjonen var i slekt med både frisk fattigeng og frisk/tørr middels baserik eng (G4, G7, ein truga vegetasjonstype, rundt 50% av ei blanding av desse), og dessutan er det noko meir sølvbunkedominert eng (G3, ca. 50%). Viktige artar var sølvbunke, gulaks, engkvein og vendelrot. Av tre og buskar vart det sett bjørk, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, bustnype, engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, gulskolm, krattmjølke, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, mørkkongsllys, raudknapp, smalkjempe, småengkall og vegtistel. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar (truleg dårleg potensiale).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 omtrent ikkje lenger beita og er i gradvis attgroing. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Det vart observert platanlønn.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til attgroing. Det er ønskjeleg med oppattaking av i beitinga. Platanlønn bør fjernast. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit landskap forma av snøras og langvarig beiting, men som no er i attgroing.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar. Dersom attgroinga får fortsetta vil artar forsvinna og verdien verta lågare.

## **114 Geiranger: Gjørva: Fannaneset**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11440
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 056 867
<b>Høgde:</b>	5-80 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	18.06.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 11.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 18.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og 10.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Ortofoto er dårleg og andre kartgrunnlag er mangelfulle i høve til attgroinga i nyare tid, det er derfor noko upresis avgrensing her, men ein har hatt god nytte av andre flyfoto frå Stranda kommune.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg mellom Gjørva og Humlung ned mot fjorden vest i Geirangerbygda, og er ei open, snøraspåverka beitemark vest for Fannaneset. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Trass i attgroing vert lokaliteten rekna som naturbeitemark, men han er idag mest påverka av snøras. Vegetasjonen var i slekt med både frisk fattigeng og frisk/tørr middels baserik eng (G4, G7, ein truga vegetasjonstype). Gulaks, engkvein, raudsvingel, vendelrot og smyle var viktige artar. Av tre og buskar vart det sett bjørk, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, bustnype, fjellaugnetrøst, geitsvingel, gjeldkarve, knegras, kvitbladtistel, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, raudknapp og småengkall. I 2002 vart det dessutan notert blåklukke, blårapp, lækjeveronika, mørkkongsllys, smalkjempe og åkerminneblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar (truleg dårleg potensiale).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området var i 2010 omtrent ikkje lenger beita og er i gradvis attgroing. Området verka ikkje gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite har ført til attgroing. Det er ønskeleg med oppattaking av i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ein del av eit landskap forma av snøras og langvarig beiting, men som no er i attgroing.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar. Dersom attgroinga får fortsetta vil artar forsvinna og verdien verta lågare.

### **115 Geiranger: Gjørva: Hjellhola**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 057 866
<b>Høgde:</b>	5-50 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.09.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg mellom Humlung og Gjørva i Geiranger ved Hjellhola sør for Fannaneset. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark, men er i tillegg påverka av snøras som gjer sitt til å halda skogen nede. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med dominans av gulaks, raudsvingel, engkvein, engrapp, smyle, kvitkløver og stadvis gulmaure. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, bråtestorr, bustnype, engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, gulskolm, hestespreng, hårsvæve, lintorskemunn, markjordbær, raudknapp, skjoldberar, smalkjempe, småbergknapp og småengkall. Av sopp vart det m.a. funne *Entoloma cruentatum* himmelblå raudskivesopp (2006 og 2010: VU), *Hygrocybe turunda* mørkskjela vokssopp (2006: NT, 2010: VU) og *Mycena flavoalba* elfenbeinhette.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Beitetrykket var i 2002 bra, da beita 5-6 hestar og ca. 15 storfe her. Ein slutta med storfe i 2008 (kjelde: Kristin Bakke). I 2010 beitte berre eit par ponniar og nokre få sauer, og det totale beitetrykket var nokså lågt. Området ved vegen var litt betre beita fordi ponnyane gjekk mest her. Området verka relativt lite gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dårleg beitetrykk fører no til attgroing. Det er derfor ønskeleg med auka beitetrykk. Det vil og bli aukande behov for buskrydding. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap som tidlegare var nokså ope, men som no vert gradvis dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og to raudlisteartar i kategori sårbar.

### **116 Geiranger: Gjørvavika**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 059 864
<b>Høgde:</b>	5-60 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark

**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 08.09.2010, John Bjarne Jordal, 09.09.2010, Reidun Braathen & Even W. Hanssen

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 08.09.2010 og besøk 09.09.2010 av Reidun Braathen og Even W. Hanssen. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark nærast vegen.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg like nordvest for Gjørva i Geiranger, sørvestover frå eit par hytter i Gjørvavika. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, smyle, raudsvingel og ryllik. Av tre og buskar vart det sett m.a. invaderande gråor.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, blåknapp, bustnype, engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, hestespreng, lækjeveronika, markjordbær, skjoldberar, småsmelle, tviskjeggveronika, vassarve og åkerminneblom. Av sopp vart det funne *Hygrocybe chlorophana* gul vokssopp, *H. coccinea* mønjevokssopp, *H. glutinipes* limvokssopp og *H. pratensis* engvokssopp (Artsobservasjonar, R. Braathen & E.W. Hanssen).

*Bruk, tilstand og påverknad:* Beitetrykket var i 2002 bra, da beita 5-6 hestar og ca. 15 storfe her. Ein slutta med storfe i 2008 (kjelde: Kristin Bakke). I 2010 beitte berre eit par ponniar og nokre få sauer, og det totale beitetrykket var nokså lågt. Området ved vegen var litt betre beita fordi ponniane gjekk mest her. Området er verka litt nitrofil i nedre deler, men relativt lite gjødsla i nyare tid lenger oppover.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dårleg beitetrykk fører no til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med auka beitetrykk. Det vil og bli aukande behov for buskrydding. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei delvis intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

### 117 Geiranger: Gjørva vest

**Nr i Storfjordprosjektet:** del av 10035  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MP 059 863  
**Høgde:** 5-60 m  
**Naturtype:** D04 naturbeitemark  
**Utforming:** D0404 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 15.09.1994, Geir Gaarder (Jordal & Gaarder 1995), 08.09.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg vest for husa på Gjørva i Geiranger. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og

rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen er dominert av frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, smyle, raudsvingel og ein del gulmaure. Av tre og buskar vart det sett invaderande gråor, bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, bustnype, gjeldkarve, gulmaure, hestespreng, kvitmaure, markjordbær, raudknapp, smalkjempe og småengkall. Av sopp vart det i 2010 m.a. funne *Hygrocybe pratensis* engvokssopp og *Hygrocybe psittacina* grøn vokssopp. I 1994 vart det dessutan påvist bleikskiva raudskivesopp *Entoloma exile*, kantarellvokssopp, gul vokssopp, mønjevokssopp og kjeglevokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Beitetrykket var i 2002 bra, da beita 5-6 hestar og ca. 15 storfe her. Ein slutta med storfe i 2008 (kjelde: Kristin Bakke). I 2010 beitte berre eit par ponniar og nokre få sauer, og det totale beitetrykket var nokså lågt. Området verka relativt lite gjødsla i nyare tid, men har kanskje vore noko meir gjødsla tidlegare.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dårlig beitetrykk fører no til attgroing. Det er derfor ønskeleg med auka beitetrykk. Det vil og bli aukande behov for buskrydding. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og eit visst attgroingspreg.

## **118 Geiranger: Gjørva: Høgebakkane**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 10035
<b>Naturbasenummer</b>	del av BN00008364
<b>Posisjon:</b>	MP 061 861
<b>Høgde:</b>	ca. 40-90 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	15.09.1994, Geir Gaarder (Aksdal 1994, Jordal & Gaarder 1995), 19.06. og 12.09.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 08.09.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Geir Gaarder 15.09.1994 (Aksdal 1994, Jordal & Gaarder 1995), eige søk 19.06. og 12.09.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark. Skogklede parti er utelatne.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg øvst (lengst sør) på innmarka ved Gjørva i Geiranger. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrrer naturtypen naturbeitemark, men med har vore slått tidlegare. Vegetasjonen er dominert av moserik frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, smyle, raudsvingel og sølvbunke. Av tre og buskar vart det sett bjørk, gråor og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, blåknapp, bråtestorr, engsmelle, harerug, kratthumbleblom, krattlodnegras, kvitbladtistel, raudknapp og smørtelg. I 2002 vart det dessutan funne blåklokke, blåapp, enghumbleblom, geitsvingel, gjeldkarve, gulmaure, hestespreng, kvitmaure, lintorskemunn, lækjeveronika, marksjordbær, mørkkongsslys, skjoldberar, smalkjempe, småsyre, tiriltunge og tviskjeggveronika. Av sopp vart det i 2010 m.a. funne *Hygrocybe pratensis* engvokssopp. I 2002 vart det påvist fiolett greinkøllesopp *Clavaria zollingeri* (2006: NT, 2010: VU), blårandraudskivesopp *Entoloma caesiocinctum* og færøyrraudskivesopp *E. xanthochroum*, og i 1994

bleikskiva raudskivesopp *Entoloma exile*, skjørvokssopp, gul vokssopp, mønjevokssopp, kjeglevokssopp, svartdogga vokssopp *Hygrocybe phaeococcinea* (2006 og 2010: NT), engvokssopp og grøn vokssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Det var ein husmannsplass ovafor Gjørva, som brukte inste del av bakkane (kjelde: Kristin Bakke). Det er ei rekkje steingjerde, og fleire hustufter av stein. Beitetrykket var i 2002 bra, da beita 5-6 hestar og ca. 15 storfe her. Ein slutta med storfe i 2008 (kjelde: Kristin Bakke). I 2010 beitte berre nokre få sauer, og det totale beitetrykket var nokså lågt. Området verka relativt lite gjødsla i nyare tid.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Dårlig beitetrykk fører no til attgroing. Det er derfor ønskjeleg med auka beitetrykk. Det vil og bli aukande behov for buskrydding. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit mindre areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar og to raudlisteartar, og med eit visst attgroingspreg.

## **119 Geiranger: Vesterås: Tuftene**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 066 869
<b>Høgde:</b>	340 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 10.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935), Lillebø (1972)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg lengst vest på innmarka, og for det meste nedanfor traktorveggen. Tuftene (Bakkane) var namnet på ein plass som låg her. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangssekksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert beita, og heile lokaliteten bør reknast som naturbeitemark. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng (G4, 70-80%), delvis sølvbunkeeng (G3, 30-40%) og delvis knausvegetasjon (F3). Viktige artar var engkvein, fjellgulaks, hundegras, raudknapp og kvitbladtistel.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. blåknapp, engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, jonsokkoll, knegras, kvitbladtistel, lintorskemunn, lækjeveronika, raudknapp, smalkjempe, småsmelle og tviskjeggveronika. Ei rekkje av desse er tørreng- og tørrberg-artar. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåthøy av totalt 150 høyllass, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Området vert beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita (kjelde: Arnfinn

Vesterås august 2010). Elles gjekk nokre geiter og lamaer her over sommaren. Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark, men noko gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

## ***120 Geiranger: Vesterås vest***

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 067 868
<b>Høgde:</b>	340 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 10.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935), Lillebø (1972)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark, men ein har tatt nokre subjektive val og målt nokre ytterpunkt med GPS.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg noko vestafor garden på oversida av traktorvegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert beita, og heile lokaliteten bør reknast som naturbeitemark. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng (G4, 50%), delvis sølvbunkeeng (G3, 40-50%) og delvis knausvegetasjon (F3). Viktige artar var engkvein, fjellgulaks, hundegras, raudknapp og kvitbladtistel.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. engsmelle, geitsvingel, gjeldkarve, gulmaure, hestespreng, hårsvæve, knegrass, kornstorr, kvitbladtistel, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, raudknapp, smalkjempe og sumpmaure. Fleire av desse er tørreng- og tørrberg-artar. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensielle for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåthøy av totalt 150 høyllass, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Området vert beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita (kjelde: Arnfinn Vesterås august 2010). Elles gjekk nokre geiter og lamaer her om sommaren. Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark, men noko gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast. Opphøyr av beite kan føra til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskjeleg med framhald i beitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt naturbeitemark med einskilde beiteindikatorar.

### **121 Geiranger: Vesterås nedanfor hyttene**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 0698 8663
<b>Høgde:</b>	250-320 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng, D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 09.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Lillebø (1972)

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 01.08.2000 av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 18.06.2002 av John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 09.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær s god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg nedanfor campinghyttene og nedanfor vegen til Vesterås. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert slått og seinare beita, og heile lokaliteten bør reknast som slåttemark. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng (G4), delvis frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype) og delvis knausvegetasjon (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. alm (2006 og 2010: NT), bakkeveronika, blå rapp, eittårsknave, engsmelle, engtjæreblom, gulmaure, hegg, kvitbergknapp, kvitbladtistel, kvitmaure, lintorskemunn, lodnebrege, mørkkongssly, prikkperikum, raudknapp, sandarve, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle, snøsilde, stemorsblom, sølvmaure, vill-lauk og vårskrinneblom. Ei rekkje av desse er tørreng- og tørrberg-arter. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåttøy av totalt 150 høyllass, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Store deler av garden vert no slått på ettersommaren og beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita. Det vert nytta naturgjødsl og litt kunstgjødsl på den djupaste jorda (kjelde: Arnfinn Vesterås august 2010). Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark. Det var fleire styva almetre i lokaliteten, stammediameteren var stort sett under 40 cm.

*Framande artar:* Det vart observert vårpengeurt.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsl og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med mange og dels kravfulle og uvanlege eng- og tørrbergarter. Vesterås har noko av den

best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarande vegetasjon har vore lenge i attgroing.

## ***122 Geiranger: Vesterås aust for hyttene***

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 070 866
<b>Høgde:</b>	330 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng, D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	Gjerding (1935), Lillebø (1972), 01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 10.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg like aust for campinghyttene. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert slått og seinare beita, og heile lokaliteten bør reknast som slåttemark. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng (G4), delvis frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype) og delvis knausvegetasjon (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bergmjølke, blå rapp, bustnype, engsmelle, engtjæreblom, gulmaure, hengjebjørk, krattlodnegras, kvitbladtistel, kvitmaure, lintorskemunn, lodnebrege, lundrapp, markjordbær, raudknapp, småbergknapp, småengkall, småsmelle, stemorsblom, sølvmaure, trollurt, vill-lauk og vårskrinneblom. Ei rekkje av desse er tørreng- og tørrberg- artar. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåthøy av totalt 150 høyllass, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Store deler av garden vert no slått på ettersommaren og beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita (kjelde: Arnfinn Vesterås august 2010). Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark, men svakt gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole. Vesterås har noko av den best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarande vegetasjon har vore lenge i attgroing, t.d. Møll/Grande og hyllegardane utover fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med mange og dels kravfulle og uvanlege eng- og tørrbergartar. Vesterås har noko av den best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarande vegetasjon har vore lenge i attgroing.

## 123 Geiranger: Vesterås aust ved elva

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 072 864
<b>Høgde:</b>	300 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng, D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 10.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935), Lillebø (1972)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg ovanfor gardsvegen oppover langs elva frå Vesteråsbrua. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert slått og seinare beita, og heile lokaliteten bør reknast som slåttemark. Vegetasjonen var delvis frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype) med ein del dunhavre, delvis frisk fattigeng (G4), og delvis knausvegetasjon (F3), men rundt 60% av den avgrensa lokaliteten er i overkant gjødsla.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeveronika, bustnype, dunhavre, engreverumpe, engsmelle, gjeldkarve, gulmaure, hårsvæve, jonsokkoll, knegras, kvitmaure, lintorskemunn, lodnebregne, lækjeveronika, markjordbær, raudknapp, smalkjempe, småbergknapp, småengkall, småsmelle, stemorsblom, stormaure og tågebær. Ei rekkje av desse er tørreng- og tørrberg-arter. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåthøy av totalt 150 høyllass, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Store deler av garden vert no slått på ettersommaren og beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita (kjelde: Arnfinn Vesterås august 2010). Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark, men svakt gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole. Vesterås har noko av den best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarande vegetasjon har vore lenge i attgroing, t.d. Møll/Grande og hyllegardane utover fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark med mange og dels kravfulle og uvanlege eng- og tørrbergarter. Vesterås har noko av den best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarande vegetasjon har vore lenge i attgroing.

## 124 Geiranger: Vesterås nordaust

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 072 866
<b>Høgde:</b>	325 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 11.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Lillebø (1972)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 11.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter. Det er noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg nær elva aust på innmarka, dels nedanfor og dels ovanfor stien til Vesterås dalen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangssekksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonssekksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert slått og seinare beita, og heile lokaliteten bør reknast som slåttemark. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng (G4) og delvis knausvegetasjon (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeveronika, eittårsknavel, engreverumpe, engsmelle, geitsvingel, knegras, kvitblattistel, kvitmaure, lintorskemunn, markjordbær, smalkjempe, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom og sølvmore. Ei rekkje av desse er tørtreng- og tørrberg-arter. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåthøy av totalt 150 høylas, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Store deler av garden vert no slått på ettersommaren og beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita (kjelde: Arnfinn Vesterås august 2010). Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark, men svakt gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole. Vesterås har noko av den best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarende vegetasjon har vore lenge i attgroing, t.d. Møll/Grande og hyllegardane utover fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark som dels har vore noko gjødsla, men som har fleire uvanlege eng- og tørrbergartar.

## 125 Geiranger: Vesterås nordaust ved elva

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	del av 11040
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 0729 8664
<b>Høgde:</b>	340 m

<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0107 frisk/tørr, middels baserik eng, D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	01.08.2000 Geir Gaarder & John Bjarne Jordal, 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Gaarder m. fl. 2001), 11.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935), Lillebø (1972)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 11.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935) og Lillebø (1972). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som sær god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Vesterås ligg oppe i den bratte søraustvendte lia rett ovanfor Geiranger sentrum. Som kulturlandskap er dette eit særprega, bratt og litt dramatisk område, lik mange av hyllegardane lenger ute. Lokaliteten ligg lengst nordaust på den opne innmarka mot elva og skogkanten. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonssesjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har grunnlendte knausar i mosaikk med parti med litt djupare jord. Det meste vert slått og seinare beita, og heile lokaliteten bør reknast som slåttemark. Vegetasjonen var delvis frisk fattigeng (G4), delvis frisk/tørr, middels baserik eng (G7, ein truga vegetasjonstype) og delvis knausvegetasjon (F3).

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bakkeveronika, fjellaugnetrøst, hårsvæve, jonsokkoll, kjøtttype, kvitbladtistel, lintorskemunn, markjordbær, raudknapp, skogfiol, smalkjempe, småsmelle, stemorsblom og tviskjeggveronika. Fleire av desse er tørreng- og tørrberg-arter. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Vesterås er nemnt første gong i 1603. Det var to bruk frå ca. 1620. I 1657 var her totalt 2 hestar, 23 storfe, 16 geiter og 5 sauer. I 1724 til saman 2 hestar, 26 storfe, 22 geiter og 20 sauer. I 1866 var det totalt 44 mål dyrka mark, 50 dekar natureng, 56 lass utslåttøy av totalt 150 høyllass, og ein fora 2 hestar, 24 storfe, 79 småfe og 3 grisar på dei to bruka til saman. Etter fonna i 1907 som tok heile garden, vart tuna oppattbygd til sommarbruk, medan folk og dyr tilbrakte vinteren nede i bygda. Store deler av garden vert no slått på ettersommaren og beita av ca. 80 sau om hausten, og vert da heilt nedbeita (kjelde: Arnfinn Vesterås august 2010). Området verka lite gjødsla på grunnlendt mark, men noko meir gjødsla på djupare jord.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole. Vesterås har noko av den best utvikla tørrbakkevegetasjonen som framleis er intakt i Geiranger, mange av dei andre stadene med tilsvarende vegetasjon har vore lenge i attgroing, t.d. Møll/Grande og hyllegardane utover fjorden.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark som dels har vore noko gjødsla, men som har fleire uvanlege eng- og tørrbergartar.

### 126 Geiranger: Vesterås dalen

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11050
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 100 884-887
<b>Høgde:</b>	750-900 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark, B01 sørvendt berg og rasmark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng, D0405 finnskjeggeng, B0103 rasmark
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Opphøyr av beite og attgroing

**Undersøkt/kjelder:** 03.08.2000, Geir Gaarder & John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk saman med Geir Gaarder 03.08.2000 (Norderhaug et al. 2004). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som mykje god, betre enn 50 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og andre naturtypar som alpin rasmark og fjellhei. Lokaliteten er ein del av Geiranger-Herdalen landskapsvernområde.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten er ei stor sørvendt rasmark som ligg eit stykke inne i Vesteråsdaalen, vest for Vesteråsetra. Tilgjenge er langs sti opp frå Vesterås. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest rasmateriale. Området ligg i nordboreal til lågalpin (NB-LA) vegetasjonssone og svakt oseanisk vegetasjonsseksjon (O1).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Beita snørasenger vest for Vesteråsetra med variert vegetasjon, m.a. frisk fattigeng med overgang til finnskjeggeng (G4, G5). Snøfonnene er ein viktig økologisk faktor for vegetasjonen i desse fjellsidene, i samspel med beiting.

*Artsmangfald:* Innslag av marinøkkel (2006: NT) og brudespore (2006: NT) m.m. Det er ikkje tatt full karplanteliste.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Truleg beita av sau i lange tider, kanskje også storfe og geit. Status etter 2000 er uviss.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i den tradisjonelle utmarksbeitinga.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten er ei av fleire beita rasmarker i distriktet, som til saman framleis utgjer vesentlege areal i Geiranger, men beitetrykket er no lågt omtrent overalt.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei større, intakt naturbeitemark med nokre indikatorar på ugjødsla beitemark, av desse to tidlegare raudlisteartar. Dette er ei av dei mange snørasengene i området. Dette er både eit typisk vestnorsk beitelandskap i snøraspåverka dalsider, og dessutan eit område med interessant artsomangfald.

## **127 Geiranger: Hole 1**

**Nr i Storfjordprosjektet:** 11430  
**Naturbasenummer** (NY)  
**Posisjon:** MP 075 861  
**Høgde:** 290 m  
**Naturtype:** D01 slåttemark  
**Utforming:** D0104 frisk fattigeng  
**Verdi:** B (viktig)  
**Mulege truslar:** Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing  
**Undersøkt/kjelder:** 18.06.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 11.08.2010, John Bjarne Jordal

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal (vinteren 2002-2003, omstrukturert til Naturbasetekst juni 2009) basert på eige besøk 18.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og 11.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskild god, og truleg betre enn 5 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla mark. Ein har tatt med stykket rett nedanfor hytta sjølv om dette kan ha vore åker og gjødsla tidlegare.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg nedanfor ei hytte i skogkanten aust for campingplassen på Hole i Geiranger. UTM-koordinaten MP 0746 8612 gjeld sørlegaste hjørnet ved steingjerdet. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane er truleg mest morenemateriale, men med innslag av rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er ei lita slåttemark med frisk fattigeng (G4) og innslag av tørrengartar som gjeldkarve og gulmaure.

*Artsmangfald:* Utval av noterte planter: blåklokke, blåknapp, gjeldkarve, gulmaure, harerug, lækjeveronika, markjordbær, raudknapp, smalkjempe, småengkall og stemorsblom. Det er truleg potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Lokaliteten er ei gammel slåtteeng. Det er oppsett eit steingjerde rundt deler av enga, m.a. i nedkant. Deler av enga var slått ved undersøkinga i 2010.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med framhald av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Området er gitt verdi B (viktig) på grunn av at det er ei lita, intakt slåttemark med nokre indikatorarartar, som truleg er litt gjødsla. Dette er eit eksempel på ei lita, tradisjonell natureng i det terrasserte og mosaikkprega kulturlandskapet på Hole.

### **128 Geiranger: Hole 2**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 0744 8630
<b>Høgde:</b>	300 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg langs vegen til Holebakk ved Hole i øvre del av Geirangerbygda. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er tidlegare slåttemark, og har truleg vore slått for ikkje lenge sidan. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med ein del raudknapp.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. engsmelle, gjeldkarve, raudknapp og smalkjempe. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er kanskje slått, og framleis ein del beita av sau om hausten. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med oppattaking av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei lita slåttemark som ikkje er særleg artsrik.

### **129 Geiranger: Hole 3**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 0738 8651
<b>Høgde:</b>	310 m

<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	11.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 10.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, og truleg betre enn 5 meter.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg langs vegen til Holebakk ved Hole i øvre del av Geirangerbygda, rett nedanfor Holebakk. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt).

Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er tidlegare slåttemark, og har truleg vore slått for ikkje lenge sidan. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med ein del raudknapp. Viktige artar var gulaks, engkvein, raudsvingel og firkantperikum.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. engsmelle, gjeldkarve, lintorskemunn, lækjeveronika, raudknapp, smalkjempe og stemorsblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensielle for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er kanskje slått, og framleis ein del beita av sau om hausten. Det er ein del daudgras i botnen. Det vart sett rydningsrøyser og ei styva selje. Området verka lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskjeleg med oppattaking av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark med einskilde engartar.

### 130 Geiranger: Holebakk

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11450
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 074 866
<b>Høgde:</b>	360-400 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	19.06.2002 og 11.09.2002, John Bjarne Jordal (Norderhaug et al. 2004), 11.08.2010, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Gjerding (1935)

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 19.06.2002 og 11.09.2002 (Norderhaug et al. 2004) og 11.08.2010. Kjelder til kulturhistoria: Gjerding (1935). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på den gamle, fråflytte plassen Holebakk nord for Hole og opp mot elvekløfta til Vesteråselva i øvre del av Geirangerbygda. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morene- og rasmateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Plana er å ta vare på Holebakk med slått og beiting (kjelde: Tor Hole), og rettast er det kanskje å føra heile området til naturtypen slåttemark, men det finst og nitrofile parti, hagemark og bergknausar, og det er uvisst om slått vert gjennomført på heile arealet. Vegetasjonen var for det meste frisk fattigeng (G4, 90%), der viktige artar var gulaks, engkvein, firkantperikum og prestekrage. Nedanfor husa var det og litt sølvbunkeeng (G3, 5%) med sølvbunke og hundegras. Av tre og buskar vart det sett bjørk, gråor, rogn, selje, bustnype og einer. *Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, bustnype, engsmelle, geitsvingel, gjeldkarve, harerug, hegg, humle, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, knegras, krattlodnegras, kvitbladtistel, lintorskemunn, markjordbær, prestekrage, raudknapp, smalkjempe, småsmelle og tviskjeggveronika. I 2002 vart det og notert aurikkelsvæve, blåklokke, blåkoll, engfiol, gulmaure, ein uvanleg art i hårsvævegruppa (kanskje *Hieracium auriculinum*), karve, olavsskjegg, stemorsblom og åkerminneblom. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar (berre engvokssopp), men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* På Holebakk var det 2 middelsstore bruk, den eine var ein bygsla plass. 29. mars 1855 gjekk eit snøskred og tok løe og fjøs på eine bruket, og omlag ein månad seinare gjekk det fonn på det andre bruket og drap sauere og skadde stovehuset. 23. februar 1907 tok fonna livet av 10 menneske, nordre Holebakk vart sopa heilt vekk, og ingen har seinare turt å busetta seg her. I dag er skogen så stor ovanfor at det verkar mindre sannsynleg med så store skred. Området har seinare vore bruka til slått og beite. Området var i 2002 litt beita av sau. I 2010 var plana å slå heile innmarka (kjelde: Tor Hole). Området verka jamt over lite gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med oppattaking av slått. Dersom det ikkje er muleg, bør enga beitast vår og haust. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap på Vesterås og Hole.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei slåttemark (eller naturbeitemark) med eit godt utval engartar.

### **131 Geiranger: Flydal, Gjerdet**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	(NY)
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 068 850
<b>Høgde:</b>	330 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	08.09.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på eige feltarbeid 08.09.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Flydal i øvre del av Geirangerbygda, på garden Gjerdet og ein fråskild plass (120/11, 120/26). Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men det finst og grunnlendte bergknausar. Ein liten åker ved husa er med fordi ein ikkje har heilt presise data på plassering. Husa kunne og vore ekskluderte. Vegetasjonen var frisk fattigeng (G4) med gulaks, engkvein, raudsvingel, smyle, finnskjegg, blåknapp og mykje hårsvæve. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. beitesvæve, blåknapp, blårapp, bråtestorr, hårsvæve, lintorskemunn, lækjeveronika, raudknapp, småbergknapp, småsmelle, stemorsblom og

sølvmore. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar, men ein reknar med at lokaliteten har potensiale for beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart framleis slått i 2010. Området verka stadvis litt gjødsla på djupare jord, lite på grunnlendt mark.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er viktig med framhald i slått og beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi B (viktig) på grunn av at det er ei intakt slåttemark som er delvis gjødsla, og som har eit middels utval engplanter.

### **132 Geiranger: Flydal: Haugane**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11340
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 074 845
<b>Høgde:</b>	320 m
<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	C (lokalt viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.06.2002, Liv Sterten & Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 09.08.2010, John Bjarne Jordal

#### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Liv Sterten og Bolette Bele 26.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 09.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Ein har prøvd å unngå gjødsla mark, men det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg på Flydal sør i Geirangerbygda, nord for den vesle tjørna her. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten er dårleg utvikla naturbeitemark, og det er dessutan grunnlendte knausar. Vegetasjonen var delvis artsfattig frisk fattigeng (G4, ca. 30%), delvis sølvbunkeeng (G3, 60%) og litt finnskjeeggeng (G5, 10%). Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. bråtestorr, harerug, hestespreng, hårsvæve, lækjeveronika, markjordbær, skjermsvæve og småsmelle. Av sopp vart det ikkje funne spesielle artar.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området vart i 2010 framleis ein del beita av storfe. Området har truleg vore noko gjødsla.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Det er ønskeleg med framhald i beitinga. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får verdi C (lokalt viktig) på grunn av at det er artsfattige enger som truleg har vore noko gjødsla og som kanskje ikkje tilfredsstillar kriteria til B.

### **133 Geiranger: Opplendskedalen**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	11390
<b>Naturbasenummer</b>	(NY)
<b>Posisjon:</b>	MP 087 835
<b>Høgde:</b>	440-460 m

<b>Naturtype:</b>	D04 naturbeitemark
<b>Utforming:</b>	D0404 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.06.2002, Bolette Bele (Norderhaug et al. 2004), 09.08.2010, John Bjarne Jordal

### Områdeskildring

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk av Bolette Bele 26.06.2002 (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 09.08.2010. Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særskilt god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg lengst søraust i Geirangerbygda, mellom Kvanndalselva og riksvegen. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og overgangsseksjon mellom oseaniske og kontinentale vegetasjonsseksjonar (OC).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten har vore slåttemark tidlegare, men i dag er det truleg best å føra han til naturtypen naturbeitemark. Vegetasjonen var i hovudsak frisk fattigeng (G4), men og med innslag av sølvbunkeeng (G3), og enga er prega av attgroing. Viktige artar var engkvein, fjellgulaks, sølvbunke, firkantperikum, hundegras, gjeldkarve, raudknapp, harestorr, tepperot og blåklukke. Av tre og buskar vart det sett bjørk, rogn, gråor, bustnype og einer.

*Artsmangfald:* Av planter vart det i 2010 notert m.a. aurikkelsvæve, beitesvæve, bergmjølke, bustnype, gjeldkarve, gulmaure, harerug, hestespreng, hårsvæve, jonsokkoll, karve, kjeldeurt, kvitmaure, lækjeveronika, markjordbær, mørkkongsløys, raudknapp, skoggråurt, skogsvinerot, småengkall, småsmelle, stormaure, strutsveing, tviskjeggveronika, tyrihjelme og vårskrinneblom. Av sopp vart det m.a. funne *Entoloma exile* flammefotrauds-kivesopp, *Hygroaster asterosporus* liten stjernenaslesopp og *Hygrocybe pratensis* engvokssopp. Ein reknar med at lokaliteten har potensiale for fleire beitemarkssopp.

*Bruk, tilstand og påverknad:* Området er ikkje lenger korkje slått eller beita og gror gradvis att. Marka er noko steinet og det finst mange rydningsrøyser og eit steingjerde. Det vart observert styva selje. Området har kanskje vore litt gjødsla tidlegare, men har eit relativt lite gjødsla preg i dag.

*Framande artar:* Ingen observerte artar.

*Skjøtsel og omsyn:* Opphøyr av beite fører gradvis til attgroing med høg vegetasjon, buskas og meir skog. Det er derfor ønskeleg med framhald i beitinga, evt. skjøtselsslått. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast.

*Del av heilskapleg landskap:* Lokaliteten utgjer i dag eit lite areal i eit landskap dominert av andre naturtypar.

*Grunngjeving for verdisetting:* Lokaliteten får under tvil verdi B (viktig) på grunn av at det er ei attgroande naturbeitemark med ein del beiteindikatorar og framleis eit delvis intakt preg i artsmangfaldet. Men verdien vil snart verta lågare om ikkje hevdene vert teken opp att.

## Andre lokalitetar

Nedanfor ligg forslag til ny områdeskildring for Ansok og Klevberg i Liabygda, Stranda. Desse slåttemarkslokalitetane er mangelfullt skildra i Naturbase pr. desember 2010, men fordi dei bør gjennomgåast i samband med handlingsplan slåttemark (kanskje også delast i fleire lokalitetar), vert ikkje nye avgrensingar og skildringar lagt inn i Naturbase i denne omgangen i påvente av meir grundige skjøtselsplaner. Ansok har og skjøtselsplan med detaljkart i Norderhaug et al. (2004), men denne følger ikkje gjeldande mal frå handlingsplan slåttemark.

### *Liabygda: Ansok*

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10027
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008313
<b>Posisjon:</b>	LQ 974 105
<b>Høgde:</b>	220 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng, D0107 frisk/tørr middels baserik eng
<b>Verdi:</b>	A (svært viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått/beite og attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.09.1999 og 05.07.2000 Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, 05.09.2000, Geir Gaarder og John Bjarne Jordal (Holtan & Grimstad 2004), 26.07.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 02.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954)

### **Områdeskildring**

*Innleiing:* Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 26.09.1999 og 05.07.2000 av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, 05.09.2000 av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal (Holtan & Grimstad 2004), 26.07.2001 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), og eige feltarbeid 02.09.2009. Kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom slåttemark og meir gjødsla innmark.

*Geografisk plassering og naturgrunnlag:* Lokaliteten ligg i ei sørvendt li rett vest for Liabygda og er tilgjengeleg etter ein bilveg frå Ringset. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonssesksjon (O2).

*Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:* Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark. Staden har eit forholdsvis stort areal med tradisjonelle slåtteenger i drift. Desse er i god hevd og har lang kontinuitet i den tradisjonelle bruken. Ved den tradisjonelle bruksforma med m.a. sein slått, stadvis litt gjødsling og vår- og haustbeiting har det vorte skapt ein karakteristisk og artsrik slåtteengvegetasjon. Vegetasjonen er noko tørrengprega (overgangar mellom frisk fattigeng og tørreng G4-G7, ein truga vegetasjonstype), men øvst er det også innslag av fuktig, m.a. med kystplantar som heibljåfjør og heistorr.

*Artsmangfald:* Det vart i 2001 funne i alt 97 karplantar, av desse 25 naturengplantar. Dette er eit uvanleg høgt tal. Interessante artar var marinøkkel (200: NT) (meir enn 50 plantar talt, truleg finst langt fleire), som har gått sterkt attende i låglandet i seinare tid, noko brudespore (200: NT), grov nattfiol og vill-lin. Dominerande mellom naturengplantane er slike som kjertlaugnetrøst, kvitmaure, smalkjempe, småengkall og storblåfjør. I 2009 vart notert m.a. blåknapp, grov nattfiol, hårsvæve, kjertelaugnetrøst, markjordbær, prestekrage, raudknapp, skoggråurt, smalkjempe, solblom (nokre rosettar, 2006 og 2010: VU) og stormaure. Av sopp vart det i 2009 m.a. funne *Agaricus campestris* beitesjampinjong, *Entoloma atrocoeruleum* (2006 og 2010: NT), *Entoloma chalybaeum* svartblå raudskivesopp (2010: NT), *Entoloma juncinum* striperaudskivesopp, *Entoloma sericellum* silkeraudskivesopp, *Entoloma serrulatum* mørktanna raudskivesopp, *Hygrocybe coccinea* mønjevokssopp, *Hygrocybe conica* kjeglevokssopp, *Hygrocybe flavipes* gulfovokssopp (2006 og 2010: NT), *Hygrocybe glutinipes* limvokssopp, *Hygrocybe helobia* brunfnokka vokssopp, *Hygrocybe ingrata* raudnande lutvokssopp (2006: NT, 2010: VU), *Hygrocybe insipida* liten vokssopp, *Hygrocybe nitrata* lutvokssopp (2010: NT), *Hygrocybe phaeococcinea* svartdogga vokssopp (2006 og 2010: NT),

*Hygrocybe psittacina* grøn vokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp, *Lycoperdon dermoxanthum* (bestemt av M. Jeppson, første funn i MR) og *Mycena flavoalba* elfenbeinhette. I 2000 vart det dessutan funne mjølraudskivesopp *Entoloma prunuloides* (2006: NT, 2010: VU), skjør vokssopp og engvokssopp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Ansok er nemnt første gong i 1603, men det er og gjort oldtidsfunn. I 1665 vart det 18 kyr og 2 ungfø. I 1723 var det 10 kyr, 4 ungfø, 11 sauer, 14 geiter og 1 hest. I 1865 var det omlag 8 storfe, 30 småfe og 1 hest. Området var framleis slått i 2009. Dei avgrensa areala verka lite gjødsla i 2009, men store deler av innmarka er gjødsla tidlegare. Ansok er rik på strukturar, m.a. frukttre, lauvtre, bakkemurar, steinrøyser og gamle styvingstre i utmarka.

**Framande artar:** Ingen observerte artar.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er svært viktig med framhald i slått, helst kombinert med beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

**Del av heilskapleg landskap:** Lokaliteten utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap i vestlege del av Liabygda.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt og artsrik slåttemark med åtte raudlisteartar, mellom desse ein restbestand av solblom, og dessutan den sjeldne røyksoppen *Lycoperdon dermoxanthum*.

## **Liabygda: Klevberg**

<b>Nr i Storfjordprosjektet:</b>	10046
<b>Naturbasenummer</b>	BN00008312
<b>Posisjon:</b>	LQ 969 107
<b>Høgde:</b>	300-350 m
<b>Naturtype:</b>	D01 slåttemark
<b>Utforming:</b>	D0104 frisk fattigeng
<b>Verdi:</b>	B (viktig)
<b>Mulege truslar:</b>	Fysiske inngrep, opphøyr av slått og beite, attgroing
<b>Undersøkt/kjelder:</b>	26.09.1999 og 05.07.20000, Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, 05.09.2000, Geir Gaarder, John Bjarne Jordal (Holtan & Grimstad 2004), 26.07.2001, Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004), 02.09.2009, John Bjarne Jordal, kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954)

## **Områdeskildring**

**Innleiing:** Skildringa er skriven av John Bjarne Jordal i november 2010, basert på besøk 26.09.1999 og 05.07.20000 av Dag Holtan og Karl Johan Grimstad, 05.09.2000 av Geir Gaarder og John Bjarne Jordal (Holtan & Grimstad 2004), 26.07.2001 av Silke Hansen (Norderhaug et al. 2004) og eige feltarbeid 02.09.2009. Kjelder til kulturhistoriske tilhøve: Kjølås (1954). Avgrensinga er basert på GPS og ortofoto og vert rekna som særst god, betre enn 20 meter. Det er likevel noko skjønsmessig kva ein vil ta med av overgangar mellom naturbeitemark og meir gjødsla innmark.

**Geografisk plassering og naturgrunnlag:** Lokaliteten ligg i ei sørvendt li rett vest for Liabygda og er tilgjengeleg etter ein bilveg frå Ringset, og sti vidare frå Ansok. Berggrunnen består av gneis (ikkje inndelt). Lausmassane består truleg mest av morenemateriale. Området ligg i sørboreal vegetasjonssone (SB) og klart oseanisk vegetasjonsseksjon (O2).

**Naturtypar, utformingar og vegetasjonstypar:** Lokaliteten tilhøyrer naturtypen slåttemark, men det finst og område som vert slege sjeldnare. Ved den tradisjonelle bruksforma med m.a. sein slått, lite gjødsling og vår- og haustbeiting har det vorte skapt ein karakteristisk og artsrik slåtteengvegetasjon. Her er store gulaks- og finnskjegger (G4, G5) med dominante artar som aurikkelsvæve, finnskjegg, smalkjempe og småengkall med kvitbladtistel i fuktige parti (G12). Også Klevberg er rik på strukturar og småbiotopar som kantvegetasjon og tørre knauser. Av tre og buskar vart det sett bjørk og einer.

**Artsmangfald:** I år 2000 vart det funne 79 karplanteartar, av dei 22 natureng- eller seterplantar. Det vart m.a. talt opp om lag 100 marinøklar på nedsida av våningshuset. Elles var her ein god del brudespore, noko grov nattfiol og prestekrage, sporadisk også sølvmore. I 2009 vart det notert m.a. augnetrøst-art, blåknapp, bråtestorr, engsmelle, grov nattfiol, hårsvæve, heiblåfjør, kjøtttype, knegras, kvitmaure, lækjeveronika, markjordbær, prestekrage, skoggråurt, smalkjempe, småsmelle, sølvmore og stormaure (ufullstendig). Av sopp vart det i 2009 m.a. funne *Agaricus campestris* beitesjampinjong, *Entoloma atrocoeruleum* (2006 og 2010: NT), *Entoloma chalybaeum* var. *lazulinum* svartblå

raudskivesopp (2010: NT), *Entoloma exile* flammefotraudskivesopp, *Entoloma lividocyanulum* blyblå raudskivesopp, *Entoloma minutum*, *Entoloma prunuloides* mjølraudskivesopp (2006: NT, 2010: VU), *Hygrocybe coccinea* mønjevokssopp, *Hygrocybe flavipes* gulfotvokssopp (2006 og 2010: NT), *Hygrocybe glutinipes* limvokssopp, *Hygrocybe ingrata* raudnande lutvokssopp (2006: NT, 2010: VU), *Hygrocybe insipida* liten vokssopp, *Hygrocybe reidii* honningvokssopp og *Mycena flavoalba* elfenbeinhette. I 2000 vart det dessutan funne blåstilka raudskivesopp *Entoloma asprellum*, bronseraudskivesopp *Entoloma formosum*, semska raudskivesopp *Entoloma jubatum* (2006 og 2010: NT), kantarellvokssopp, skjørvokssopp og grøn vokssopp.

**Bruk, tilstand og påverknad:** Kleivberg vart første gong nemnt i skriftlege kjelder 1603. I 1665 var fønaden 7 naut og 1 hest, i 1723 1 hest, 5-3 kyr, 2 ungfø, 4 sauer og 5 geiter, i 1865 5 kyr, 16 geiter, 10-12 sauer og 1 hest. Avlinga var m.a. 30 lass hø og 600 lauvkjerv. Grunneigaren, som dreiv med sau i meir enn 30 år, har fortalt (til Silke Hansen i 2001) at her aldri har vore gjødsla med kunstgjødsla (så nær som ein småteig). Området var framleis delvis slått i 2009.

**Framande artar:** Ingen observerte artar.

**Skjøtsel og omsyn:** Det er svært viktig med framhald i slått, helst kombinert med beiting. Fysiske inngrep, gjødsling og sprøyting bør unngåast, i alle høve bør ein ikkje gjødsla meir enn tidlegare.

**Del av heilskapleg landskap:** Klevberg utgjer i dag framleis ein del av eit større og verdifullt kulturlandskap i vestlege del av Liabygda, med Ansok, Klevberg, Grova, Ansoksetra, Hammaren og Klevbergsetra (der også Grova setra). Klevberg og dei andre plassene/bruka har for det meste kontinuitet i drift og er i god hevd. Området er godt synleg frå Sunnlyvsfjorden og Norddalsfjorden. Vegen til Ansok gjer området lett tilgjengeleg. Dei velhaldne plassane, utsikta og stinettet gjer området attraktivt for friluftsliv. Dei mange blomsterrike slåtteengane med stort biologisk mangfold er ein svært viktig kvalitet i området.

**Grunngjeving for verdisetting:** Lokaliteten får verdi A (svært viktig) på grunn av at det er ei intakt og velutvikla slåttemark med mange planteartar og seks raudlisteartar av beitemarkssopp.

## Uprioriterte lokaliteter

Nedanfor (tabell 7) er det sett opp eit oversyn over 27 lokalitetar (som ikkje låg i Naturbase på førehand) som er vurderte under feltarbeidet i 2009-2010, men der ein ikkje har funne tilstrekkelege verdiar til å avgrensa naturtypelokalitetar. Alle desse er lokalitetar som ut frå tidlegare undersøkingar, kart eller andre vurderingar såg ut til å kunne innehalda potensielle naturtypelokalitetar. Dessutan er det i tabell 8 teke med fire lokalitetar som på førehand låg i Naturbase, men der ein no meiner å ha grunnlag for at dei bør fjernast (overførast til verdi D - uprioritert).

*Tabell 7. Område frå Storfjordprosjektet (ikkje i Naturbase) som er vurdert under feltarbeidet, men der ein ikkje har avgrensa naturtypelokalitetar. ID er lokalitetsnummer nytta i Storfjordprosjektet. Nokre lokalitetar er oppsøkt, men dei fleste er forkasta etter avstandsbetraktning i 2009-2010. BB=Bolette Bele, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG=Karl Johan Grimstad, LS=Liv Sterten, SH=Silke Hansen. Ytterlegare 50 lokalitetar er forkasta utan feltvurdering (opplista i forprosjektet).*

ID	Kommune	Lokalitet	UTM	H	Undersøkt	Vurdering 2009-2010
13909	Norrdal	Eidsdal: Eide	MP 038 973	440	09.07.2002, SH	Stort sett gjødsla beite, uprioritert.
13160	Norrdal	Norrdalsfjorden: Aust for Osvik	MQ 133 067	100	20.08.1997, JBJ	Tørreng- og tørrbergvegetasjon, ikkje stadfesta med GPS. Avstandsbetrakta 04.08.2009. Området verkar i sterk attgroing og har truleg ikkje lenger vesentlege biologiske verdiar knytt til kulturpåverknad (avstandsbedømt med kikkert), uprioritert.
13920	Norrdal	Norrdalsfjorden: Ospahjell	MQ 033 062		27.06.2002, SH, JBJ	For attgrodd (kikkertbetraktning 2002 og 2010), uprioritert.
13420	Norrdal	Sunnylvsfjorden: Smoge	LQ 982 018	270	15.08.2001, LS, SH, JBJ	Det fanst 2001 intakte tørrberg/tørrenger, desse er ikkje muleg å avgrensa på flybilete, verka attgrodd i 2010 (teleskop frå Liene), uprioritert.
13430	Norrdal	Sunnylvsfjorden: Smogelia	LQ 985 012	350	15.08.2001, LS, SH, JBJ	Det fanst 2001 ei lita slåtteeing ovanfor fjøset, verka attgrodd i 2010 (teleskop frå Liene), uprioritert.
13912	Norrdal	Valldalen: Furnes	MQ 181 136	200	03.07.2002, SH	I 2002 funne m.a. grov nattfiol, prestekrage, hårsvæve, harerug. Oppsøkt til fots 03.09.2009, ovanfor husa for attgrodd, uprioritert
13640	Norrdal	Valldalen: Grønning	MQ 237 118	310	11.08.2001, SH	Fattig beite. Oppsøkt til fots 03.09.2009, artsfattig, uprioritert.
13800	Norrdal	Valldalen: Langdalen	MQ 255 154	410	01.07.2002, LS, SH, BB	Beita snøraseng på vestsida avstandsvurdert 03.09.2009, dominert av boreal lynghei, uprioritert.
13520	Norrdal	Valldalen: Omnosetra	MQ 148 141	300	10.08.2001, SH	Innslag av frisk fattigeng, attgroande, fattig og tilplanta med gran, uprioritert.
13340	Norrdal	Valldalen: Slettvikane	MQ 298 217	720	04.09.1995, GGa & JBJ	Elveskapt sandslette i trelaust landskap, passar ikkje heilt til prioriterte naturtypar, avstandsvurdert 03.09.2009, mest lyngdominert, uprioritert.
12540	Stordal	Røysetdalen: Løset og skulehuset mellom Løset og Øyane	MQ 152 009	120	05.07.2002, SH	I området finst beitemark som i 2010 er vurdert som for nitrofil (gjødsla), uprioritert.
12550	Stordal	Røysetdalen: Øyane	MQ 011 143	180	07.07.2002, SH	I området finst beitemark som i 2010 er vurdert som for nitrofil (gjødsla), uprioritert.
12320	Stordal	Strandsida: Vidhammar	LQ 911 199	50	07.08.2001, LS, JBJ	Avstandsvurdert frå Stordal 16.06.2010, verka attgroande, uprioritert.
12325	Stordal	Strandsida: Vidhammar: Jelleplassen	LQ 911 199	50	07.08.2001, LS, JBJ	Avstandsvurdert frå Stordal 16.06.2010, verka attgroande, uprioritert.
12270	Stordal	Strandsida: Korsadalen	LQ 904 192	280	08.08.2001, LS	Avstandsvurdert frå Stordal 16.06.2010, verka attgroande, uprioritert.
11090	Stranda	Geirangerfjorden: Blomberg (Holten)	LP 975 848	410	14.08.2001, SH, JBJ	Lite aktuell som slåttemark i 2001 (artsfattig, nitrofil attgroingseng). Avstandsvurdert 2010, verka attgroande, men litt slått nær husa, uprioritert.
11120	Stranda	Geirangerfjorden: Syltevik	LP 970 852	0-30	14.08.2001, SH, JBJ	Lokaliteten inneheld mest nitrofil attgroingsmark. Avstandsvurdert 2010, verka attgroande, uprioritert.

ID	Kommune	Lokalitet	UTM	H	Undersøkt	Vurdering 2009-2010
11740	Stranda	Norangsdaalen: beitemark nord for Fivelstadhaugen	LP 818 888	340	01.07.2002, SH	Avstandsbetrakta 2010, består mest av boreal hei beita av geit, uprioritert.
11190	Stranda	Storfjorden: Uranes	LQ 943 127	20	08.08.2001, LS	Kulturpåverknaden er i ferd med å viskast ut, og dei attverande opne områda kan vera sørvendt berg og rasmark og inngå i edellauvskogslokalitet (BN00008308, Gravavika-Urdaneset) som no.
11410	Stranda	Sunnlyvsfjorden: Åsen, 3 bruk	LP 897 853	180	28.06.2002, LS, BB	For det meste gjødsla eller i attgroing, små potensielle slåttemarker eller naturbeitemarker kan finnast som små element, avstandsbetrakta 2010, uprioritert.
11650	Stranda	Sunnlyvsfjorden: Furnes	LP 958 919	420	Avstands- betrakta, JBJ	Truleg attgrodd, gammeleng (G14) (bedømt ut frå foto i Bruaset 1991 s. 56). Avstandsbetrakta 2010 frå Ljåen, uprioritert.
11080	Stranda	Sunnlyvsfjorden: Oaldsbygda: Midtgarden	LP 977 933	280	Avstands- betrakta JBJ 12.06.2006	Lokaliteten inneheld mest nitrofil attgroingsmark. Avstandsvurdert frå Liene 2010, verka attgroande, uprioritert.
11081	Stranda	Sunnlyvsfjorden: Oaldsbygda: Øvstegarden	LP 981 932	320	Avstands- betrakta JBJ 12.06.2006	Lokaliteten inneheld mest nitrofil attgroingsmark. Avstandsvurdert frå Liene 2010, verka attgroande, uprioritert.
11082	Stranda	Sunnlyvsfjorden: Oaldsbygda: Seljeflot	LP 974 937	60	Avstands- betrakta JBJ 12.06.2006	Lokaliteten inneheld mest nitrofil attgroingsmark. Avstandsvurdert frå Liene 2010, verka attgroande, uprioritert.
11083	Stranda	Sunnlyvsfjorden: Oaldsbygda: Stokke	LP 976 939	100	Avstands- betrakta JBJ 12.06.2006	Lokaliteten inneheld mest nitrofil attgroingsmark. Avstandsvurdert frå Liene 2010, verka attgroande, uprioritert.
11680	Stranda	Geirangerfjorden: Bringa	MP 019 894		20.06.00, 27.05.00, 12.06.00, 21.06.00, DH & KJG	Sterkt attgrodd, idag edellauvskog og sørvendt berg og rasmark, uprioritert som kulturlandskap.
11670	Stranda	Geirangerfjorden: Horvadraget	LP 996 868	220	Avstands- betrakta 10.08.2010, JBJ	Sterkt attgrodd, idag edellauvskog og sørvendt berg og rasmark, uprioritert som kulturlandskap.

Tabell 8. Naturbaselokalitetar som er vurdert under feltarbeidet i 2009-2010 og som vart forkasta og bør overførast til verdi D (uprioritert). ID er lokalitetsnummer nytta i Storfjordprosjektet, IID i Naturbase. JBJ=John Bjarne Jordal.

ID	IID	Komm.	Lokalitet	UTM	H	Undersøkt	Vurdering 2009-2010
13170	BN0000-8414	Norrdal	Norrdalsfjorden: Osvik	MQ 125 068	0	20.08.1997, JBJ	Avstandsbetrakta med teleskop 2010. Området verkar anten fulldyrka eller i sterk attgroing og har truleg ikkje vesentlege biologiske verdiar knytt til kulturlandskapet, bør flyttast til uprioritert (D). Det kan likevel vera B01-lokalitetar.
13220	BN0000-8390	Norrdal	Tafjord: Kaldhussætra	MP 185 924	580	19.08.1997, JBJ	Oppsøkt 04.08.2009. Området verkar i sterk attgroing og har truleg ikkje lenger biologiske verdiar knytt til kulturlandskapet, bør flyttast til uprioritert (D).
13190	BN0000-8419	Norrdal	Norrdalsfjorden: Verpesdal	MQ 017 057	280	12.09.1997, JBJ	Avstandsbetrakta med teleskop 2010. Området verkar i sterk attgroing og har truleg ikkje lenger biologiske verdiar knytt til kulturlandskapet, bør flyttast til uprioritert (D).
13280	BN0000-8420	Norrdal	Tafjorden: Kastet	MQ 138 058	120	20.08.1997, JBJ	Avstandsbetrakta 04.08.2009. Området verkar heilt attgrodd og har truleg ikkje lenger vesentlege biologiske verdiar knytt til kulturlandskapet (avstandsbedømt med kikkert), bør flyttast til uprioritert (D).

## Vurdering av kunnskapsstatus og attståande arbeid

Storfjordområdet på Sunnmøre er eit område som er rikt på tradisjonelt kulturlandskap, med eit stort tal lokalitetar tilhøyrande prioriterte naturtypar etter DN-handbok nr. 13. Truleg er dette eit av dei rikare og viktigare områda både regionalt og nasjonalt når det gjeld t.d. naturbeitemark og slåttemark. Det er lagt ned ein del arbeid for å koma dit vi er i dag, med kunnskap om kanskje eit par hundre kulturlandskapslokalitetar i kommunane Stordal, Stranda og Norddal. I det opprinnelege Storfjordprosjektet og andre prosjekt (omtala i innleiinga) finst det framleis opplysningar om område som kan innehalda prioriterte naturtypar. Etter vurderingar i forprosjektet og seinare har ein samla desse potensielle lokalitetane i tabell 9, totalt 17 lokalitetar som det ikkje vart tid til å oppsøkje i 2009-2010.

Dessutan viser diverse undersøkingar at ei gjennomsnittleg kommunal naturtypekartlegging berre avdekkjer rundt 30% av det totale som finst (Gaarder et al. 2007). Likevel viser det seg at mange av dei som ikkje er funne og skildra ofte er små og ligg litt utanfor allfarveg. Ein kan derfor rekna med at dei fleste av dei store lokalitetane er komne med. Dessutan er Storfjordområdet betre undersøkt enn ei gjennomsnittleg kommunekartlegging. Ein vil difor kanskje tru at minst 50% av det totale arealet og kanskje 60-70% av tal lokalitetar er funne og skildra med dette. Sjølv om Storfjordprosjektet var omfattande viser resultatane i denne rapporten at det er muleg å finna ei rekkje nye, hittil uoppdaga lokalitetar med målretta leiting. I område som er rike på prioriterte naturtypar må ein nytta meir ressursar på kartlegging enn i mindre rike område. Det er å håpa at Storfjordområdet kan få ressursar både til meir skjøtsel og fleire undersøkingar i tida som kjem.

Tabell 9. Lokalitetar frå Storfjordprosjektet (ikkje i Naturbase) som kunne ha vore sjekka med feltarbeid, der det ikkje vart tid i 2009-2010. ID er lokalitetsnummer nytta i Storfjordprosjektet. BB=Bolette Bele, DH=Dag Holtan, GGa=Geir Gaarder, JBJ=John Bjarne Jordal, KJG=Karl Johan Grimstad, LS=Liv Sterten, SH=Silke Hansen.

ID	Kommune	Lokalitet	UTM	H	Undersøkt	Vurdering 2009-2010
13680	Norddal	Linge: Byrkjehjellen	MQ 076 088	540	09.08.2001, SH	Frisk fattigeng med potensiale, einskilde interessante artar.
13700	Norddal	Eidsdal: Framgardssætra (Rønnebergsetra)	MQ 027 014	500	Stoknes (1995)	Dårlege biologiske data, men kan ha interessante element.
13560	Norddal	Eidsdal: Kleiva	MQ 045 005	480	24.07.2001, SH	Ein del kultureng og sølvbunkeeng, men ut frå artslista kan biologisk interessante element finnast aust for Kleiva.
13570	Norddal	Eidsdal: Løvoll	MQ 045 993	540	24.07.2001, SH	Ein del attgroande, men ut frå artslista kan biologisk interessante element finnast aust for Løvoll.
13580	Norddal	Eidsdal: Øygardssætra	MQ 029 005	520	24.07.2001, SH	Open og grasdominert setervoll, dårlege biologiske data.
13810	Norddal	Valldalen: Gjerde	MQ 158 124	100	01.07.2002, SH, BB	Ikkje digitalisert. Kan ha interessante element (artsrik kantvegetasjon med m.a. orkidear etter artsrik slåtteeeng, m.a. brudespore og grov nattfiol)
13650	Norddal	Valldalen: Grønningseter	MQ 260 125	330	12.08.2001, SH	NB todelt polygon. Kan ha aktuelle element ("Kantsonene er blomsterrike og inneheld fleire naturengplanter som småengkall, blåklokke, harerug")
13914	Norddal	Valldalen: Høyhjelle	MQ 251 135	360	01.07.2002, LS, SH, BB	Kan innehalda aktuelle element ("Natureng med bl.a. skogmarihand rundt eit bruk").
13790	Norddal	Valldalen: Krikane	MQ 242 127	320	01.07.2002, SH, LS, BB	Var i attgroing i 2002. Kan likevel innehalda interessante element, einskilde interessante artar (kattefot, småengkall, jonsokkoll).
13919	Norddal	Valldalen: Myra	MQ 203 123	190	06.07.2002, SH	Kulturenger og område med høgstauder. Området inneheld og ei gammal slåtteeeng med småengkall
13922	Norddal	Dalsbygda: Dale	MQ 090 032	80	23.07.1998, DH & KJG, SH	Biologisk interessant område. Er del av registrert naturtypelok. BN00008429 (sørvendt berg og rasmark), bør noko endrast til kulturlandskap?
13850	Norddal	Fjørå: Sjølbøskor, Gjærbakkene	MQ 122 088	360	25.06.2002, LS, BB	Delvis gjødsla slåttemark, men tildels stort innslag av prestekrage oa. meir kravfulle artar. Jf. kalkskog BN00038814.

ID	Kommune	Lokalitet	UTM	H	Undersøkt	Vurdering 2009-2010
13890	Norrdal	Tafjord: Tafjord sentrum og gardane omkring	MQ 174 009	0	28.06.2002, BB, LS	Upresist avgrensa. Kan ha aktuelle smålokalitetar (raudknapp, dunhavre, gulmaure, villauk mm). Jf. kalkskog BN00044739 Onilsafeltet.
13750	Norrdal	Valldalen: Berli	MQ 166 132	150	01.07.2002, SH, BB, LS	Slåttemark med fleire interessante artar (grov nattfiol, prestekrage, kvitmaure, brudespore).
13670	Norrdal	Valldalen: Omnos	MQ 147 135	60	10.08.2001, SH	Inneheld ei gammal slåtteeing i tidleg attgroing (2001), fleire interessante artar.
11130	Stranda	Liabygda: Ansoksætra	LQ 979 114	540	12.08.2001, LS	Innslag av flekkvis frisk fattigeng og einskilde naturengplanter i 2001.
11400	Stranda	Sunnylven: Langedalen: Røyarhus	LP 833 780	500	28.06.2002, BB, LS	Intakt geitebeite (2002) med fattig naturbeitemark.

## KJELDER

Lista nedanfor inneheld også kjelder som ikkje inneheld stadfesta informasjon frå undersøkingsområdet, men som er brukte for å belysa tema i dei generelle delene av rapporten, eller i bestemmingsarbeid, verdisetting, diskusjon m.m.

- Aksdal, S. 1994. Nasjonal registrering av verdfulle kulturlandskap i Møre og Romsdal. – Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga.
- Ansok, S. 1970. Eld som slokna. Artiklar om fråflytte fjell- og strandgardar ved Geirangerfjorden, Sunnlyvsfjorden, Norddalsfjorden og Tafjorden. Stranda. 5. opplag 1992, 181 s.
- Ansok, S. 1973. Far etter folk. Stranda Sogemnd. 3. opplag 1982, 167 s.
- Asdøl, K., Moe, A. & Mykland, H. C. 1991. Skjøtselsplan for Møll og Grande i Geiranger. - Hovedoppgave, Telemark DH, Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Artsdatabanken 2007. Data om raudlistearter: <http://www.artsdatabanken.no/>
- Artskart 2010. En karttjeneste fra Artsdatabanken (<http://artskart.artsdatabanken.no/>)
- Bele, B. & Norderhaug, A. 2008. Skjøtselsplan for Møllstunet og omkringliggende områder, Geiranger, Stranda kommune. Bioforsk rapport nr. 10-2008. 37 s.
- Betten, O. & Hovde, A. 2003. Framlegg til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde. Verneplan og konsekvensutgreiing - Høyringsutkast. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, rapport 2003:2. 36 s + kart.
- Boertmann, D. 1995. Vokshatte. Nordeuropas svampe - bind 1. Foreningen til Svampekundskabens Fremme. 184 s.
- Direktoratet for naturforvaltning 2007. DN-handbok nr. 13, 2 utgåve. <http://www.naturforvaltning.no/archive/attachments/02/123/Hndbo001.pdf>
- Fremstad, E. & Moen, A. (red.) 2001. Truete vegetasjonstyper i Norge. NTNU rapport botanisk serie 2001-4, 231 s.
- Fremstad, E. 1997. Vegetasjonstyper i Norge. NINA Temahefte 12. 279 s.
- Frisvoll, A. A., Elvebakk, A., Flatberg, K.I. & Økland, R.H. 1995. Sjekklister over norske mosar. Vitenskapeleg og norsk namneverk. NINA Temahefte 4: 1-104.
- GBIF (Global Biodiversity Information Facility) Norge 2009. Søkbar artsdatabase ([http://norbif.uio.no:8080/gbif\\_db.html](http://norbif.uio.no:8080/gbif_db.html))
- Gjerding, J. 1935. Øydebruk i Sunnlyven og Geiranger. Eige forlag, Hellesylt. 78 s.
- Gulden, G., Bendiksen, E., Brandrud, T. E., Ryvarde, L., Sivertsen, S. & Smith, O. 1996. Norske soppsnavn. Fungiflora. 137 s.
- Gaarder, G., Holtan, D. & Jordal, J. B. 2001. Biologisk mangfald innafor Geiranger-Herdal landskapsvernområde. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Miljøvernavingdelinga, rapport 2001:03. 76 s. + kart.
- Gaarder, G., Holtan, D., Jordal, J.B., Larsen, P.G. & Oldervik, F.G. 2005. Marklevende sopper i hasselrike skoger og mineralrike furuskoger i Møre og Romsdal. Møre og Romsdal Fylke, Areal- og miljøvernavingd. rapport 3 - 2005, 77 s. + 30 s. vedlegg.
- Gaarder, G., Larsen, B.H. & Melby, M.W. 2007. Ressursbehov ved kvalitetssikring og nykartlegging av naturtyper. Miljøfaglig Utredning rapport 2007-15. 85 s.
- Hallingbäck, T. & Holmåsén, I. 1985. Mossor. En fälthandbok. Interpublishing, Stockholm. 288s
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 1997. Nordic Macromycetes Vol. 3. Heterobasoid, aphyllorphoroid and gasteromycetoid Basidiomycetes. Nordsvamp, København, 444 s.
- Hansen, L. & Knudsen, H. (ed.) 2000. Nordic Macromycetes Vol. 1. Ascomycetes. Nordsvamp, København, 309 s.
- Holtan, D. 2008. Olivinskogene i Norge – en oppsummering av status og verdi. Møre og Romsdal fylke, Areal- og miljøvernavingdelinga, rapport 2008 – 6. 53 s.
- Holtan, D. & Grimstad, K. J. 2000. Kartlegging av biologisk mangfald i Norddal - biologiske undersøkingar i 1999. Norddal kommune, rapport. 96 s.
- Holtan, D. & Grimstad, K. J. 2001. På jakt etter kvitkurle *Leucorchis albida* L. ssp. *albida* på Sunnmøre. Blyttia 59:22-30.
- Holtan, D. & Grimstad, K. J. 2004. Biologisk mangfald i Stranda kommune. Kartleggingsrapport 2000. Stranda kommune, rapport. 127 s. + kart.

- Jordal, J. B. 1997. Sopp i naturbeitemarker i Norge. En kunnskapsstatus over utbredelse, økologi, indikatorverdi og trusler i et europeisk perspektiv. Direktoratet for Naturforvaltning, Utredning for DN nr. 6- 1997. 112 s.
- Jordal, J. B., 2001. Grynknollsliresopp (*Squamanita paradoxa*) i Norge. *Blekkoppen* 28 (83):6-8.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1995. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1994. Beitemarkssopp og planter i naturenger og naturbeitemarker. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport 2-1995. 95 s.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G., 1997. Biologiske undersøkelser i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1995-1996. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 97. 178 s.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1998. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal i 1997-98. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 2 - 98. 117 s.
- Jordal, J. B. & Gaarder, G. 1999. Biologiske undersøkingar i kulturlandskapet i Møre og Romsdal 1992-98. Samlerapport. Fylkesmannen i Møre og Romsdal, Landbruksavd. Rapport nr. 1 - 99: 278 s. + kart.
